

# **Årsrapport 2008**

**Fylkesmannen i Hordaland**

## Innhold

|   |         |
|---|---------|
| <b>Kapittel 1 - Om embetet</b>                  | Side 3  |
| <b>Kapittel 2 - Sentrale politiske føringar</b> | Side 4  |
| <b>Kapittel 3 - Resultatområder</b>             | Side 12 |
| Kongehuset                                      | Side 12 |
| Miljøverndepartementet                          | Side 12 |
| Landbruks- og matdepartementet                  | Side 14 |
| Kunnskapsdepartementet                          | Side 26 |
| Barne- og likestillingsdepartementet            | Side 38 |
| Justis- og politidepartementet                  | Side 40 |
| Kommunal- og regionaldepartementet              | Side 45 |
| Arbeids- og inkluderingsdepartementet           | Side 49 |
| Helse- og omsorgsdepartementet                  | Side 54 |
| Statens Helsetilsyn                             | Side 69 |
| Samferdselsdepartementet                        | Side 71 |
| Utenriksdepartementet                           | Side 71 |
| Kultur- og kirkedepartementet                   | Side 72 |
| Fomyings- og administrasjonsdepartementet       | Side 72 |

## Kapittel 1 - Om embetet

### 1.1 Tilstanden i embetet og fylket – generelt

Årsrapporten frå Fylkesmannen i Hordaland viser breidde og variasjon i oppgåvene med klagesaksbehandling, utøvande forvaltningsmynde, tilsyn og kontroll. Embetet legg stor vekt på kvalitet i saksbehandlinga og kort saksbehandlingstid. Det er viktig at brukarane opplever at det er tilfelle.

Fylkesmannsembetet er eit informasjonspunkt og arrangerer årleg over 60 konferansar og seminar for kommunar, institusjonar, friviljuge organisasjonar og andre.

Fylkesmannen har eit særlig samordningsansvar for all offentleg forvaltning i fylket. Gjennom kommunemøte, regionmøte, konferansar, seminar og regionalt statsettleiarforum i Hordaland utøver vi dette ansvaret på ein aktiv måte.

Dei seinare åra har vore prega av høg økonomisk aktivitet og press på verna områder. Embetet har i 2008 hatt særskilt fokus på arbeidet med klagesaker etter Plan- og bygningslova på grunn av stor auke i saksmengde. Vidare har arbeidet med Omsorgsplan 2015 krevd auka innsats.

Folketal pr. 1. januar 2009 syner at Hordaland framleis veks meir enn landet samla, men det er store regionale skilnader. Omlandkommunar til Bergen har hatt opp til tosifra prosentvis vekst i folketalet dei siste fem åra, mens innlandskommunanen har hatt ein jamn tilbakegong.

Etter eit svært godt år i 2006 for kommuneøkonomien, fekk vi ei svekking for 2007. Vi ventar at tala for 2008 vil vere ennå svakare. Eit uttrykk for den økonomiske ståa er utviklinga innan eigedomsskatt. I 2006 hadde vi fem kommunar med **generell** eigedomsskatt (talet var egentlig seks, men ein kommune avvikla). Ved siste årsskifte ser vi at 15 kommunar har innført eller vedtatt å innføre generell eigedomsskatt.

### 1.2 Rapportering på ressursbruk

Fylkesmannen i Hordaland hadde i 2008 ei budsjetttramme på 89,4 mill. kroner inkludert overføring frå 2007 og overskridingsfullmakter. På grunn av store etterslep frå 2007 vart overskuddet kraftig redusert i 2008 i høve til 2007. I tillegg vart det sett i verk nye og varige tiltak som vil medføre auke i framtidige faste utgifter.

#### 1.2.1 Embetet som helhet

##### Spesielt om nokre områder

Resultatområde 64 (offentlegheitslova) .  
ressursar i kommande år grunna opplæring i ny lov

Det vil gå med større

Resultatområde 66.1 Byggesaker.  
ressursar framover. Området har vert styrka siste halvdel av 2008 samstundes som det har vore innleid ressursar. Ved ein fortsatt auka bemanning i høve til saksmengda vil framtidig ressursbruk verte høgare. Det vil også verte naudsamnt med auka innsats innan opplæring om ny lov.

Det vil gå med større

Resultatområde 45 Tilsyn med barnevernsinstitusjoner. Det er naudsamnt med auka ressursar framover for å møte krava.

Resultatområde 82 Tilsyn og klagersaksbehandling etter helsetjenestelovgivningen. Det er naudsamnt med auka ressursar framover for å møte krava.

| Departement                               | FMHO         |              | Sum          |              |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|
|   | 1510 Fagdep. | 1510 Fagdep. | 1510 Fagdep. | 1510 Fagdep. |
| Kongehuset                                | 7            | 0            | 7            | 0            |
| Fomyings- og administrasjonsdepartementet | 2            |              | 2            | 0            |
| Arbeids- og inkluderingsdepartementet     | 238          | 23           | 238          | 23           |
| Barne- og likestillingsdepartementet      | 344          |              | 344          | 0            |
| Helse- og omsorgsdepartementet            | 365          | 425          | 365          | 425          |
| Statens Helsetilsyn                       |              |              | 0            | 0            |
| Justis- og politidepartementet            | 364          |              | 364          | 0            |

|                                    |      |      |      |
|------------------------------------|------|------|------|
| Kommunal- og regionaldepartementet | 580  | 580  | 0    |
| Kultur- og kirkedepartementet      | 18   | 18   | 0    |
| Kunnskapsdepartementet             | 565  | 213  | 565  |
| Landbruks- og matdepartementet     | 1118 | 1118 | 0    |
| Utenriksdepartementet              | 15   | 15   | 0    |
| Samferdselsdepartementet           | 6    | 6    | 0    |
| Miljøverndepartementet             | 1087 | 122  | 1087 |
| Administrasjon                     | 1089 | 1089 | 0    |
| Embetsledelse                      | 90   | 90   | 0    |
| Sum:                               | 5888 | 783  | 5888 |

## 1.2.2 Det administrative området

| Område  | FMHO                | Sum                 |
|---|---------------------|---------------------|
|   | <b>1510 Fagdep.</b> | <b>1510 Fagdep.</b> |
| Embetsledelse (FM og ass. FM)                               | 90                  | 90                  |
| Administrativ ledelse (adm sjef el. tilsvarende)            | 45                  | 45                  |
| Arkiv   | 435                 | 435                 |
| Regnskap og lønn  | 203                 | 203                 |
| Personal  | 112                 | 112                 |
| IKT   | 135                 | 135                 |
| Informasjon   | 23                  | 23                  |
| Ekspedisjon/forværelse                                      | 136                 | 136                 |
| Statens hus (vaktmester, kantinge, sentralbord, renhold mm) |                     | 0                   |
| Landsdekkende oppgaver på administrativt område             |                     | 0                   |
| Sum:  | 1179                | 1179                |

## 1.3 Andre forhold

# Kapittel 2 - Sentrale politiske føringar

## 2.1 Generelle samordningsoppgåver. Fornyng av offentleg sektor

Fylkesmannen i Hordaland har i 2008 fortsett arbeidet med å samordne statlege etatar i fylket/regionen. Det er oppretta et eige statsetatsleiarforum som vert samla med jamne mellomrom. Forumet organiserar også eit årleg seminar over to dagar med kommuneleing der aktuelle tema vert tekne opp til diskusjon. I år var vegutfordringar på Vestlandet, ulovleg bygging, NAV, brann- og redningsteneste, asylpolitikk og miljøforvaltning i kommunane hovudtema.

Fylkesmannen personleg leiar fylkesberedskapsrådet. Rådet samlar regionale aktørar med relevans til beredskapssituasjonen. I rådet inngår statlege organ, kommunar og andre organisasjonar/bedrifter.

Fylkesmannen sine avdelingar legg vekt på samordning etter fagområde og oppgåve, men for 2008 kan spesielt tema barn og unges oppvekstmiljø, samfunnssikkerheit og beredskap, samordna informasjonsstrategi og samordning innan plansaker nemnast. Kvar 14. dag blir det haldt internt møte med avdelingsleiarane – noko som bidrar til samordning innetter og utetter.

Embetet deltar på regionmøte i fylket saman med andre regionale statsetatar. Fylkesmannen deltar i regionstyret for Innovasjon Noreg, og deltek aktivt i fylkeskommunen sitt arbeid med regional utviklingsplan og regional næringsutvikling.

Det eksisterer eit tverrfagleg forum for plansaker internt på embetet. Forumet er med jamne mellomrom utvida til å også omfatte Fylkeskommunen .

Fylkesmannen orienterer vidare kommunen om rettigheter og plikter på dei ulike saksfelt, og gir rettleiing generell sakshandsaming og bruk av lovverk for å sikra kvaliteten på sakshandsaminga.

Fylkesmannen har orientert internt i embetet om Kap 10a. Det er og avhelde orienteringar for kommunane i fylket og relevante statsetatar. Det er arrangert eit dialogmøte mellom Arbeidstilsynet og Etne kommune, pleie og omsorg.

Fylkesmannen har vært engasjert av Statens Forurensningstilsyn (SFT) og Direktoratet for Naturforvaltning (DN) for å undersøke hvordan kommunen forholder seg som forvalter av miljøregelverket. Oppdraget gikk ut på å utarbeide og avholde kurs i systemrevisjon som tilsynsmetode for fylkesmennene. Utarbeide kursmaterieil og bistå SFT og DN i den landsomfattende undersøkelsen.

Kommunal og samordnigseniga har og i samarbeid med Utadingsavdelinga avhelde tilsynskurs for kommunane i Telemark og Aust-Agder.

Fylkesmannen har på oppdrag frå Barne- og Likestillingsdepartementet og The Council of the Baltic Sea states utarbeidet og avhelde et kurs i systemrevisjon som tilsynemetode for deltakere frå Estland, Litauen, Latvia og Danmark.

Gjennom tilsyn, rådgeving, sakshandsaming, møter, samlingar og kurs søker embetet å innfri sine oppgåver med omsyn til å orientere om plikter og fridom kommunane har ved innføring av statleg politikk på alle saksfelt.

Embetet arrangerer årleg rundt 60 konferansar/seminar, i hovudsak retta mot kommunane, på ymse fagområde.

Vi har rettleia kommunane i bruk av KOSTRA, både rekneskapsføring og rapportering. Vi har òg kvalitetssikra data når vi har funne dette naudsynt. Tal syner at nokre kommunar ikkje overheld frist for rapportering av førebels tall. Særleg er dette merkbar for resultat- og balansetal. Fylkesmannen i Hordaland har tatt dette opp med kommunane i brevs form og ved samlingar og møter. Resultatet er at talet på kommunar som ikkje rapporterte gjekk ned frå 11 i 2006 (2005 tal), via tre i 2007 (2006 tal), til to i 2008. Vi venter på resultat pr. 15. mars for å sjå tilstanden for 2008.

Fylkesmannen har brukt KOSTRA i sin dialog med kommunane og i anna statistikk og har også i år utarbeid ein samanfattande rapport om den økonomiske stoda i alle fylket sine kommunar. Rapporten strekk seg tilbake til 2003. I tillegg er det lagt ut 2007-tal for den einskilde sektor i den einskilde kommune i form av rapportgeneratorar. Rapporten er publisert på heimesida vår og marknadsført overfor kommunane.

Bruken og synleggjeringa av KOSTRA, saman med rettleiing, har auka kvaliteten på tala, også på ta frå rapportering frå kommunale føretak og IKS. Fylkesmannen vil oppretthalde innsatsen overfor kommunane på dette felt i året som kjem.

Vi fordelte opphaveleg ordinære skjønnsmidlar til kommunane for 2008 med 124,8 mill av ei ramme på 130,3 mill. Ufordelt ramme vart satt av til prosjektstønad (kr. 2,5 mill) og generell fordeling (kr. 3 mill). Innanfor prosjektskjønn vart tre kommunar som deltok i kvalitetskommuneprogrammet gitt ekstra skjønnsmidlar. I Embetsoppdraget står at Fylkesmannen skal delta med kompetanse og midlar. Vi har deltatt med midlar og stilt vår kompetanse til rådvelde, men KS er ikkje interessert i å nytte seg av denne noko vi beklagar. Dette gjeld ikkje berre Hordaland.

Fylkesmannen har gitt stønad til kommunar i kvalitetskommuneprogrammet og har stilt sin kompetanse til rådvelde. I likhet med mange andre fylkesmannsembeter har ikkje KS ønska å nytte denne kompetansen direkte i Kvalitetskommuneprogrammet, og har antakeleg sett seg nøgd med at deltakande kommunar mottar stønad.

Fylkesmannen har medverka i arbeidet med programmet "Livskraftige kommunar – kommunenettverk for miljø- og samfunnsutvikling" i den grad det har blitt etterspurt.

## **2.2 Velferd, helse og personleg tenesteyting**

I 2008 vidareførde vi arbeidet med å førebu kommunane på utfordringane i helse- og omsorgstenestene og har medverka til at desse er sette på dagorden i kommunal planlegging. Informasjon om og forventingar til kommunane er formidla i fleire møte med leiarar og tilsette, det er gitt skriftleg informasjon og vi har brukt nettsida til informasjonsformidling. Vi ser at fleirtalet av kommunane er i ferd med å ruste opp tenestene sine. Mykje blir gjort i samband med Omsorgsplan 2015 og Kompetanseløftet 2015. Frametter blir det viktig å bidra til større merksemd på også å kvalifisere vaksne til arbeid i helse- og omsorgstenestene og behovet for større breidde og vidareutdanning slik at kommunane faktisk vil vere i stand til å ivareta behova til brukarar med svært ulike behov.

Samarbeid internt og imellom kommunane og spesialisthelsetenesta har vore oppe i fleire møte. I 2008 særleg samband med Opptappingsplanen for psykisk helse. Vi har og gitt rettleiing i konkrete saker. Det er inngått

samarbeidsavtaler mellom spesialisthelsetenestene og kommunane. Utfordringa er å gjere avtalane kjende for alt personell, utvikle og følgje ordningane som blir laga for å etterleve avtalane. Personar med psykisk sjukdom og rusmiddelproblem er ei svært utsett gruppe. Tenestetilboda treng vidare opprusting både kapasitets- og kompetansemessig. Det omfattar også tenester til og oppfølging av barn av psykisk sjuke og rusmiddelavhengige.

Pasientrettar, brukarmedverknad og individuell plan har vore tema i mange møte og undervist om fleire gonger i løpet av året. Det er gjennomført møte med brukarorganisasjonar for personar med psykisk sjukdom. Alle kommunane har oppretta råd eller representasjonsordning for personar med nedsett funksjonsevne, eventuelt felles råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne. Det er større merksemd på retten til brukarmedverknad, men det fungerer på langt nær godt nok. Det tek uventa lang tid å innarbeidet verktøyet individuell plan og somme stader er det mangel på koordinatorar. Individuell plan er lite brukt for eldre med langvarige og samansette behov for tenester. Det førekjem for ofte at individuelle planar blir utarbeidde, men ikkje evaluerte og oppdaterte.

Helsetilsynet i Hordaland utførte 26 systemrevisjonar med helsetenestene i 2008. Alle tilsyn blir følgde opp til verksemdene har retta svikt i høve til krav i helselovgevinga. På bakgrunn av funn ved tilsyn har vi samarbeidd med Løvåsen sykehjem (undervisningssykehjem) om tiltak for å betre kunnskapen om ernæring til eldre. Vi har og samarbeidd om tiltak for å bidra til betre tann- og munnstell hos eldre på institusjonar og i heimetenestene.

Vi har gitt opplæring i pasientrettslova kapittel 4 A i elleve kurs og vil prioritere å gje rettleiing og opplæring i 2009.

Vi arrangerte konferanse om rettleiaren for helsetenesta om overgrepsmottak samarbeid med Helsedirektoratet med rundt 100 deltakarar frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Alle kommunane som høyrer til Helse Bergen sitt område har avtale med Valdtekstmottaket ved Bergen legevakt. Ni av ti Helse Fonna-kommunar har avtale med Valdtekstmottaket ved Haugesund sjukehus. Jondal kommune har ikkje avtale. Personar som er blitt utsette for vald og overgrep og som høyrer heime i Bergen, får tilbod om psykososial oppfølging ved Livskrisehjelpen ved Bergen legevakt. Personar frå andre kommunar får akutthjelp ved valdtekstmottaket og blir tilviste til psykososial oppfølging i heimkommunen. Fylkesmannen vil, i samarbeid med Kompetansesenter for legevaksmedisin, sjå på behovet for kompetanseheving når det gjeld psykososial oppfølging i 2009.

Fylkesmannen tok kontakt med BUFeat, det regionale ressurscenteret om vald, traumatisk stress og sjølvmoedsførebygging og Bergen kommune straks vi hadde fått oppdraget i sommar. Saman arrangerte vi to dagars samling om helseskadelege tradisjonar (kjønnslemlesting og tvangsekteskap) for helse- og sosialpersonell og tilsette i skule og barnehage 20. og 21. november i Bergen med om lag 90 deltakarar. Her presenterte vi først og fremst handlingsplanar og rettleiarar, men også tilbodet om helsehjelp til omskorne på Kvinneklinikken i Bergen vart grundig presentert.

Vi fekk ikkje inn søknader om tiltak i helsestasjon og skulehelseteneste. Vi søkte difor Helsedirektoratet om å få omdisponere midlar til tiltak direkte retta mot dei miljøa kjønnslemlesting er tradisjon.

Vi deltek aktivt i den regionale partnerskapen for folkehelse og formidlar nasjonale satsingar. Det er gjennom samfunnsplanlegginga at vilkåra for god folkehelse blir lagt. Faglege råd og innspel i planprosessar er eit av tiltak vi har prioritert i 2008. Utjamning av sosiale skilnader i helse føreset tiltak på andre sektorar enn i helsetenestene aleine.

Fylkesmannen har prosjektorganisert arbeidet med Omsorgplan 2015. Dei komande omsorgsutfordringane er sette på dagsordenen. I 2008 er det delt ut 12,9 millionar til å stimulere og støtte kommunane i arbeidet med opplæring og kompetanseutvikling i helse- og omsorgstenestene. Prioriteringane er gjort i samsvar med tilrådingane frå Sosial- og helsedirektoratet. Det er gjeve tilskot til 29 kommunar. Fagskoleutdanning i eldreomsorg og i psykisk helsearbeid starta opp hausten 2008. Fleire studieplassar var ledige. Vi ventar at det kjem fleire søkjarar i 2009 når utdanningstilbodet blir betre kjent.

Vi har innhenta opplysningar frå kommunane om planlagde og vedtekne byggjeprojekt fram til 2015. Svara viser at dei har planar om å byggje ut eller utbetre om lag 1800 plassar med heildøgns omsorg. Planane omfattar i overkant av 850 nye omsorgsbustader, 350 nye sjukeheimsplassar og utbetring av om lag 550 sjukeheimsplassar. Det er hittil gjort politiske vedtak for vel 1000 av desse. Innan ramma for 2008 har vi gjeve tilråding til Husbanken om tilskot til 60 sjukeheimsplassar og 48 omsorgsbustader.

Vi meiner fleire kommunar har trong for meir legetid i sjukeheimane enn det som kom fram ved innrapporteringa av lokal norm for legetenester. Fleire av dei andre kommunane opplyste at planar for pleie- og omsorgstenestene eller plan for legetenestene i kommunane skulle til politisk behandling i løpet av 2008 og at vedtak om lokal norm for legetenester i sjukeheimane blei gjort i den samanheng. Desse kommunane er bedt om å sende sakutgreiing og

## 2.3 Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling

### Oppvekst, familie, barnehagar og utdanning

Gjennom sitt samordningsansvar følger FM opp dei ulike satsingane retta mot barn og unge sine oppvekst- og levevilkår. Dette blir gjort gjennom ulike former for rettleiing, rådgiving, informasjonsformidling og ulike tiltak for å fremje samarbeid og samordning av tenester, samt gjennom tilsynsverksemda som utgjer hovudarbeidsfeltet for FM si verksemd.

Hovudutfordringa er å få sektorlovgivinga og dei ulike sektorvise satsingane til å bli ein del av den generelle planlegginga. Dette vil gjere at alle faktorar som spelar ei rolle for at barn og unge skal få gode oppveksttilhøve kan spele saman, og bli ivaretekne på ein forsvarleg måte. På embetet følgjer ein opp dette ved tverretatleg samarbeid i Samordningsgruppa for barn og unges oppvekstvilkår og i plangruppa som er knytt opp mot Plan- og bygningslova. Her blir oppfølgingar av embetsoppdraget drøfta og samordna, og tiltak foreslått og initiert, jf særleg årsmelding frå dette arbeidet.

Også i 2008 har det vore stort fokus på å nå målet om full barnehagedekking ut frå Regjeringa sin definisjon av måltala. FM har hatt spesiell oppfølging av dei kommunane, og spesielt Bergen, som har hatt størst utfordringar for å komme i mål. Dette har skjedd gjennom felles møte, m.a. to tverretatlege møte i året med Bergen kommune, informasjon og forventningspresentasjonar i ulike fora, direkte kontakt pr. telefon, e-post og informasjon på nettsidene. Alle kommunane melder at det ser ut som at dei vil oppfylle retten til barnehageplass i 2009.

I 2008 har FM følgd opp kompetansestrategien for m.a. å sikre at kommunane og barnehageeigarane har høgt ambisjonsnivå når det gjeld kvaliteten i barnehagesektoren. Utfordringa er dels å skaffe nok førskulelærarar, og dels å sikre at dei som jobbar i barnehagen har høg og relevant kompetanse.

Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunane utfører dei oppgåvene dei er pålagde som barnehagestyresmakt. I 2008 gjennomførte avdelinga tre tilsyn med kommunane. I to av desse vart det nytta systemrevisjon som metode. FM har gjennomført kursverksemd for kommunane for å sikre høgare kompetanse på kommunenivået.

FM si tilskotsforvaltning på barnehagesektoren er tidkrevjande og inneber omfattande rettleiing, puring og sjekking av informasjonen kommunen sender over som grunnlag for utbetaling. Det er samla sett utbetalt alt kr. 2 263 833 785 i forskjellige formar for tilskot. Vi får mange spørsmål om regelverk og tolking av dette. Dette gjeld generelt dei generelle tilskota og rapportering knytte til desse, men særleg er regelverket om likeverdig behandling krevjande å forvalte, både for kommunane og FM. Vi har teke ansvar for vår eigen kompetanseoppbygging på dette området i samarbeid med andre embete og KD. FM har lagt ned stort arbeid for å sette seg inn i regelverket, konsekvensen og praktiseringa av dette, har hatt kurs / opplæringsverksemd for kommunane, som igjen har hatt positiv profesjonaliserings- og effektiviseringseffekt og medført færre klagesaker.

### Kunnskapsløftet. nasjonale strategiplanar, program og utviklingsoppgåver.

Fylkesmannen har utført arbeidet i høve oppdraget.

Dei statlege kompetansemidlane er tildelte skuleeigarane og dei private skulane og går inn i den samla satsinga kommunane og regionane har samarbeidd om. FM har utført det som er pålagt og følgd opp slik vi har erfart er naudsynt. Dette for å få best mogeleg implementering av føringane for Kunnskapsløftet, dei ulike satsingsområda, nasjonale strategiplanar og utviklingsopplegg. Det inneber nært samarbeid med skuleeigar, universitet og høgskolar, organisasjonar og andre statlege etatar. Vi har etablert eit eige samarbeidsforum for kompetanseutvikling, der alle aktuelle aktørar er med.

Rettleiings- og informasjonsdelen av oppdraget utfører vi ut frå ein samla strategi som inneber bruk av heimesider med peikar til andre relevante nettsider, innlegg på kurs og konferansar, samt svar på ei stor mengd førespurnader som kjem pr. telefon, e-post og brev til Utdanningsavdelinga. Det er ofte vanskeleg å vise til tenesteveg når lærarar og rektorar t.d. vender seg til oss for hjelp. Dei har ofte prøvd å få svar frå overordna, men ikkje lukkast og er blitt viste vidare til FM.

Foreldre og elevar har gjerne vore runden rundt når dei vender seg til FM, og då har dei krav på å bli høyrde og få svar. Dette tek tid, men det er ein viktig funksjon for å sikre vanlege folk sin rettstryggleik i møte med det

offentlege byråkratiet.

### **Klagesaksbehandling.**

Det er ein viss nedgang i talet på klagar, men ikkje i samla arbeidsmengd med klagar. Det samla talet på klagar er 227. Nokre klagar er tidkrevjande, også p.g.a. behov for å innhente utfyllande informasjon, vurdering frå fleire fagpersonar m.m. Mange tek kontakt om reglar i opplæringslova og det som er definert som rettar for elevane. Også regelverket omkring Kunnskapsløftet / læreplanar, samt vurdering, dokumentasjon og vitnemålføring fører med seg mange spørsmål. FM ser dette som naudsynt og effektivt i kvalitetssikringssamanheng.

### **Eksamen, sensur og nasjonale prøver**

Dette er eit viktig og tidkrevjande arbeid. Det har for 2008 gått med 2 årsverk til eksamen i grunn- og vidaregåande opplæring og til nasjonale prøver.

### **Tilsyn**

FM har følgd opp hovudprioriteringa som er å føre tilsyn med skoleeigarar for å sikre at grunnopplæringa blir gjennomført i samsvar med opplæringslova og privatskolelova.

Vi har styrka tilsynsaktiviteten både kvantitativt og kvalitativt, både gjennom fleire gjennomførte tilsyn og involvering av fleire tilsette i ulikt tilsynsarbeid, også det felles nasjonale tilsynet.

Avdelinga har sett i gang eit arbeid for å gjennomføre fleire risikobaserte tilsyn basert på grundige vurderingar med utgangspunkt i det kunnskapsgrunnlaget som er tilgjengeleg; t.d. Skoleporten , GSI, kommunale / fylkeskommunale planar, kommunal dokumentasjon, forskingsrapportar, klagar, oppslag i media m.m.

På barnehageområdet er det også gjennomført tilsyn i høve oppdraget.

Dette gjeld om kommunane gjennom rettleiing og tilsyn sikrar at barnehagane har tilstrekkeleg og forsvarleg bemanning, samt om kommunen som barnehagemynde behandlar søknader om dispensasjon frå utdanningskrav i samsvar med krav i regelverket.

Representantar for Fylkesmannen har også i 2008 gjennomført opplæring for kollegaer i andre embete, om systemrevisjon som metode, samt for kommunar som skal gjennomføre tilsyn på barnehageområdet

### **Barnevern:**

Det er i Hordaland gjennomført 6 tilsyn som ledd i dei landsomfattande tilsyn innan m.a. barnevern. Vidare er det i stor grad gjennomført individtilsyn og med institusjonane. Vi har hatt møte med kommunane om internkontroll samt om nytt regelverk og tilsynsfunn.

## **2.4 Arealdisponering og byggjesaker**

Miljøvernavdelinga er embetet si koordinerande avdeling i plansaker. Arbeidet er høgt prioritert av fylkesmannen. Alle aktuelle avdelingar blir trukke inn i arbeidet med plansaker. Eit avdelingsovergrepande satsingsområde er barn- og unge sine oppvekstvilkår og korleis desse interessene vert sikra i plansammenheng. Det er også starta opp eit eige prosjekt innen arbeidet med oppfølging av ulovlige byggetiltak.

Overordna plansaker og innsats mot å stanse nedbygging av strandsona gjennom planar og dispensasjonar er prioritert høgt. Det same gjeld fylkesplanar der nasjonale areal- og miljømål må formidlast inn i prosessane, som t.d. fylkesdelplanarbeidet for Hardangervidda og fylkesdelplan for små kraftverk. Det er arealtap / press i og over skoggrensa ved hyttebygging og tilhørende infrastruktur. Det er også teke fatt i arbeidet med universell utforming.



Hordaland har framleis ei svært stor saksmengd til høyring etter Plan- og bygningslova. Miljøvernavdelinga handsamar no årleg nær 2.500 planar og dispensasjonssaker. Det vart fremja klage mot 126 kommunale dispensasjonsvedtak i 2008 - av desse 17 i høve til jordvern. Dei aller fleste av dei resterande gjaldt nedbygging i strandsona. Vidare vart det fremja 80 motsegner mot kommunale planvedtak. Også her er hovudkonflikten nedbygging av strandsona, men også fjell/ villreinproblematikk, barn og unge sine interesser, landskap, beredskap, støy og brot på andre nasjonale planretningslinjer/ bestemmelsar er relativt hyppig representert. Tre klager vart retta mot kommunale planvedtak der det var gjort formelle feil i kommunane.

I grensesnittet mellom bygdeutvikling og vern av dyrka jord og verdifullt kulturlandskap, er det ei utfordring å utvikle ei dynamisk arealforvaltning som makter å balansere dei ulike interessekonfliktane. Hovudelementa i dette er differensiert arealforvaltning og god kommunikasjon med kommunar og andre partar. Vi vel difor å ha dei største restriksjonane i pressområde og i område med særskilt verdifullt jordbruksareal/kulturlandskap. I område med fråflytting har vi prøvd å finne gode løysingar for å kunne støtte opp om spennande næringsprosjekt. I 2008 starta vi opp eit arbeid med å lage ei strategi for arealarbeidet (Ny tid for jordvern og kulturlandskap) som skal bidra til ei forutsigbar og framtidretta arealforvaltning.

Kjernearealarbeidet er eit sentralt verktøy som Fylkesmannen har samarbeida med kommunane om å gjennomføre. Pr. 31.12.08 har 11 kommunar gjennomført kjernearealkartlegging i ein eller annan form. I nokre tilfelle er kartlegginga og politisk handsama i kommunen.

For å nå nasjonale mål knytt til jordvern og kulturlandskapsressursar har vi gjennom kommunedialog teke opp dei nye nasjonale måla og forventningar. Landbruksavdelinga har og sett fokus gjennom oppfølging av KOSTRA-arbeidet. I tillegg nyttar vi arbeidet med kulturlandskap, SMIL, RMP og verdifulle jordbrukslandskap til å sette fokus på jordvern og kulturlandskapet sin verdi i samfunnet.

## **2.5 Landbruksbasert næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern**

Fylkesmannen si evne til nyskapning, entreprenørskap og nettverksbygging er avgjerande for at vi skal lukkast med å utvikle landbruket og bygdene våre. På desse felta er vi knytt opp til Fylkeskommunen og Innovasjon Noreg i eit tett og forpliktande samarbeid på mange saksområde. Landbruket og bygdene kan gjennom "Regionalt utviklingsprogram" (RUP) få finansiert gode utviklingsprosjekt for næringa, og fylkesmannen har ein sentral rolle i å initiere slike saker. Det er jamlege dialogmøte mellom partnerskapet og det vert gjennomført felles seminar og møter. Næringsarbeidet i regi av FM har elles følgd linene frå den regionale næringsstrategien for landbruket i Hordaland 2007-2009, som skal rullerast i 2009.

2008 såg lenge ut for å verta eit toppår for skogbruket i Hordaland. Grunna finanskrisa, permittering ved Granvin Bruk og generelt sviktande tømmermarknad gjekk det ikkje slik. Avverkinga vart på 96 000 kbm, og det er likevel det høgaste sidan 1996. Gran og sitkagran står for om lag 90 % av dette. Arbeidet med revidering av strategiplan for skogbruk er nesten ferdig, og med den reknar ein med å ha eit tenleg verktøy for å leggja til rette for auka aktivitet i åra framover. I 2008 vart det avslutta eit toårig informasjonsprosjekt for bioenergi som har vore gjennomført saman med IN og Vestskog. Mål for dette arbeidet er å få etablert fleire biovarmeselskap eigd av landbruket, og knytt til kommunane. Det er fleire kommunar som er godt i gang.

Det har vore eit tett samarbeid med Fagforum Inn på Tunet ift kompetanseoppbygging og marknadsføring av tilbod. Arbeidet med regional handlingsplan for IPT har starta opp, her er det viktig å sjå på oppgåvefordeling og samarbeid mellom aktørane som bidreg.

Fylkesmannen har hatt stor fokus på beite og beitedyr. I 2008 kom vi i gang med prosjekt "Landskap i drift" eit prosjekt for å stimulere til beitesamarbeid og auke talet på beitedyr for å dempe gjengroinga. Dette er eit tett samarbeid med Nortura.

Det er også stor merksemd rundt "prosjekt Landskapsark" der det er fokus på næringsutvikling knytt til landskapet. I dette prosjekter er det bygdane ( 7 stk.) sjølve som i samarbeid utvikler aktivitet og tilbod mot reiselivet.

### *Kontroll:*

Arbeidet med forvaltningskontroll vart gjennomført etter planen. Det blei gjennomført forvaltningskontroll i 9 kommunar i tillegg til fortakskontroll av 10 foretak

Det blei gjennomført kontroll av følgjande ordningar; Produksjonstilskot, Tilskot til bratt areal over regionalt

miljøprogram, Tidlegpensjon for jordbrukarar, Tilskot til skogsvegar.

Fylkesmannen i Hordaland deltok aktivt i oppfølgingsarbeidet omkring *verdensarvområdet Geiranger-/Nærøysfjorden*, og deltar også i verdensarvrådet for sørområdet.

Viktige oppgaver er utført i forbindelse med at Hordaland er koordinator for Hardangervidda nasjonalpark. Revidert forvaltningsplan for Hardangervidda i oversendt Direktoratet for naturforvaltning.

Forslag til forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark har vært gjennom faglig godkjenning i DN.

Fylkesmannen har lagt vekt på å styrke ressursene på naturforvaltningsområdet foran 2009 med sikte på å kunne utarbeide nye forvaltningsplaner med bevaringsmål for viktige verneområder. Dette vil være et av flere grep i forhold til det nasjonale målet om å stanse tapet av biologisk mangfold innen 2010.

Arbeidet med den nye vannforskriften har vært prioritert i 2008. Den første forvaltningsplanen for vannforvaltning på Vestlandet er utarbeidet og ble lagt ut til høring i midten av januar 2009. En egen prosjektstilling for dette arbeidet er etablert.

Vi har prioritert leveranse av data om biologisk mangfold av høy kvalitet til naturbasen. Det store behovet for gode og sikre data for bl.a. beredskapsorganisasjoner mot akutt forurensing og kommuner til deres planlegging har vært viktig prioriteringsgrunn. Til tross for gjennomgående høy kvalitet på registreringsarbeidet i vårt fylke, er det grunn til å understreke at samlet kunnskapsgrunnlag om biologiske forhold generelt sett ikke er tilstrekkelig til å sikre oppfølging av nasjonale mål for å ivareta biologisk mangfold. Det er behov for å styrke det faglige grunnlaget i mange plan- og inngrepssaker, illustrert blant annet ved saker om konsesjonsfritak for småkraftverk.

Et økende antall småkraftverkssaker, vindkraftsaker og kraftlinjesaker tar mye ressurser, og har til nå vært preget av *sak-til sak* forvaltning.

Stor innsats har vært lagt ned for å sikre våre ville laksestammer der vi har et særlig ansvar, men vi føler at forståelsen ikke alltid er dyptgripende nok i andre ledd i forvaltningen. I samarbeid med Fiskeridirektoratet Region Vest arbeides det nå aktivt med en egen forvaltningsforskrift for Hardangerfjorden for å få en bærekraftig utvikling i oppdrettsnæringen i dette området.

Avdelingen er å jour når det gjelder fremdriften i arbeidet med forurenset grunn og sediment. I samarbeid med SFT er det arbeidet videre med ledelsen i Bergen kommune om videreføring av arbeidet med tiltaksarbeidet i Bergen havn. Bergen kommune har overtatt og SFT har nylig gitt kr. 10 mill. til konkrete oppryddingsprosjekter i Bergen havn basert på kommunal søknad.

Miljøvern avdelingen har vært aktivt med i nasjonale og lokale tilsynsaksjoner. Det er bygget opp kompetanse ved avdelingen som sikrer dette arbeidet på en god måte. Gebyrinntekter finansierer nå 2,2 tilsynsstillinger ved avdelingen.

Hordalandskysten er som følge av den store aktiviteten rundt produksjon og transport av oljeholdig råstoff og produkter et risikoområde for akutt forurensing.

Avdelingen har bygget opp særlig kompetanse som bistår andre statlige og interkommunale beredskapsorgan både i øvelser, akutte utslipp og ved opplæring. Det tar mer tid en forutsatt å få inn kommunale data til oppdatering av MOB-kart, og enkeltkommuner må besøkes.

Hordaland har prioritert arbeidet med miljøstatus, både innlegging av ny informasjon og jevnlig redigering. Vi ser på god og allsidig nettinformasjon som meget viktig for kunnskapsformidling til kommuner, skoler, andre institusjoner og allmennheten..

Fylkesmannen deltar i prosjektet kommunetilsyn sammen med MD, SFT og DN. Fylkesmannen i Hordaland har gjennomført to 4-dagers kurs for andre miljøvern avdelinger i Oslo og Trondheim. 3 kommuner er undersøkt som miljøvernmyndighet på 2 miljøvernoppgaver.

## 2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen har ei viktig rolle ved kriser og katastrofar i fred som samordnar av samfunnstryggleiksarbeidet i fylket. Fylkesmannen prioriterar planlegging for å sikra at samfunnet er best mogleg budd på å handtera kriser ogulukker m.a. med arbeid med risiko- og sårbarheitsanalysar, beredskapsplanar, øvingar og opplæring.

## **Risiko- og sårbarhetsanalyse for Hordaland**

I 2008 starta fylkesmannen opp revisjon av fylkesROS 2004. Revisjonsarbeidet vert fullført i 2009.

Det er avdekka at fleire av kommunane ikkje har gode nok overordna kommune ROS analysar. I tilsyna får kommunane merknad på dette og med forventning om at aktuelle kommunar må prioritera dette.

## **Helseavdelinga**

Helseavdelinga har saman med beredskapseiinga oversikt over kommunane og helseføretaka sine planar for beredskap medrekna smittevernplanar. Vi har oppdaterte oversikt over kommuneoverlege og smittevernlegar. I 2008 har vi arrangert fleire møte om beredskap for og med kommunane. Krisekommunikasjon og informasjonsberedskap var etterspurd av kommunane og difor eit vektlagt tema i 2008.

Lokal redningsentral har vore innkalla ein gong i 2008 i samband med tilsyn frå Hovudredningssentralen.

Helseavdelinga og fylkeslegen har vore nytta i ulike samanhengar i arbeidet etter Vest Tank ulukka. Vi har vore aktive i førebuing og i gjennomføring av helseundersøkinga som no pågår i regi av Haukeland Universitetssjukehus og vi er i styringsgruppa for denne.

Det blei og gjennomført ei beredskapsøving: Øving Hordaland 2008. Sjølv om denne ikkje hadde helse som hovudtema var vi involverte både i førebuinga og gjennomføringa.

## **Større øvingar i 2008**

Varslings- og rapporteringsøving med alle kommune i Hordaland.

Atomberedskapsutvalet i Hordaland saman med 6 kommunar i Hordaland

Samvirkeøving med rednings- og beredskapsetater i Bergensområdet.

Evaluering etter den omfattande pandemiøvinga i 2007 har pågått inn i 2008.

## **Informasjons/krisekommunikasjon**

2 dagars samlingar og øvingar for nøkkelpersonell i kommunane var ei konkret oppfølging etter øving pandemi 2007.

## **Status i kommunane**

Fylkesmannen har i 2008 ført tilsyn med ¼ av kommunane i Hordaland. Kommunane si evne til krisehandtering og beredskapsmessige omsyn i samfunnsplanlegginga var prioriterte tema.

## **Samfunnstryggleik i arealplanlegginga**

Som høyringsinstans i arealplansaker legg Fylkesmannen vekt på å sjå til at det vert teke omsyn til risiko og sårbarheit i arealplanlegginga. Det vart i løpet av 2008 naudsynt å retta fleire motsegner mot kommunale arealplanar, i hovudsak grunna manglande ROS-analyse. Me har i lengre tid hatt opplæring og orienteringar for kommunale sakshandsamarar og byrjar no å sjå resultatet av det fokuset vi har retta mot dette området.

Kommunane vurderer i aukande grad risiko og sårbarheit i arealplansaker og gjer det synleg i saksframlegga. Likevel er det eit godt stykke att til at alle kommunane har dette som faste rutinar.

## **Beredskapsvarsel**

I 2008 fekk vi 26 varsel og meldingar om ulike krisehendingar eller krisesituasjonar frå Noregs vassdrags- og energidirektorat, Meteorologisk institutt, Statens strålevern og andre.

## **Atomberedskap**

I oktober vart det arrangert eit seminar med ei tabletop-øving for atomberedskapsutvalet. 6 kommunane i Bergensområdet deltok i ei øving med reaktoruhell på Haakonsværn og handtering av jodutdelingsproblematikk.

I tillegg til dette var det og ei samling med alle kommunane i Hordaland med m.a. tema atomberedskap. Her deltok også Statens Strålevern.

## **Ressursberedskap**

I Hordaland pågår eit pilotprosjekt med oppbygging og utprøving av eit Nasjonalt ressursregister for redning og beredskap (NARRE). Fylkesmannen har saman med naudetatane og andre delteke i prosjektet, som har til mål å utvikla eit felles nettverkty for registrering av rednings- og beredskapsressursar. Det er Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap og Hovudredningssentralen som leiar arbeidet. Mange kommunar og einsskilde sjukehus har registrert materiell og ressursar i dette registeret. Fylkesmannen vil ha eit hovudansvar for vidareutvikling av NARRE i fylket. I august vart det gjennomført ei større evalueringsamling for alle brukarane m.a. for å gje Justisdepartementet grunnlag for beslutning om vidare drift av NARRE.

## Kapittel 3 - Resultatområder

### Kongehuset

#### Resultatområde 00.1 Kongelige besøk

Hordaland fylke har hatt tre besøk over fem dagar frå Kongehuset i 2008.

#### Resultatområde 00.2 Tildeling av ordener og medaljer

I 2008 delte fylkesmannen ut Den Kgl. Norske St. Olavs Orden til tre personar. Fylkesmannen delte ut ti fortenestemedaljar i gull. I alt blei det delt ut 26 fortenestemedaljar i sølv. Ca. halvparten av desse blei utdelt av fylkesmannen (personar heimehøyrande i Bergen). Dei resterande blei delt ut av ordførarane i fylket.

### Ressursrapportering

| Resultatområde              | FMHO         |              | Sum |   |
|-----------------------------|--------------|--------------|-----|---|
|                             | 1510 Fagdep. | 1510 Fagdep. |     |   |
| Resultatområde 00.1 og 00.2 | 7            | 0            | 7   | 0 |
| Sum:                        | 7            | 0            | 7   | 0 |

### Miljøverndepartementet

#### Resultatområde 01 Naturens mangfold og friluftsliv

##### 01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder

##### 01.2 Bærekraftig bruk og beskyttelse av arter, bestander og genressurser

##### 01.3 Fremmede arter og GMOer

##### 01.4 Friluftsliv

#### Resultatområde 02 Bevaring av kulturminner

##### 02.3 Kulturmiljø

## **Resultatområde 03 Rent hav og vann og giftfritt samfunn**

### **03.1 Helhetlig hav- og vannforvaltning**

### **03.2 Overgjødning og nedslamming**

### **03.3 Oljeforurensning**

### **03.4 Miljøgifter**

### **03.5 Avfall og gjenvinning**

## **Resultatområde 04 Et stabilt klima og ren luft**

### **04.1 Klimaendringer**

### **04.4 Lokal luftkvalitet og støy**

## **Resultatområde 05 Internasjonalt miljø samarbeid og miljø i nord- og polarområdene**

### **05.1 Miljø samarbeid i internasjonale miljøfora, herunder EUs miljø samarbeid og UNEP**

### **05.2 Geografisk rettet miljø samarbeid, herunder miljø bistand**

### **05.3 Miljø samarbeid i nord- og polarområdene**

## **Resultatområde 06 Planlegging for en bærekraftig utvikling**

### **06.1 Ansvar for at nasjonal politikk formidles og ivaretas**

## 06.2 Fylkesmannen som styringsmessig bindeledd og rettssikkerhetsgarantist

## 06.3 Samordning av statlige interesser

## 06.4 Kart og geodata

## Resultatområde 07 Tverrgående virkemidler og oppgaver

### 07.2 Kunnskapsoppbygging og miljøinformasjon

### 07.3 Virkemidler og prosesser

## Ressursrapportering

| Resultatområde    | FMHO         | Sum          |      |
|-------------------|--------------|--------------|------|
|                   | 1510 Fagdep. | 1510 Fagdep. |      |
| Resultatområde 01 | 286          | 286          | 0    |
| Resultatområde 02 | 0            | 0            | 0    |
| Resultatområde 03 | 187          | 23           | 187  |
| Resultatområde 04 | 11           | 11           | 0    |
| Resultatområde 05 | 3            | 3            | 0    |
| Resultatområde 06 | 351          | 351          | 0    |
| Resultatområde 07 | 249          | 99           | 249  |
| Sum:              | 1087         | 122          | 1087 |

## Landbruks- og matdepartementet

### Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

#### 21.1 Jordbruk

Jordbruket i Hordaland har trass nedgang i tal bruk, ei aktiv næring der det skjer stor utvikling. Frå 2007 til 2008 gjekk talet på føretak som søkte om tilskot i januar ned frå 3275 til 3213, ein reduksjon på 1,9 %. Vi kan sjå at den kraftige nedgangen av tal bruk som har vore dei siste åra, er bitt mindre – og at kurven er i ferd med å flate ut.

I 2008 var det 838 bruk som dreiv med mjølkekyr, det er til saman 13198 mjølkekyr i fylket. Nedgangen av bruk med mjølk var på 57 ift året før. Samla er det 93 305 vinterfôra sauer fordelt på 1890 bruk, ein nedgang på 23 bruk frå året før. Hordaland hadde ein auke på 59 vinterfôra sauer frå året før. Det er 10027 utegangarsauer i fylket, ein auke på 2552 utegangarsau frå året før.

Det er 99 beitelag som er tilslutta organisert beitebruk. 94 av desse er knytt til fjellbeite, 5 av desse er ”låglands-/heime beitelag”.

Det blei sleppt 47.992 sauer og 75.850 lam på beite, tapet var på 1.009 sauer og 3.152 lam. Det vart slept 5.292

storfe med tap på 50 dyr og 875 geiter der tapet var 22 dyr.

2008 var eit svært godt beiteår med grøne og saftige beiter som førte til gode vektal på lamma og lite vandring av dyra. Tapet av dyr er det minste på mange år. Vi må tilbake til 1995 for å finna lågare tapsprosent for sau og lam. I 1995 var tapsprosenten på 3,2, for beitesesongen 2008 var den 3,36.

Fylkesmannen har hatt stor fokus på beite og beitedyr. I 2008 kom vi i gang med prosjekt ”Landskap i drift” eit prosjekt for å stimulere til beiting og dempe gjengroinga gjennom støtte til beitesamarbeid og auke tal beitedyr. Fylkesmannen har prosjektleiar og prosjektet er støtta med midlar frå BU,IN, Hordaland Fylkeskommune, Nortura og faglaga.

2008 var siste året for prosjekt ”Satsing på mjølk og kjøt”, eit samarbeid mellom FM, Tine, IN, Nortura, Hordaland Bondelag (HB) og Hordaland Bonde- og småbrukarlag (HBS). Prosjektet har drive tett oppfølging av samdrifter og enkeltbruk som vil investere i nye – eller bygge om gamle driftsbygningar.

FM deltek i eit prosjekt Geit i Vekst, eit fellesprosjekt med Sogn & Fjordane og Møre & Romsdal. Målet er å auke talet på geiter i regionen.

I vår dialog med næringa er økonomien ein flaskehals, samstundes er samarbeid om gard og beite ein moglegheit som vi prøver å formidle ut. Vi har 120 samdrifter i fylket, Voss kommune har flest med 29. Det er store utfordringar ift utbetring og nybygg av driftsbygningar. Det er mange gamle/ utrangerte bygningsmasse /driftsbygningar både til storfe og sau. Her er det stort behov for nybygg eller tilbygg. Bu - potten som kvart år vert fordelt til fylka strekk ikkje til for å auke investeringstakten slik det er behov for.

### Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

| Embeter    | Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk) |              | % tilslutning til org. beitebruk i fylket | Tapsprosent |          | Total tapsprosent |      |
|------------|---|--------------|---|-------------|----------|-------------------|------|
|            | Sau   | Lam          |   | Sau         | Lam      | 2008              | 2007 |
| FMHO       | 47992   | 75850        | 60,15                                     | 2,1         | 4,1      | 3,36              | 3,8  |
| <b>Sum</b> | <b>47992</b>                                    | <b>75850</b> | <b>0</b>                                  | <b>0</b>    | <b>0</b> | <b>0</b>          |      |

## 21.2 Skogbruk

2008 såg lenge ut for å verta eit toppår for skogbruket i Hordaland. Etter seks månader var avverkinga på 59 000 kbm, og ein rekna med at avverkinga for første gong sidan 1995 ville passera 100 000 kbm. Grunna finanskrisa, permittering ved Granvin Bruk og generelt sviktande tømmermarknad gjekk det ikkje slik. Avverkinga vart på 96 000 kbm, og det er likevel det høgaste sidan 1996. Gran og sitkagran står for om lag 90 % av dette. Sjølv om balansekvantumet ved siste fylkestakst frå Landskogtakseringa vart sett til over 500 000 kbm, så er dette nivået på hogsten neppe berekraftig fordi gran og sitkagran vert overavverka. Særleg i ytre strok av fylket vert granartane avverka for tidleg, og får nesten ikkje nå hogstklasse V. For furu og lauv er stoda derimot at for lite vert avverka og me går glipp av mykje tilvekst fordi det står mykje utvaksen naturskog som ikkje produserer tømmer lenger.

Arbeidet med revidering av strategiplan for skogbruk er nesten ferdig, og med den reknar ein med å ha eit tenleg verkty for å leggja til rette for auka aktivitet i åra framover.

Ferdiggodkjenninga av skogsvegar var låg i 2008, med berre 7 km skogsbilvegar og 2 km traktorvegar. Samla kostnad var ca 4,6 mill kroner, det vart utbetalt 2,4 mill kr i tilskot til desse vegane, noko som er ca 52 %. Fleire prosjekt som fekk løyving i 2008 er berre i startfasen, så det vart difor sett i gang fleire prosjekt enn det vart avslutta. Framover reknar ein med at bygginga av skogsvegar vil auka fordi ein i samarbeid med Vestskog BA har sett i gang eit prosjekt der fokuset er områdeplanlegging av vegar. Dette prosjektet er i gang, og ein reknar med at dei første prosjekta vert sett i gang i 2009.

Plantinga auka i 2008. 970 dekar vart planta til, mot 584 dekar i 2007. Det var vidare plantemangel og tørke på forsommaren, slik at talet nok hadde vore noko høgare om tilhøva hadde vore optimale. Likevel reknar ein med at det vert planta noko for lite i Hordaland. I 2007 vart det avverka om lag 1300 dekar gran i fylket, og 1000 dekar med planting er ikkje nok. Her manglar ein kunnskap for kva areal som vert til byggeland og omdisponert til beite, slik at ein ikkje kan vita dette heilt sikkert.

Aktiviteten på ungskogpleie sank til ca 900 dekar. Etterslepet er nok betydeleg, men det er vanskeleg å anslå utan eit større utgreiingsarbeid. Samstundes syner det seg at ein del planta areal ikkje treng ungskogpleie.

Aktiviteten i skogbruksplanlegginga har teke seg noko opp i 2008. Dette skuldast at Vestskog BA har inngått eit samarbeid med Allskog BA om skogbruksplanlegginga. Det er føreteke MiS- registrering i to kommunar, den eine etterregistrering og den andre i samband med revisjonstakst.

Aktiviteten i bratt terreng auka sterkt frå 2007 til 2008. I alt vart det teke ut 8.743 m<sup>3</sup> med taubane. Desse fekk til saman eit tilskot på kr 655.000,-. 1 av felta vart kontrollerte.

Fylket er aktivt med i prosjekt ”Kystskogbruket” og har forvalta dei midlane som er tildelt oss på dette området. Vi ser ein klar nytte av samarbeidet mellom kystfylka og ser fram til å nytte dei ressursane som ligg i dei delprosjekta som er i gang. Viser elles til eigen rapport frå prosjektet.

### 21.3 Bygde- og næringsutvikling

Landbruksavdelinga si evne til nyskaping, entreprenørskap og nettverksbygging er avgjerande for at vi skal lukkast med å utvikle landbruket og bygdene våre. På desse felta er vi knytt opp til Fylkeskommunen og Innovasjon Noreg i eit tett og forpliktande samarbeid på mange saksområde. Landbruket og bygdene kan gjennom ”Regionalt utviklingsprogram” (RUP) få finansierte gode utviklingsprosjekt for næringa, og fylkesmannen har ein sentral rolle i å initiere slike saker. Det er jamlege dialogmøte mellom partnerskapet og det vert gjennomført felles seminar og møte.

Næringsarbeidet i regi av FM har elles følgd linene frå den regionale næringsstrategien for landbruket i Hordaland 2007-2009, som den vart rullert i 2009.

På utviklingssida er det løyvd 4,8 mill. Av dei bedriftsretta midlane er 14,2 mill gått til tradisjonelt landbruk. 4,9 mill er løyv til tilleggsnæringar. Det er gjevne rentestøtte på til saman 42,6 millionar.

Arbeidet knytt til dei ulike områda i regional næringsstrategi er fordelt mellom aktørane i partnerskapet. Lokalsamfunnsutvikling kom for fullt i gang i 2008 og vert leia av Hordaland Fylkeskommunen. Entreprenørskapssatsinga er eit anna området der det vert jobba tett saman, dette vert leia av IN. FM har ansvar knytt til matsatsinga og andre utviklingsoppgåver innanfor landbruket som t.d.;

#### *Prosjekt landskapspark .*

Etter tre år med prosjektarbeid er sju landskapsparkar etablerte og fleire står på venteliste. Landskapsparkane representerer det ypparste av landskapskvalitetar og nyskapinge bygder i Hordaland.

Prosjektåret 2008 har vore eit viktig år for landskapsparkane. Nye verksemder og lag vart etablerte, arrangement, workshops, turar og spesielle delprosjekt vart gjennomførte. Prosjektet skaper så mange ringverknader og delprosjekt i bygdene at det er vanskeleg å trekke fram enkelte aktivitetar. Kvar park har et eige styre som forvaltar tilskots- og sponsormidlar. All aktivitet vert planlagd og gjennomført etter ein årleg handlingsplan som er godkjend av prosjektstyret hjå Fylkesmannen. I år har bygdene i samarbeid med KSL Matmerk også utarbeida ein generell strategi og ein kommunikasjonsstrategi for landskapsparkar. No har parkane fått eit dokument som definerer kva ein landskapspark er slik at nye parkar kan verte vurdert ut frå denne.

Frå 2009 er det er planlagt ei vidareføring av prosjektet der også nye parkar vert trekt med. Viser elles til eigen nettside [www.landskapspark.no](http://www.landskapspark.no)

Landskapsparkane i Hordaland har også jobba med eit konsept som vi kallar landskapsfond. Vi ynskjer at verksemder innanfor parkområda, staten og kommunane bidrar med midlar til fond som flyter tilbake til prosjekt/aktørar som tek vare på det særeigne kulturlandskapet. På denne måten støtter ein opp om ferdsel i landskapet, produksjon av tenester for ålmenta. Dette ønskjer vi kan utviklast vidare til eit modell for finansiering av fellesgode i landskapet.

#### *Matsatsing*

Interessa for småskala mat har fått godt fotfeste hos folk . Det tar tid å bygge opp kunnskapen om korleis maten vert produsert og presentert. I dette arbeidet er det mange miljø og personar som arbeider jamt og målbevisst i å få fram lokal mattradisjon og råvarekunnskap til forbrukaren. Frå FM si side vert det brukt ressursar for å få fram nye matvareleverandørar, og vi ser enkelte produkt som får stor merksemd. På Krokeide i Bergen er det m.a. starta opp ein osteproducent som lagar Camembert, Brie og ”Jørnsbergost” av eigenprodusert mjølk. Homlagarden har hatt omfattande utbygging i slakteriet og slaktar no ca 5000 økologiske kalkunar.

Slakteristrukturen har stor merksemd i fylket. Notura har ingen slakteri i fylket, men nye gardslakteri vert etablert. Det mobile slakteriet lever vidare og har slakta for lokale produsentar i Hordaland og Sogn og Fjordane. 90 lokalprodusentar var også dette året samla på Matfestivalen i Bergen.

#### *Reiseliv*

Hordaland fylkeskommune har i 2008 utarbeidet ein ny reiselivsstrategi for fylket der FM har vore ein sentral medspillar i dette arbeidet. Det er semje om at det natur- og kulturbaserte reiselivet (nisjebasert/landbruksbasert) skal vere det bærande elementet i strategien. Avdelinga sitt innspel om at miljømessig bærekraft skal leggest til grunn for all ny satsing, har også blitt tatt inn i strategien.



FM har delteke aktivt i diskusjonar omkring de ulike marknadene sine utfordringar/behov/tilpassingar m.m. Det er god dialog med NBG om strategiar om marknadstilpassingar.

Det har vore arbeidet for å få på plass gode tiltak og prosjekter som døme på næringsutvikling knytt til verneområdar. Her har samarbeid mellom landbruk- og miljøvernavdeling vore viktig ift utfordringane knytt til bruk og vern.

#### *Inn på Tunet*

Saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, Universitetet for Miljø og Biovitenskap og Høgskulen i Bergen starta vi planlaggning av 10 vekttals kurs ”Garden som pedagogisk ressurs”. Det blei også gjennomført en del informasjonsarbeid i samband med IPT.

Arbeidet med regional handlingsplan for IPT starta opp, det blei kalla inn til første møtet på nyåret

Prosjektet Grønt i skulen blei vidareføring med auka fokus på sunn og lokalprodusert mat for barn og unge, og krav om ungt entreprenørskap. Det blei opna for at nye skular kunne søkje deltaking.

#### *Småkraft*

Prosjektet er eit samarbeid mellom Fylkesmannen Landbruksavdelinga og Hordaland fylkeskommune saman med nokre kommunar og kraftlag. Prosjektperioden har vart i 3 år . Avslutninga skjer mars 2009 – da vert det gjennomført avslutningsseminar og synfaring til ferdige anlegg for potensielle utbyggjarar.

Føremålet med prosjektet har vore å motivera grunn/fallrettseigarane til å byggja ut i eigen regi for med det å sikra at verdiskapinga vert verande i bygdene.

Prosjektet har lagt stor vinn på å opptre som nøytral samtalepart både for utbyggjarar og konsulentar/leverandørar og produsentar, dette har vore eit av suksesskriteria i prosjektet. Det har blitt løyvd utgreiingsmidlar kvart år til potensielle utbyggjar som har vore usikre på om prosjekta deira var liv laga. Tilsaman ca. 120 fallrettseigarar har søkt om midlar. Talet på søkjarar har gått ned kvart år.

## **21.4 Verdiskapingsprogrammene**

FM har gjennom matsatsinga hatt stor fokus på Matprogrammet og virkemidlar knytt til ny etablering av tilleggsnæring på garden. Vi har eit svært godt samarbeid med IN i dette arbeidet. Utfordringa i vårt fylket er at det er mange ”ein manns ” bedrifter på gardane og det er få av desse som går inn i samarbeid med andre for å nå i midlar frå Matprogrammet. Det vert derimot satsa på regionale matprosjekt som t.d Voss og Hardanger – dette er ein måte å skape aktivitet på som VSP mat kan vere deltakande i.

Innovasjon Noreg bidrar aktivt inn mot Matfestivalen ” Bønder i by'n”. Dette er eit samarbeid mellom Hordaland og Sogn og Fjordane. Det har vore felles aktivitet knytt til dei regionale kompetansesentra både i Aurland og i Voss.

Hordaland har hatt ein del søknader til Verdiskapingsprogramma og har i 2008 fått kr 1 330 000 frå VSP mat, 780 000 kroner frå Treprogrammet og kr 125 000 frå Bioenergiprogrammet.

## **Resultatområde 22 Miljøtiltak i landbruket**

### **22.2 Tiltak for å redusere forurensninger**

Forureining frå landbruket er i Hordaland knytt til manglar på tekniske anlegg og feil bruk av gjødsel og silopressafta. I følgje rapport frå "Overvaking av eutrofieringskvalitet i Hordaland 2002" er det svært få vassdrag i fylket som i dag er i faresona. Likevel er det trong for at næringa viser varsemd med handtering av husdyrgjødsel i område med intensiv drift og sårbare vassdrag. Det er i liten grad problem med generell overflateavrenning og utvasking av næringsstoff på grunn av haustpløying i åkerbruket. Dei tekniske anlegga for gjødsel og silo er gjennomgåande langt betre enn dei var for 15 år sidan og det finst forskrifter og retningslinjer for gjødselhandtering og siloanlegg for å hindre forureining.

Når det gjeld plantevernmidlar er det eit kontinuerlig arbeid innan landbruket for å minimere omfanget. Næringa ønskjer å stimulere til økologisering av produksjonane for å minimalisere bruken av plantevernmidlar. Ved handtering av husdyrgjødsel, plantevernmidlar og avfallshandtering er det naudsynt med kunnskap om årsakene til forureining, og auka forståing og respekt for regelverket.

## 22.3 Miljøprogram og miljøplan

Vi har i 2008 gjennomført ei rullering av Regionalt miljøprogram for Hordaland (RMP) for ei ny fireårs periode fram til 2012. Programmet er styrka med omsyn på tema biologisk mangfald, kulturminnevern og friluftsliv.

I rulleringa vart gjennomført i samarbeid med avtalepartane i jordbruket og fag miljø innan miljø og kultur. I høyringa vart det gjennomført ei brei prosess saman med kommunane.

Det er etablert til saman tre nye ordningar innan tema biologisk mangfald, fem nye ordningar innan kulturminne og ein innan friluftsliv.

Ved søknadsomgangen august 2008 hadde Hordaland 19 mill kr til fordeling til 1799 søkjarar på ordningane innan RMP. Søkjarane fordelte seg på ordningane:

### Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2008 etter søknadsomgang 2007 - kroner utbetalt til hovedområder

| Embeter    | Gjengroing | Avrenning til vassdrag | Kulturminneverdier | Tilgjengelighet og friluftsverdier | Verdifulle kulturlandskap | Plantevernmiddel | Avfallsinnsamling | Annet |
|------------|------------|------------------------|--------------------|------------------------------------|---------------------------|------------------|-------------------|-------|
| FMHO       | 12         |                        | 1                  |                                    | 6                         |                  |                   |       |
| <b>Sum</b> | <b>12</b>  | <b>0</b>               | <b>1</b>           | <b>0</b>                           | <b>6</b>                  | <b>0</b>         |                   |       |

## 22.4 Økologisk landbruk

Hordaland og Sogn og Fjordane har felles Handlingsplan for Økologisk Landbruk (2006-09). Det har vore tett dialog mellom fylka og det er samarbeid og koordinering i forhold til fellesmøtar og søknader om handlingsplanmidlar.

Informasjonsarbeid og kompetansebyggjande har hatt mest fokus i 2008. Vi har gjeve tilskot frå handlingsplanmidlane til fylgjande områder:

- Forsøket "Økologisk eng, kalium og svovel" ble avslutta dette året. Resultata er relevante for Hordaland med tanke på omlegging til økologisk og forbetring av driftsresultatet innan økologisk. Sikker grovfôrproduksjon er ein avgjørande faktor for at bønder kan drive med økologisk mjølk og kjøttproduksjon.
- Vi har et tett samarbeid med Bioforsk Ullensvang, Bama, Fruktlagra og næringa på økologisk frukt der det gjennom eit fleirårig prosjekt vert sett på flaskehalsar, moglegheiter og utvikling innan økologisk frukt. Arbeidet omfattar fleire fylke og FM bidrar både med handlingsplanmidlar og kompetanseoppfølging (*Fagdag i samband med Norsk økologisk frukt til forbrukar*).
- Forsøksringen Hordaland er vår viktigaste aktør når det gjelder arbeidet ute i feltet med gratis førsteråd (GFR) og oppfølging av aktive økobønder. Som bindeledd i mange av våre prosjekter har Forsøksringen fått mye ansvar og samtidig mye tillit frå bøndene. Dette har vist seg som et godt konsept. I eit fleirårig prosjekt vert det jobba med ein undersøking og evaluering av agronomiske driftsresultat, dvs. avlingar og grovfôr kvalitet etter omlegging til økologisk (*Avlingsregistrering og forprøver på økobruk*). Resultata vil bli brukt vidare i GFR og arbeidet i dyrkingsgruppe. Tine og Nortura vert sjølv sagt også kopl opp mot dette, Forsøksringen Hordaland vil gjennomføre dette prosjektet i samarbeid Sogn og Fjordane og Møre Romsdal.
- Forsøksringen i Hordaland fikk også midlar til å kartlegge og optimalisere næringsstoffinnhald på økologiske

bruk. Pr. i dag finnes det ikkje nok kunnskap innan rådgivingsapparatet eller blant brukarar som gir nok grunnlag for økonomisk, stabile driftsresultat.

- Ugrasbekjemping er et viktig tiltak for å lukkast med grovforproduksjon. Det blei gjeve støtte til grønnfôrfelt på Bjørnbruket i Kvam - eitt areal med eng med mykje høymole. Målet for demonstrasjonsfelt var å synleggjøre effektiv ugrasbekjemping av høymole. Resultatet ble presentert i VL og ØL (*Demonstrasjonsfelt økologisk grønnfôr dyrking*).
- Utviklinga ift omlegging til økologisk drift i Hordaland er veldig avhengig av suksesshistorier og gode eksemplar, dette har ofte "smitteeffekt" for andre som vurderer omlegging. Det å få opp produksjonen av økologisk sau-/ lammekjøtt ser vi på som spesielt viktig for vårt fylke. Vi brukte derfor ressursar på å gjennomføre "oppfølgingsbesøk". blant bruk med sau.
- Oikos Vest har fått støtte til informasjons- og marknadstiltak. Dette gjeld informasjon i tidskrift og aviser, utdeling av priser og anna som er retta mot forbruker.
- Gjennom prosjektet "*ØkoProfil Vestlandet*" har Oikos Vest gjennomført eit veldig synlig og effektivt prosjekt i forhold til etablering av økologiske matvarer i butikkjedene i Hordaland. Gjennom mange demonstrasjonar av utvalte økologiske matvarer har forbrukarar/ kunden blitt gjort oppmerksom på utvalet av økologisk matvarer direkte på salsstand med info om produksjon og kvalitet av produkta. Dette prosjektet vil også vidareførast i 2009 og vil da inkludere matvarekjeder enda meir i prosessen - praktisk og økonomisk .
- Det har vore samarbeid med Instituttet for Plante og Miljøvitenskap ved UMB som tilbyr kurs i økologisk landbruk. Som første samarbeidsprosjekt ble Økoløft -kommunane kartlagt i forhold til potensiale for utvikling. Dette prosjektet inneber intervju blant aktørane i i Kvam og Voss og andre medspillarar i kommunane. Resultata ser vi som viktig ift pilotprosjektet vidare og i erfaringsformidling til andre kommunar. Dokumentasjon av prosessen er derfor eit av fleire tiltak som er sett i gang i arbeidet med Økoløft - kommunane

## 22.5 Tre og miljø

Prosjektet "Tre i sentrum" har også i år hatt eit godt samarbeid med Innovasjon Noreg og det nasjonale trenettverket. Prosjektet har vore ein aktiv part, nettverksbygger og pådrivar for eit samarbeid mellom ulike aktørar. Prosjektleiaren har vore involvert i fleire potensielle trebyggeriprojekt. To av prosjekta fekk støtte av IN sitt verdiskapingsprogram. Samarbeidet med politisk leiing i Bergen kommune har også i 2008 vore eit viktig arbeidsfelt for prosjektet. Mellom anna starta kommunen arbeidet med ei vidareføring av Norwegian Wood i Bergen, ei satsing som går inn i eit stort byutviklingsprogram med namn "Fremtidens byer". Prosjektet har vore og vil vere ein aktiv samarbeidspart i utforminga av programmet.

Bergen Treseminar vart i 2008 arrangert for 6. gang. Med over 100 deltakarar var seminaret igjen ein stor suksess. Tema var "Tre i offentlege bygg", noko som tydelegvis var interessant for mange offentlege og private aktørar i Bergen.

Prosjektleiaren var også involvert i programutarbeiding for ein studietur der det nasjonale trenettverket oppsøkte det moderne trebygginga sitt europeiske heimestad i Austerrike og Sveits. Turen var del av eit stort prosjekt hjå Innovasjon Noreg, kalla "Hjemhenting av kompetanse". Prosjektleiaren har også som representant for fylkesmannsembeta delteke i prosessamlingar for vidareføringa av prosjektet.

### *Bioenergi*

- Avslutta eit toårig informasjonsprosjekt som har vore gjennomført saman med IN og Vestskog
- Har saman med IN utarbeidet projektskisse til et toårig arbeid med mål å etablere fleire biovarmeselskap eigd av landbruket, og knytte disse til kommunane.
- Det har vore tatt initiativ overfor Bergen kommune for å følgje opp initiativet om å fase ut eldre olje- og el-kjellar.
- Bidrege til å etablere nettverk for aktørar knytt til bioenergi: Nasjonalt (FM - dette er under utvikling, se eget punkt), regionalt (landbruksorg.) og lokalt (kommunar, næringsliv, bønder/skogeigarar)
- Arrangert seminar for kommunane for til å lære om lokal energi- og miljøplanlegging relatert til bioenergi.
- Bidrege aktivt i fleire kommunar med å få etablert bioenergianlegg, t.d. Norhordland, Fusa/Os/Samnanger, Kvinnherad, Austrheim, Sveio.
- Jobba med projektskisse for å bruke biomassen langs veg som grunnlag for en lønnsam verdikjede med etablering av bioenergi som næring (hovudfokus langs Hardangerfjorden, men med utvida fokus etter en forstudie/pilot).

## Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk

### 23.2 Eiendoms- og bosettingspolitikk

Fylkeslandbruksstyret har hatt 6 møter i 2008 og har i all hovudsak vore klageinstans for kommunale vedtak etter jordloven, konsesjonsloven og odelsloven. I tillegg fungerer fylkeslandbruksstyret som ei viktig uttaleinstans etter plan- og bygningsloven.

Fylkeslandbruksstyret har i 2008 handsama klagesaker med følgjande fordeling ;

( Tal frå 2007 i parentes)

Bu- og driveplikt 1 (3)

Deling /omdisp. 19(13)

Konsesjon 8 (2)

I tillegg har dei handsama 12 ( 12) plansaker og 7 (1) sak diverse.

FM har arbeidd med overtaking/sal av 9 prestegardsskogar frå Opplysningsvesenets fond.

2 saker er ferdig handsama og eigedomane er klar til sal, dei andre er til handsaming i kommunane.

## Resultatområde 24 Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

### Organisering av kontrollarbeidet:

Åse Vaag- ass. landbruksdirektør, ansvarleg

Sonja Ramsvik- kontrollleiar/ 1. konsulent på fagområda tilskot og velferdsordningar

Åshild Hjørnevik- 1. konsulent - fast deltakar kontrollteam/ førstekonsulent på fagområda produksjonstilskot, gardskart, hagebruk.

Kjetil Andre Rødland -1. konsulent - deltakar i kontrollteam/ førstekonsulent på fagområdet skog.

Det er gjennomført forvaltningskontroll i 9 kommunar. Frå FM har Sonja Ramsvik og Åshild Hjørnevik, desse har også gjennomført kontrollkurs i regi av SLF. Risikovurderingar og gjennomføring av kontroll vart tatt opp som tema på samling for dei tilsette på landbruksområdet i kommunane.

Det vart gjennomført fortakskontroll av 10 foretak

Det blei gjennomført kontroll av følgjande ordningar; Produksjonstilskot, Tilskot til bratt areal over regionalt miljøprogram, Tidlegpensjon for jordbrukarar, Tilskot til skogsvegar

*Type avvik som vart avdekket. (presiser ift ordning/ forskrift/ vilkår i regelverk)?*

- Foretak som får tildelt produksjonstilskot kvar for seg, men som samarbeider slik at dei har felles økonomiske interesser i same produksjon (jf. § 4 b) i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket).
- Inhabilitet (jf. forvaltningslova § 6).
- Tidspunkt for registrering av søknaden, gjeld både produksjonstilskot (§§ 5 og 7 i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket) og tilskot over regionalt miljøprogram (§ 4 i forskrift om tilskot til generelle miljøtiltak for jordbruket i Hordaland).
- Mangelfull sakshandsaming av søknader: mottatt dato ikkje ført på søknaden, kommunen har gjort rettingar i søknaden utan av søkjar er kontakta (t.d. ved manglande svar på spørsmål om miljøplan, dyr på utmarksbeite, endring av arealtal).
- Søknad om RMP avvist utan at søkjar har fått skriftleg melding.

- Søknad om produksjonstilskot er godkjent av kommunen sjølv om søknaden er underteikna av andre enn den som plikta føretaket (jf. rettleingsheftet om produksjonstilskot).
- Tildeling av tilskot til stølsdrift (RMP) sjølv om stølsdrifta foregår utanfor Hordaland sine fylkesgrenser.
- Manglande eller mangelfull journalføring av søknader (t.d. SLF-rundskriv 28/2007).
- Saker arkivert i feil kommune i tilfeller der ein kommune kjøper tenester knytt til landbruksforvaltning av ein annan kommune.
- Saker om sjukeavløysing ikkje merka med ”ikkje offentleg”.
- Manglande dokumentasjon på næringsinntekt for søknader om sjukeavløysing (jf. § 6 a) i forskrift om tilskot til avløysing).
- Dokumentasjon på næringsinntekt var for gamal i forhold til sjukdomsperioden.
- Manglande dokumentasjon på saker om sjukeavløysing.
- Dokumentasjon på søknad om sjukeavløysing arkivert på sak tilhøyrande ein annan person enn den dokumentasjonen gjeld
- Søknad om sjukeavløysing levert i namnet til ektefellen av den som var sjuk (§ 7 i forskrift om tilskot til avløysing).
- Tildeling av sjukeavløysing samstundes som søkjar mottok uførepensjon/ rehabiliteringspengar (jf. § 6 c) i forskrift om tilskot til avløysing).

Oppfølging av avvik: Kontrollert eining er pålagt å endre sine rutiner og i nokre tilfeller er tilskot er trekt tilbake.

#### Utfordringane

Gjere god og grundig nok førebuing før forvaltningskontroll, trekke ut dei viktigaste sakene for kontroll. Finne og velje ut dei føretaka som det er viktigast blir kontrollerte. Ha ein god kommunikasjon med føretaka i kontrollsituasjonen, ikkje minst når det vert avdekka avvik. Oppfølging av avvik funne under føretakskontroll.

Av bedriftsretta tiltak finansiert av IN blei 27 tiltak kontrollert

### Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2008 - antall

#### Klagebehandling

| Embeter    | Produksjonstilskudd |          | Miljøvirkemidler |          | Andre tilskuddsordninger |          |
|------------|---------------------|----------|------------------|----------|--------------------------|----------|
|            | Innvilget           | Avslått  | Innvilget        | Avslått  | Innvilget                | Avslått  |
| FMHO       | 0                   | 3        | 0                | 0        | 0                        | 0        |
| <b>Sum</b> | <b>0</b>            | <b>3</b> | <b>0</b>         | <b>0</b> | <b>0</b>                 | <b>0</b> |

#### Dispensasjonssøknader

| Embeter    | Produksjonstilskudd |                  |          | Miljøvirkemidler |                  |          | Andre tilskuddsordninger |                  |         |
|------------|---------------------|------------------|----------|------------------|------------------|----------|--------------------------|------------------|---------|
|            | Innvilget           | Delvis innvilget | Avslått  | Innvilget        | Delvis innvilget | Avslått  | Innvilget                | Delvis innvilget | Avslått |
| FMHO       | 20                  | 0                | 5        | 0                | 0                | 0        | 11                       | 0                | 1       |
| <b>Sum</b> | <b>20</b>           | <b>3</b>         | <b>5</b> | <b>0</b>         | <b>0</b>         | <b>0</b> |                          |                  |         |

## Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør

### 25.1 Kompetansesenter

Fylkesmannen har i stor grad ein viktig rolle som fag- og utviklingsaktør på landbruksområdet. I visjon og mål for arbeidet ved avdelinga skal kompetansefunksjonen vere synleg og aktiv. Vi hadde i 2008 fagkompetanse på dei fleste og viktigaste områda for å kunne vere ein samarbeidspart både ift næringa og kommunane, men også andre. Fagkompetansen vert nytta i mange prosjektgrupper og faggrupper knytt til interne og eksterne prosjekter.

FM har ein leiande funksjon i mange prosessar knytt til ulike fagområde innanfor landbruket i fylket. I 2008 blei det gjennomført 2 dialogmøte med organisasjonane i landbruket ( Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, Skogeiarlaget). Møte med Forsøksringane i fylket vert gjennomført kvart år for å koordinere arbeidet og vidareformidle kompetanse. Vi har hatt eit møte med alle fagskulane i fylket for å diskutere felles satsing på kompetanseoppbygging ift næringa. Utover dette har FM gode relasjonar og nettverk med ei rekke

formelle etatar/organ og ideelle organisasjonar som tangerer vår interessesfære og våre målsettingar. FM har utvikla gode kontaktar til dei ulike forskingsmiljøa i Bergen der det er eit mål å finne forskingsprosjekt som er retta mot sentrale utfordringar i vestlandslandbruket.

Kvar månad formidlar vi informasjon til kommunane gjennom eige tidskrift ” Grøn Mix”. I tillegg har vi også fast side med informasjon i fagbladet Vestlands Landbruk – dette for å formidle fagleg stoff til alle næringsaktørane i fylket.

Avdelinga har i 2008 auka aktivitet og kvalitet på informasjon gjennom internett og fylkesmannen si nettstad. Det har og blitt laga eigne nettstader for prosjekt, og vi er i gang med å bygge opp ei eiga nettportal for bygdeutvikling, lokalsamfunnsutvikling og entreprenørskap. Denne portalen skal heite [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no) og vere ferdigstilt i august 2009.

Aktivitet 2008;

- Vidareført samarbeidet med Fylkesmannen i Rogaland og Vest-Agder om kompetansegevande studie for kommunane. Det blei gjennomført kulturlandskap studie og juriststudie. For kommunane i Hordaland har dette vore svært vellykka. På begge kurs var det veldig stor oppslutnad frå vårt fylke, både FM og FK i Hordaland har gått inn med støtte til desse kursa.
- Det er gjennomført 1 samlingar for kommunetilsette ift produksjonstilskot.
- Det blei gjennomført 3 regional samlingar med landbruksansvarlege i kommunane med tema SMIL / NMSK.
- Det blei gjennomført ei fellessamling med kommunane i samband med revidering av RMP. Dette var eit fellesmøte med Kulturminneforvaltninga hos HFK og miljøvernavingdelinga.
- Det blei gjennomført 1 samling for skogansvarlege i kommunane

Midlane over kap. 1144 post 77, kommuneretta arbeid for 2008:

|  |           |
|--|-----------|
| Kompetansegevande kurs kommunane;  | kr 42085  |
| Regionale møter, smil / nmsk ;   | kr 19 300 |
| Politikaropplæring i kommunane, eit samarbeid mellom Hordaland FK, miljøvernavingdelinga og KS | kr 38615  |

## 25.2 Landbrukspolitisk dialog med kommunene

FM har og hatt direkte kommunedialog med administrativ og politisk leiing i kommunane. På disse møta er det fast agenda knyt til utfordringar kommunen har som landbrukspolitisk aktør. Det vert lagt vekt på å diskutere kapasitet og ressursbruk knytt til landbruksområdet i kommunen i tillegg til areal- og næringspørsmål.

I 2008 var fylgjande kommunar besøkt; Fusa, Samnanger, Eidfjord, Kvinnherad, Lindås, Granvin, Jondal, Ulvik, Bergen, Osterøy.

I samband med kommunevalet i 2007 blei det gjennomført politikaropplæring av nye politikarar vinteren 2008. Dette var eit samarbeid med Fylkeskommune og FM Miljøvernavingdeling. Kurset vert halde 4 stader i fylket – mellom 50 -100 politikarar møtte på kvar samling.

### *Samarbeid med KS*

Samarbeidsavtalen mellom KS og LMD er fylgt opp gjennom regelmessig kontakt mellom landbruksavingdelinga og KS. Vi har hatt kontakt/informasjonsmøte og samarbeida om konferansar og om å setje landbruk på dagsorden i kommunane. KS bidrog mellom anna aktivt i arbeidet med dei regionale konferansane for lokalpolitikarar i februar/mars 2008

## 25.3 Miljøvirkemidlene i jordbruket og de økonomiske virkemidlene i skogbruket

### **SMIL og NMSK**

Hordaland frodelte til saman kr 7 900 000 til SMIL tiltak i 2008. Frå ordninga NMSK vart det fordelt 1 300 000.

### **Reviderte SMIL og NMSK strategiar**

Fylkesmannen si Landbruksavdeling har i 2008 arbeidet aktivt opp mot kommunane for å få rullert dei fireårige strategiane. Det er halde tre regionale samlingar i samarbeid med Miljøvernavingdelinga og Kulturavingdelinga hjå Hordaland fylkeskommune kor fokus har vore å auka merksemda mot tema biologisk mangfald, kulturminne og friluftsliv. Kommunane har vore oppmoda om å gjere både geografiske og tematiske prioriteringar. Vi er godt nøgd med at 32 av dei 33 kommunane har på plass dei fire- årige strategiane.

### **Evaluert tilskot frå rydding av beite gjennom STILK tiltak**

#### **Bakgrunn**

Det er no meir enn ti år sidan det første tiltaket med rydding av beite fekk løyvd tilskot frå STILK. Etter landbruksavingdelinga sitt syn var det no på tide å gjere opp status for korleis det har gått med desse prosjekta. Når vi skal gå i gang med prosjektet "Landskap i drift", er det viktig å få innsyn i status for desse områda.

På vegne av Fylkesmannen har Forsøksringen i Hordaland gjennomført ei evaluering av effekten av løyvde STILK-tilskot til rydding av attgrodde beitemarker i perioden 1993 – 2003. Ordninga "Tilskot til spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap" (STILK) vart innført i 1993 og forvalta av Fylkesmannen si landbruksavingdeling i samarbeid med kommunane. Den største delen av tilskotet har fram til no vore nytta til rydding av beitemark både i inn- og utmark.

#### **Resultat**

Evaluering av rydding av attgrodd beite i Hordaland frå 1993 til 2003 viser gode resultat. Heile 90 % av områda var prega av attgrodd lauvskog før tiltak. Dei fleste av desse områda vert i dag vurderte som verdifulle kulturlandskapsområde. Tiltaka har hatt størst effekt der bonden har hatt trong for ekstra beite.

Resultata frå evalueringa syner at 50 % av dei løyvde tilskota har vore avgjerande for oppstart av rydding av attgrodd beitemark. Sambeiting og kunnskap om korleis skal rydde er avgjerande for at bonden skal lukkast med tiltaket. Det er ikkje funne nokon effekt av å nytte plantevernmiddel til stubbebehandling. Effekten av å nytte mineralgjødsel på områda har vore med på å auke både beite- og kulturlandskapsverdi. Alle 70 områda vart klassifisert etter

eigen nøkkel. Forsøksringen legg i rapporten fram forslag til forbetring av tiltak for ordninga og kompetanseheving i næringa.

### **SMIL- ordninga og regionale strategiar for nytte av midlane**

Det har vore stor aktivitet i kommunane i år også, og tal saker er stadig aukande. Dei fleste kommunane er ferdige med årets løyvingsarbeid, og det er så langt meldt inn vel 500 saker, inkl. avslagssaker. Når det gjeld landskapstiltak er hovudtyngda lagt på tiltak mot attgroing av gammal kulturmark.

I fylket er beitebruken viktig for å bremse attgroinga og halde oppe skjøtsel av

beitelandskapet, difor har vi gjennom RUP Hordaland starta opp eit prosjekt som heiter

Landskap i drift for å stimulere til nye driftsmessige løysingar og samarbeidstiltak, sjå eige heimeside for meir informasjon [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)

### **Informasjonstiltak kulturlandskap**

Hordaland har hatt stor aktivitet knytt til å nytte desse midlane til arbeid med informasjon om kulturlandskap. I år har vi nytta midla til gjennomføring av prosessar kring den 12. kulturlandskapsprisen i Hordaland. I år gjekk også den Nasjonale kulturlandskapsprisen til Herand bygdelag i Jondal kommune. Prisen fekk god merksemd i lokale, regionale og nasjonale media. Som eit ledd i prosessen kring den nasjonale kulturlandskapsprisen arrangerte vi eit regionalt seminar om verdifulle landskap som strategi for verdiskaping. I tillegg har vi arbeidet med kartlegging av kystlynghei knytt til geografisk prioritering knytt til ordningar innan for RMP. Dette arbeidet er no slutført i Sunnhordland, og arbeidet er no starta opp i Midthordland og Nordhordland. Dette arbeidet er venta ferdig i 2009. Midlane har vore nytta til å gjennomføre evalueringa av STILK knytt til beite. Konklusjonane frå arbeidet vert nytta til vidare arbeid med informasjon om beitebruk.

## Resultatområde 26 Jord- og landskapsressurser

### 26.1 Jordvern og kulturlandskap

I grensesnittet mellom bygdeutvikling og vern av dyrka jord og verdifullt kulturlandskap, er det ei utfordring å utvikle ei dynamisk arealforvaltning som makter å balansere dei ulike interessekonfliktane. Hovudelementa i dette er differensiert arealforvaltning og god kommunikasjon med kommunar og andre partar. Vi vel difor å ha dei største restriksjonane i pressområde og i område med særskilt verdifullt jordbruksareal/kulturlandsskap. I område med fråflytting har vi prøvd å finne gode løysingar for å kunne støtte opp om spennande næringsprosjekt. I 2008 starta vi opp eit arbeid med å lage ei strategi for arealarbeidet (Ny tid for jordvern og kulturlandskap) som skal bidra til ei forutsigbar og framtidretta arealforvaltning.

Kjernearealarbeidet er eit sentralt verktøy som vi har samarbeida med kommunane om å gjennomføre. Pr. 31.12.08 har 11 kommunar gjennomført kjernearealkartlegging i ein eller annan form. I nokre tilfelle er kartlegginga og politisk handsama i kommunen.

For å nå nasjonale mål knytt til jordvern og kulturlandskapsressursar har vi gjennom kommunedialog teke opp dei nye nasjonale måla og forventningar. Landbruksavdelinga har og sett fokus gjennom oppfølging av KOSTRA-arbeidet. I tillegg nyttar vi arbeidet med kulturlandskap, SMIL, RMP og verdifulle jordbrukslandskap til å sette fokus på jordvern og kulturlandskapet sin verdi i samfunnet.

#### Dispensasjonssaker:

Landbruksavdelinga handsama 160 i 2008 dispensasjonssaker etter pbl § 7. 17 av desse vart påklaga, noko som er markant meir enn i 2007 då berre tre saker vart påklaga frå landbruksavdelinga.

For å ta fatt i dei utfordringane som ligg i jordvern, er det satsa på fleire prosjekter;

#### Kjerneområde landbruk

Arbeidet med kjernekartlegging blei vidareførte i 2008. Kommunane Os, Samnanger, Fusa og Granvin fullførte nesten kartlegginga. Osterøy og Radøy har starta arbeidet etter å ha fått kartframlegg frå oss. Kommunane Fjell, Sund og Øygarden har òg mottatt eit framlegg. Desse tre kommunane vil setja i gong kjernekartlegging i samband med rulleringa av landbruksplanen. Denne jobben vil fortsetja i 2009. Målet er at alle kommunar i Hordaland skal ha kartlagt kjerneareal landbruk.

#### Prosjekt Landskap i kommunal planlegging

Prosjektet ar gjennomført det nest siste prosjektåret. Prosjektet skal vere avslutta 2. halvår 2009. i 2008 gjennomførte prosjektet ein konferanse knytt til landskap og førebyggjande helse på Voss. Kommuneplankonferansen hausten 2008 hadde tema landskap med spesiell fokus på landbruket sitt kulturlandskap. Tre av dei fire pilotane (kommunane) har gjennomført landskapsanalysar, Lindås er framleis ikkje ferdig. Det er laga eiga nettside ([www.landskapiplan.no](http://www.landskapiplan.no)). Prosjektet deltok på ein internasjonal landskapskonferanse i Portugal i september 2008.

#### Utvalde kulturlandskap i jordbruket

I 2008 hadde vi ein arbeidsintensiv og svært interessant prosess knytt opp mot prosjektet Utvalde kulturlandskap i jordbruket.

Ei samarbeidsgruppe vart oppretta med representantar frå kulturminnevernet i Hordaland Fylkeskommune, og miljøvern- og landbruksavdelingane hjå Fylkesmannen. I tillegg var det med ein representant frå Naturhistoriske samlingar ved Universitetet i Bergen.

Landbruksavdelinga var koordinator i prosessen, og Kulturlandskapsgruppa var referansegruppe.

Som grunnlag for den regionale utveljinga tok samarbeidsgruppa utgangspunkt i område frå Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap, verneområde (kultur/miljø), vinnarar av Kulturlandskapsprisen i Hordaland, og andre område som ein, eller fleire av faginstansane hadde vore sterkt involvert i.



Dette resulterte i ei liste som omfatta meir enn 40 område. Områda vart vidare vurderte utifrå verdikriteria, biologiske og kulturhistoriske verdiar, eigartilhøve og landskapsregion.

Av dei tre områda i fylket som vart meldt inn til det sentrale sekretariatet i juni, var det området Gjuvlandslia som vart plukka ut for vidare utgreiing og planlegging, med Havrå som 2. prioritet. Forvaltningsplan med skjøtelsplanar for Gjuvlandslia vart sendt inn til sekretariatet i byrjinga av september.

Gjennomgangen som vart gjort i 2008 av tidlegare registrerte verdifulle kulturlandskap gav ei nyttig oppdatering av tilstand og utvikling av områda. Vi ser at vi har store verdiar å forvalte i fylket, samstundes som vi har store utfordringar knytt til tilstandsvurdering og tiltak.

I fleire av områda er det positiv aktivitet knytt til t.d. utarbeiding av forvaltningsplanar, Landskapsarkprosjekt og stor innsats frå grunneigarar. I andre område ser vi ei negativ utvikling knytt til drift og skjøtsel.

### Vurdering av tilstand og utvikling ift kulturlandskapet

I 2008 vart det gjennomført ei evaluering av aktivitet knytt til rydding av attgrodd beite i Hordaland frå 1993 til 2003. Heile 90 % av områda var prega av attgrodd lauvskog før tiltak vart satt inn. Dei fleste av desse områda er i dag opne og vert i dag vurderte som verdifulle kulturlandskapsområde. Tiltaka har hatt størst effekt der bonden har hatt trong for ekstra beite.

Resultata frå evalueringa syner at 50 % av dei løyvde tilskota frå STIL og SMIL har vore avgjerande for oppstart av rydding av attgrodd beitemark. Sambeiting og kunnskap om korleis skal rydde er avgjerande for at bonden skal lukkast med tiltaket. Det er ikkje funne nokon effekt av å nytte plantevernmiddele til stubbebehandling. Effekten av å nytte mineralgjødsel på områda har vore med på å auke både beite- og kulturlandskapsverdi. Alle 70 områda vart klassifisert etter eigen nøkkel.

I fylket er beitebruken viktig for å bremse attgroinga og halde oppe skjøtsel av Beitelandskapet. I samband med RUP Hordaland er det starta opp eit prosjekt som heiter Landskap i drift som skal stimulere til nye driftsmessige løysingar og samarbeidstiltak ift beite og beitedyr, sjå eige heimeside for meir informasjon [www.landskapidrift.no](http://www.landskapidrift.no)

Det er gjort ei kartlegginga av kystlynghei i Sunnhordland med støtte frå -, og i samarbeid med landbruksavdelinga. I 2008 vart det gjort avtale om å gjennomføre ei tilsvarande kartlegging i Midt- og Nordhordland, denne skal vere ferdig sommaren 2009.

Vi vil då ha ei samla kystlyngheikartlegging for heile fylket. Den vil vera svært nyttig både sett opp mot tilskotsforvaltninga av SMIL og RMP, i samband med arealsaker på ulike nivå, og knytt til oppdatering og kvalitetssikring når det gjeld kartlegging av biologisk mangfald.

## 26.2 Samfunnsplanlegging

Det har vore jobba inn mot profesjonalisert reiselivsverksemd i randsona av Folgefonna nasjonalpark. FMLA vil verte heil sentral i dette arbeidet og ein vil byggje på dei gode relasjonane som vart bygd mellom landbruks- og miljøavdelinga i 2008.

Gjennom dette samarbeidet har vi arbeida tett i fht småkraft (eigen fylkesdelplan under utarbeiding), landskapsarkprosjektet og planarbeid generelt. Samarbeidet knytt opp om prosjekt "verdifulle jordbrukslandskap" har og vore en viktig møteplass, og knytt opp mot fylkeskommunen. Landbrukets samarbeid med andre offentlige etater med geodataansvar er velfungerende i Hordaland og har ført til et stadig bedre kartgrunnlag.

Innenfor Geovekst har vi nå oppnådd en meget tilfredsstillende dekning av basis geodata og ortofoto. Vi er nå inne i en fase med større fokus på forbedring- og ajourføring av kartdata enn etablering av nye datasett. For landbruket gir dette et godt grunnlag for støtte i saksbehandlingen av særlig plansaker, men også andre saksfelt og prosjekter. Det sikrer også fortsatt høy kvalitet i arbeidet med gårdskartprosessen og innen tilskuddsforvaltningen i fylket. Når det gjelder metoder for kartlegging i kommunene er det ellers tydelig at laserscanning benyttes i økende grad i geovekstprosjekter. Dette sikrer et særdeles godt høydegrunnlag som vil gi økt nøyaktighet innen blant annet skogkartlegging, planlegging av bygninger og veier.

Når det gjelder bruk av kartdataene hos fylkesmannen har embetet fått anskaffet og iverksatt en intern innsynsløsning for slike data. Dette vil etter hvert kunne gi en mer effektiv saksbehandling med et enda bedre beslutningsgrunnlag enn tidligere i arealbaserte saker.

## Ressursrapportering

| Resultatområde    | FMHO         |              | Sum          |              |
|-------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
|                   | 1510 Fagdep. | 1510 Fagdep. | 1510 Fagdep. | 1510 Fagdep. |
| Resultatområde 21 | 380          |              | 380          | 0            |
| Resultatområde 22 | 172          |              | 172          | 0            |
| Resultatområde 23 | 194          |              | 194          | 0            |
| Resultatområde 24 | 121          |              | 121          | 0            |
| Resultatområde 25 | 113          |              | 113          | 0            |
| Resultatområde 26 | 138          |              | 138          | 0            |
| Sum:              | 1118         | 0            | 1118         | 0            |

## Kunnskapsdepartementet

### Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområdet

#### 31.1 Tilsyn

Det samla tilsynet innan opplæringsfeltet.

Tilsyn som er rapportert

- I høve oppdraget har Fylkesmannen gjennomført *nasjonalt tilsyn* med tema tilpassa opplæring og spesialundervisning. Rapport om dette er sendt til Utdanningsdirektoratet.
- Likeeins har vi gjennomført tilsyn med planlegging av *timtal i vidaregåande skole* og sendt rapport til oppdragsgjevar.
- Det er også utført arbeid med tilsyn på *Stortingets forutsetninger*. Dette er rapportert særskilt. ( pkt 31-3)
- Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga, brukte i 2008 store ressursar på tilsyn med *friskolen/privatskolen John Bauer Bergen*. Det vart gjennomført to tilsyn på dette området. Eit om våren og eit om hausten. Det er sendt egne rapportar til Utdanningsdirekteoratet frå dette tilsynet. Arbeidet med desse to tilsyna er ikkje representative for det som til vanleg går med til to tilsyn.

#### Andre

- Det er gjennomført tilsyn med *Bergen kommune* hadde tema fra nasjonalt tilsyn: spesialpedagogisk hjelp. Det vart nytta mange intervjuobjekt
- Utdanningsdirektoratet har vore i kontakt med *Bårdar Akademiet i Bergen*. Det var på bakgrun av eit tidlegare tilsyn frå Utdanningsavdelinga. Utdanningsavdelinga har ikkje hatt arbeid i denne oppfølginga.
- Vi har hatt 7 tilsyn med godkjenning av *skoleanlegg* på private skolar. Skolene var Akademiet, Vinnes skule, Bergen Private Gymnas, Danielsen ungdomsskole på Sotra, Nordhordland Kristne Grunnskule, Steinerskolen på Skjold, Helsepedagogisk avdeling og Montessorriskolen Det er ikkje funne avvik.
- Det er gjennomført tilsyn med internatdriften ved *Krokeide*. Det ble ikke funnet avvik, men organisasjonsformen er tatt opp med skolen i forhold til § 2-2.
- Utdanningsavdelinga fekk i oktober oversendt ei sak til vurdering frå *Kunnskapsdepartementet* knytt til vidaregåande opplæring, fagopplæringa. Saka har vore tidkrevjande og er ikkje avslutta, men det er halde møte med Fylkeskommunen og den private parten.

Informasjon frå prøver og eksamen har i mindre grad vore nytta i tilsynsarbeidet, men kontoret har auka arbeidet med risikobaserte vurderingar

#### Kommentar:

Tilsyn er hovudoppgåva på utdanningsområdet. Føremålet er å sikra at grunnopplæringa skjer i samsvar med lov og forskrift. Kontoret har saman med region Sør Vest satt igang eit arbeid med å konkretisera riskobaserte vurderingar.

Avdelinga har merka seg at tre kommunar som dei siste åra har hatt systemrevisjon, har hatt etterfølgjande forvaltningsrevisjon på skulesektoren.

Skuleeigarar tek godt imot tilsyna.

**Tilsynsoversikt utdanningsområdet**

|      | Tilsynsobjekt                                 | Tema/Myndighetskrav   | Avvik   | Merknad Pålegg | Metode  | Kommenter   |
|------|---|---|---|----------------|---|---|
| FMHO | Bergen kommune                                | Tilsynet kontrollerte om kommunen oppfyller lovkrav til spesialpedagogisk hjelp, jf. opplæringslova § 5-7 med de krav til saksbehandling som er i kap. 5, og om kommunen har et forsvarlig system for å ivareta dette, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. | Avvik 1 Samme resultatenehet i kommunen utarbeider sakkyndig vurdering og avgjør vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Avvik 2 Bergen kommune har ikke et forsvarlig system for å vurdere om retten til spesialpedagogisk hjelp er oppfylt.  |                | Systemrevisjon                                |   |
| FMHO | John Bauer Bergen AS                          | Privatskolelova §§ 6 - 3, 2 - 2, 4 - 1 m.fl.  | AVVIK 1: John Bauer Bergen har avtaler og betalt kostnader som innebærer at offentlige tilskudd og skolepenger ikke har kommet elevene til gode. AVVIK 2: Skolen har ikke godkjente skoleanlegg for alle elevene. AVVIK 3: Skolen har ikke hatt en forsvarlig ledelse som har sikret at lov og forskrift ble fulgt. Daglig leder kan over tid ikke være innleid. Funksjonen som daglig leder forutsetter utøvelse av daglig lederskap på skolen. Systematisk tilstedeværelse på skolen to ukedager tilfredsstillende ikke dette kravet. AVVIK 4: Styret ved John Bauer Bergen AS har ikke hatt et forsvarlig system som sikrer at skolen blir drevet i samsvar med gjeldende lover og forskrifter. Gjeldende system og arbeid i styret ansees ikke som forsvarlig før det er etablert rutiner som lukker de avvik som er påvist i denne rapporten og som er egnet til jevnlig resultatoppfølging og vurdering av hvorvidt lovverket følges. |                | Systemrevisjon                                | Rapport oversendt Utdanningsdirektoratet for videre behandling        |
| FMHO |   |   |   |                |   |   |
| FMHO | John Bauer Bergen AS/Bergen Private Bymnas AS | Årstimetal, timeplaner, fraværsprotokoller, daglig leder m.m.   | Avvik 1: Elever i skoleåret 2007 – 2008 har ikke fått det undervisningstimetallet de etter læreplanene skal ha i enkelte fag. Avvik 2: Skolen har fått utbetalt for mye i offentlig støtte. Oppgitt elevtall per 01.04.2008 stemmer ikke med fraværsprotokollene. Skolen har fått utbetalt offentlig støtte for to elever som har udokumentert fravær utover 20 timer, og dermed ikke var berettiget til støtte. Avvik 3: Styret ved skolen har ikke hatt et forsvarlig system som sikrer at skolen blir drevet i samsvar med gjeldende lover og forskrifter.   |                | - Systemrevisjon<br>- Gransking av dokumenter | Tilsynsrapport oversendt Utdanningsdirektoratet for videre behandling |

**31.2 Klagesaksbehandling**

**ÅRSRAPPORTERING UNDER RESULTATOMRÅDE 31.2 KLAGESAKSBEHANDLING**

**Klage i grunnskolen:**

| Ty        | Medhold/delvis medhold | Avslag | Avvist/Retur | Sum |
|-----------|------------------------|--------|--------------|-----|
| Bortvisni |                        |        | 1            | 1   |

|  |    |    |   |    |
|--|----|----|---|----|
| Bytte av fremmedspr                    |    | 1  |   | 1  |
| Diverse klag                           |    | 1  |   | 1  |
| Fritak vurdering norsk sidem           |    | 1  |   | 1  |
| Introduksjonslo                        |    | 1  |   | 1  |
| Munnleg eksam                          |    | 2  |   | 2  |
| Permisj                                |    | 1  |   | 1  |
| Skolemilj – Kap 9a                     | 1  | 1  | 1 | 3  |
| Skoleplasseri                          | 2  | 12 | 1 | 15 |
| Skolesta                               |    | 2  |   | 2  |
| Sky                                    |    | 21 | 9 | 30 |
| Spesialundervisning voks               | 1  | 2  |   | 3  |
| Spesialundervisni                      | 11 | 11 | 6 | 28 |
| Klage standpunkt karakter orde og åtfe | 1  | 3  |   |    |
| For seint innkomne klage-standpun      | 3  |    |   |    |

Kommentar: Det er ei auke i talet skyssaker, som i 2007 var 17.

### Klage på standpunkt karakterer i fag i grunnskolen:

| Ty                   | Sendt tilbake for ny vurdering | Avvist | Sum |
|----------------------|--------------------------------|--------|-----|
| Standpunkt karaktere | 98                             | 25     | 123 |

Kommentar: Talet er redusert i høve 2007 (179)

### Klage i videregående opplæring:

| Ty                                 | Medhold/delvis medhold | Avslag | Sum |
|------------------------------------|------------------------|--------|-----|
| Rett til utvida vidaregåan opplæri | 6                      |        | 6   |

### Klage i private skoler:

| Ty                   | Medhold/delvis medhold | Avslag | Retur/annet | Sum |
|----------------------|------------------------|--------|-------------|-----|
| Godkjenning av lokal |                        | 1      |             | 1   |
| Ann                  |                        |        | 2           | 2   |

### Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder:

| Ty                                  | Medhold/delvis medhold | Avslag | Avvist/Retur | Sum |
|-------------------------------------|------------------------|--------|--------------|-----|
| Spesialpedagogisk hjelp for skoleal | 3                      | 1      | 2            | 6   |

Merknad: Det er naudtynt å nytta eigen mal. I høve til Opplæringslova kan ikkje Fylkesmannen gje klager på standpunkt medhold. Dersom det er tvil skal saka sendast attende til skolen. Etter forvaltningslova er det også høve til å senda ei sak attende til kommu

eller avvise saka.

#### Kommentar

Det er ei viss nedgong i klager, men ikkje i samla arbeid med klager. Når det gjeld nedgong klager på vurdering kan dette ha samanheng med at avdelinga har hatt samlingar og rettleiing på området. Vi har også hatt fokus på å analysere kven som klagar, f på fag. Nokre av klagene er tidkrevjande. Dette sett i samanheng med andre oppgåver på kontoret og tilgjengelege ressursar har g det var naudsynt med noko ekstra hjelp til å handsama klager.

Det var mykje arbeid knytt til utvida opplæringsrett i vidaregåande opplæring. Vi har hatt møter med Fylkeskommunen, og vår lovtolkning er tatt opp med Utdanningsdirektoratet. Direktoratet har teke opp nokre av desse spørsmåla i generelle brev og rettleiingsskriv

Fleire av reglane i opplæringslova er , eller blir oppfatta som rettar for elevane. Difor er det også mange som tek kontaktn om regelverket, også på område Kunnskapsløftet, samt vurdering, dokumentasjon og vitnemålsføring

Utdanningsavdelinga har i høve til Justisavdelinga mellombelsteke på seg å hjelpe til med saker om frittak for taushetsplikt. dette saker.

|      | Type klage | Medhold/Delvis medhold | Avslag | Sum |
|------|------------|------------------------|--------|-----|
| FMHO |            |                        |        |     |

### 31.3 Grunnskolen informasjonssystem, GSI

Det er eiga rapportering på dette området.

Avdelinga har satt i gang eit arbeid med områdeovervåking der GSI er ein viktig del.

### 31.4 Informasjon og veiledning

Dette er eit område som tek mykje tid. Foreldre, elevar, skular og skuleigarar tek dagleg kontakt for å be om hjelp. Avdelinga nyttar mellom anna heimesidene til å informera, men telefon og e-post vert i stor grad nytta for å ta kontakt med oss. Dette arbeidet tek tid og er nyttig. Vi tek samstundes omsyn til at kommunane har krav til skulefagleg kompetanse på kommunenivå. Vi rettleiar ofte tilsette på skolenivå om at dei bør gå tenesteveg, men foresette og elevar har ein større fridom til å ta direkte kontakt. Dei private skulane har ikkje eit felles overordna nivå, og vi nyttar tid til desse skulane i tillegg til arbeid med tilsyn.

Vi gjer også merksam på at Kunnskapsdepartementet har ei side der ein kan stilla spørsmål til ministeren og til Kunnskapsdepartementet. Fleire av desse spørsmåla vert sendt vidare til det fylket det avsendaren bur.

### 31.5 Eksamen og nasjonale prøver

Informasjon frå eksamen har i liten grad vore brukt i tilsynet med fylkeskommunen/kommunane og dei private skulane. Det er sett igang arbeid med områdeovervåking for å nytte fleire kilder til risikovurderingar.

Det har for 2008 gått med 2 årsverk til eksamen i grunn og vidaregåande opplæring og til nasjonale prøver.

### 31.7 Tilskuddsforvaltning

Det er eiga rapportering, på desse område og det er gjort. Tertialrapportering for økonomi, del 2 i malen jf. fullmaktsbrevet fra utdanningsdirektoratet.

Det er også eiga rapportering på Kap 225- post 68

### **31.8 Koordinering av sensur for sentralt gitt eksamen i videregående opplæring**

Det er ikkje krav til årsrapport. Rapportering skal skje umiddelbart til Utdanningsdirektoratet dersom det ved gjennomføring av prøver og eksamener vert registrert tilhøve som bryt med forskrifter, læreplanar og andre sentralt gitte retningslinjer, eller dersom det oppstår særlige praktiske problem som det er nødvendig å ta opp sentralt. Fylkesmannen har ikkje sendt inn statistikk etter eksamen i vidaregåande opplæring, då vi føreset at dette no kan takast ut frå PAS. Ved eksamen i grunnskulen har fylkesmannen utarbeidd statistikk på fylkesnivå. Denne er nytta som eit grunnlag i utarbeidinga av oppmannsrapportane.

### **31.9 Forvaltning av private skoler i utlandet**

Gjeld Oslo & Akershus

### **31.10 Pedagogisk-psykologisk tjeneste for elever ved norske private skoler i utlandet**

Gjeld Oslo & Akershus

## **Resultatområde 32 Oppgaver tilknyttet Kunnskapsløftet og annet utviklingsarbeid**

### **32.2 Kompetanseutvikling**

Fylkesmannen, Utdanningsavdelinga, har utført arbeidet i høve oppdraget.

Avdelinga har nytta omlag 23 vekerverk på oppdraget.

### **32.3 Skoleporten**

#### **32.3 Skoleporten**

##### **Samla ressursbruk for arbeidet med Skoleporten:**

Vi har brukt om lag tre veker samla sett til informasjon om Skoleporten.no og til brukaradministrasjon. Den mest hektiske perioden i høve til brukaradministrasjon var i samband med at resultatane frå nasjonale prøver vart kunngjorte. Mange brukarar opplevde at dei var sette som inaktive og måtte få hjelp til å få status som aktive igjen, noko som i seg sjølve fortel at nettstaden har vore lite brukt. Det er få som har vendt seg til Fylkesmannen for brukarstøtte i høve til sjølve bruken av opplysningane som ligg på Skoleporten. I den grad det er gjort, er det ofte fordi ein ikkje finn dei opplysningane ein forventar på Skoleporten.no.

##### **Bruk av informasjonen frå det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet i tilsynsarbeidet:**

GSI har i 2008 vore den viktigaste kjelda til informasjon i tilsynsarbeidet og til områdeovervåking generelt, men også Elevundersøkinga og Utdanningsdirektoratet si statistikkside har vore nytta. Informasjonen vert til dømes nytta i områdeovervåking av

- til dømes avtalar knytt til omdisponering av inntil 25 prosent av timetalet i fag, utviklinga på gruppestorleik i grunnskolane, spesialundervisning med tanke på tidleg innsats, elevar utanfor ordinær opplæring m.m.
- som grunnlag for tilsyn på skolar som såg ut til å bryta Stortingets føresetnader om ressurstildeling
- som del av grunnlaget for val av kommunar i det nasjonale tilsynet - og til val av privatskolar og kommunar i tillegg til det nasjonale tilsynet. GSI gir mange opplysningar i høve til temaet for tilsynet i 2008.
- i førebuinga til gjennomføringa av det nasjonale tilsynet i dei utvalde kommunane.

Sjølve Skoleporten vert i mindre grad brukt. Vi går i større grad direkte til hovudkjelda, som til dømes GSI, fordi Skoleporten berre inneheld eit utval av dei data vi treng i tilsynsarbeidet og opplysningane er ikkje alltid oppdaterte. Under har vi tatt med ei tilbakemelding frå ein skoleeigar som er representativ for fleire synspunkt frå kommunane.

Tilbakemelding frå ein skuleeigar på Skoleporten, datert 26.08.08:

*"På Skoleporten fin ein fylgjande velkomstmelding  
Velkommen til Skoleporten*

*Skoleporten er et verktøy for vurdering av kvalitet i grunnsoppleringen.*

*Målet med Skoleporten er at skoler, skoleeiere, foreldre, elever og andre interesserte skal få tilgang til relevante og pålitelige nøkkeltall for grunnsoppleringen.*

*Som skuleeigar freistar vi å gjera oss kjende med elevundersøkelsen og samanhalda resultatata for dei siste åra for å kunna lesa utviklinga.*

*På skoleporten finn ein resultat frå elevundersøkelsen 2006/2007. Det står ingen ting om kvar ein kan finna andre resultat. Vi har likevel funne ut at ein kan finna andre resultat via Utdanningsdirektoratet si hovudsida ved å gå inn via Brukerundersøkelser, Elevundersøkelser og innlogging med anna brukarnamn og passord enn det som høyrer til Skoleporten. På denne sida finn ein resultat frå elevundersøkelsen 2004-2006 og 2007-2008. Desse rapportane har ei heilt anna utforming enn på Skoleporten og det er såleis ikkje råd å gjera samanlikningar. På Skoleporten er det elles ei rekkje funksjonar som ikkje fungerer, m.a. eksport til reknearkformat. Det kan opprettast eigne grupperingar, men ein kan ikkje få fram resultat frå dei ulike grupperingane. Ein kan t.d. ikkje samanlikna resultat frå gruppa få-delt skule med gruppa full-delt skule.*

*Når det gjeld karakterar, er den siste oppdatering på Skoleporten frå 2006. Når ein skal drøfta og gje rettleiing om utviklinga i ungdomsskulen, er det til lite hjelp når ein manglar resultat både for 2007 og 2008. Det er såleis lite samsvar mellom velkomstmeldinga og den praktiske nytte ein som skuleeigar kan ha av denne sida. Tvert imot så har det gått mykje tid til spille i arbeidet med å leita etter talmaterialet som kan nyttast i dokumentasjon av utviklingsområde."*

## 32.4 Nasjonale strategiplaner, program og utviklingsoppgaver

### Den kulturelle skulesekken

Fylkesmannen har eit tett samarbeid med Hordaland fylkeskommune om å utvikla satsinga på Den kulturelle skulesekken i fylket. Det har vore særleg fokus på kompetanset utviklingstiltak for lærarar knytt til Kunnskapsløftet. Tiltaka er gjennomførte i nært samarbeid med kommunane, representert ved kurssekretærene i regionane. Rapporten Wow faktoren v/Anne Bamford vart presentert på Utdanningskonferansen mars.

### KOM Kreativt Oppvekstmiljø i Skolen

Det treårige prosjektet vart avslutta i 2008. Prosjektet var initiert av Norsk Kulturskoleråd og var eit samarbeidsprosjekt mellom Rogaland og Hordaland. Målet med prosjektet var å motivera og stimulera til å løfta fram den estetiske dimensjonen i skolekvardalen, og å laga eit forpliktande samarbeid mellom kulturskular og grunnskular. Fylkesmannen har vore representert i ei referansegruppe for dette prosjektet.

### Kunnskapsløftet – frå ord til handling

Fylkesmannen sitt arbeid med å rekruttera deltakarar til rettleia runde i Frå ord til handling vart for 2008 avslutta i november 2007. Vi fekk ingen deltakarar i denne runden. Det er Utdanningsdirektoratet som har oppfølgingsansvaret for prosjekta, og det er ingen direkte informasjon om gode prosjekt for spreining frå direktoratet til oss. Nokre prosjekt ønskjer likevel eit samarbeid med Fylkesmannen. Vi har i 2008 hatt god kontakt med prosjektet om elevvurdering som Osterøy kommune står som søkjar for. Dette prosjektet har presentert sitt arbeid for skoleeigarar og rektorar på ein konferanse om elevvurdering i fylket i 2008.

### Lærande nettverk

I 2008 var hovuddelen av arbeidet konsentrert om å motivera skolar til å delta i vidareføringa av dei to nettverka som er leia av Universitet i Bergen og Høgskolen i Bergen. Mange ønskte å vera med eit ekstra år, medan vi valde å invitere skolar frå dei førre nettverka for å fylle deltakarkvoten.

Vi har drøfta erfaringsspreiing med dei tre nettverksleiarane frå Norsk Lærarakademi, Høgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen. Truleg vil det bli ein spreingskonferanse i samband med avslutninga av nettverka i juni 2009.

Midlane til lærarutdanningsinstitusjonane og deltakarskolane vart delt ut i juni etter tildelingsmodellen frå Utdanningsdirektoratet.

### **Etterutdanning i lesing**

I høve eige oppdrag frå Utdanningsdirektoratet 14.03.08, har fylkesmannen lyst ut midlar til etterutdanning i lesing, hatt kontakt med skuleeigarane og Høgskolen i Bergen og tilsdelt midlar. Det er rapportert på bruken av midlane.

### **Oppvekstkonferanse og samlingar for etasjefar**

Den store oppvekskonferansen er knytt till satsingar i skolen, mellom anna lærarrollen, kunst og kultur i opplæringa og IKT. Etatsjefsamlingane vert i hovudsak nytta til informasjon om lov og regelverk, og statlege satsingar.

### **Læringsmiljø og likverdig opplæring i praksis**

Vi har halde innlegg om kap 9a på eigen konferanse. Vi har også gjort det same etter invitasjon for eit anna embete og for Utdanningsdirektoratet.

Vi har saman med VOX og IMDI arrangert samling for lærarar og leiarar i vaksenopplæringa.

Nasjonalt senter for Flerkulturell Opplæring (NAFO) har tatt initiativ til eit nytt prosjekt om flerkulturell kompetanse i barnehagane i Hordaland. Barnehagane som har takka ja til å være med er Laksevåg, Brønnandalen og Ny Krohnborg. Fylkesmannen i Hordaland har valgt å gje ein stonad til kvar av prosjektbarnehagane på kr 35 000. Midlane skal brukast til frikjøp av tid, vikarer, kompetanseheving og rettleiing.

#### **Tverrfagleg samarbeid**

Embete har tverrfaglege grupper som skal samordna arbeid i høve til felles oppgåver på tvers av fagavdelingar. Dette er Barn og Ungegruppen, Plangruppen, og Omsorg 2015.

Utdanningsavdelinga er også representert i Trafikksikringsrådet i Hordaland.

## **32.5 Tiltak innen tilpasset opplæring og spesialundervisning - kap. 230.01**

Fylkesmannen har rettleidd foreldre og skuleeigarar innan tilpassa opplæring og spesialundervisning for barn, unge og vaksne med særskilde behov. På heimesidene våre er det lagt ut informasjon om rettar og klageprosedyre. Vidare har vi dagleg kontakt med skuleeigarar, skular og føresette om ulike spørsmål på dette området.

Fylkesmannen har i 2008 lagt vekt på å informera høgskolane om regelverket for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning, og har hatt fleire forelesingar for studentar ved Høgskolen i Bergen og Folkeuniversitetet. Vi har dessutan informert på møter for ulike organisasjonar og delteke på årleg samling for tilsette i PPT i fylket. Erfaringar frå nasjonalt tilsyn i 2008 er brukt i informasjons- og rettleiingsmøter med skuleeigarane. Vi har òg hatt dagskurs i regelverket for Statped Vest (Sogn & fjordane, Hordaland og Rogaland) og hatt innlegg på samlingar utanfor fylket, etter invitasjon frå KS og andre fylkesmenn.

Fylkesmannen i Hordaland har, i høve til oppdraget, i stor grad nådd måla.

## **32.6 Utviklingsarbeid – Urfolk og nasjonale minoriteter**

Gjeld Nordland, Troms og Finnmark

## **32.7 Opplæring innenfor kriminalomsorgen**

Tre stillingar på kontoret er knytt til dette området. Ei av stillingane er eit 3-årig engasjement som går ut 31.12.2009.



På dette området er Fylkesmannen delegert ansvaret for å følge opp Plan for oppfølging av St.meld.nr. 27 (2004-2005).

### **Oppfølging av St.meld.nr.27 (2004-2005):**

Fylkesmannen i Hordaland har sett i gang følgjande på dette området:

**Realkompetansevurdering.** Det er sett i gang eit nasjonalt 3-årig prosjekt om realkompetansevurdering som Fylkesmannen har delegert til Vox. Oxford Research AS evaluerer prosjektet.

**IKT - fjernundervisning/nettstøtta læring.** Fylkesmannen i Hordaland har sett i gang eit 3-årig prosjekt om nettstøtta læring i opne fengsel og ved oppfølgingsklassene. Oxford Research evaluerer prosjektet.

**Opplæring gjennom heile året.** Fylkesmannen i Hordaland har sett ned ei arbeidsgruppe med representantar for skolane som har fått i oppdrag å utarbeide ulike modellar for opplæring gjennom heile året. Arbeidet blei avslutta i januar 2009.

**Kartlegging av innsett sin utdanningsbakgrunn** Universitetet i Bergen har etter oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland gjennomført kartleggingar av innsette sin utdanningsbakgrunn og innsette sine lese-og skrivevanskar.

**Betre oppfølging av straffedømte.** Fylkesmannen i Hordaland skal ha ansvaret for å prøva ut ein ny modell for tilbakeføring av straffedømde i Sogn og Fjordane og i Rogaland. Prosjektet kom i gang hausten 2008.

**Språklege minoritetar.** Utdanningsdirektoratet har delegert til Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) eit prosjekt for å betre norskopplæringa for språklege minoritetar i norske fengsel.

### **Bidra til at skoleeiere ivaretar sitt ansvar for innsatte i henhold til opplæringslova**

I førebels tildelingsbrev og i tilskottsbrev til fylkeskommunane kvart år blir skoleeigar gjort merksam på dei overordna politiske styringsdokument som gjeld for dette området og for skoleverket generelt. I førebels tildelingsbrev for 2009 blei fylkeskommunane bedne om å lage ein ny plan for opplæringa innanfor kriminalomsorga med dei overordna politiske styringsdokumenta som rettesnor. I dette arbeidet blir fylkeskommunen beden om å ha med samarbeidspartar frå dei aktuelle skolane, kriminalomsorga (lokalt og regionalt), NAV og eventuelt andre aktuelle samarbeidspartar.

Fylkeskommunane, skolane, kriminalomsorga har blitt gjort særleg merksame på Rundskriv G-1/2008 frå Justis- og Kunnskapsdepartementet om *Forvaltningssamarbeid mellom Opplæringssektoren og Kriminalomsorgen*

Fleire Fylkesmenn har i 2008 gjennomført tilsyn med fylkeskommunen på dette området med særleg vekt på om dei innsette som har ein rett til opplæring, får retten sin innfridd.

### **Stimulere til samarbeid og nettverk tverrfaglig og tverretatlig mellom skoleeiere, universitet/høgskoler og andre aktuelle organisasjonar og fagmiljøer**

Fylkesmannen i Hordaland har gjennom tilbudsrunder og etter oppdrag engasjert fleire universitetsmiljø til å gjennomføre evaluering og kartlegging på dette området, til dømes: Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Oxford Research AS.

Ved etablering av nye skoletilbod i fengsel er det alltid ei dagsamling der Fylkesmannen i Hordaland informerer om overordna politiske styringsdokument og politiske føringar på området. Med på desse møta er fylkeskommunen, kriminalomsorga, NAV og eventuelt andre aktuelle aktørar.

I nokre kriminalomsorgsregionar innkallar regionen Fylkesmannen i Hordaland, fylkeskommunane og fylkesmennene for å drøfte opplæringstilboda i regionen. I tillegg er det i ein del fylkeskommunar eit Fagleg forum som drøftar opplæringstilboda i fylkeskommunen.

I Koordineringsgruppa for opplæring innanfor kriminalomsorga møter Kriminalomsorgens sentrale forvaltning og Fylkesmannen i Hordaland 3-4 gonger i året for å drøfte overordna problemstillingar innanfor området (tidlegare var også Utdanningsdirektoratet med i Koordineringsgruppa.

I haust blei rapporten *Innsatte i norske fengsler Utdanning, utdanningsønske og -motivasjon* TemaNord 2008:592 (Nordisk Ministerråd) Det er den første kartlegginga nokonsinne i nordisk samanheng som er gjennomført om innsette sin utdanningsbakgrunn. Initiativet til denne nordiske kartlegginga kom frå Nordisk nettverk for fengselsundervisning. Fylkesmannen i Hordaland har administrert prosjektet og den faglege koordineringa har vore lagt til Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen, i samarbeid med Eikeland forskning og undervisning. Cirius NordPlus Voksen har gitt økonomisk støtte til prosjektet. I tillegg har kartlegginga blitt støtta av kriminalomsorgs- og utdanningsstyresmaktene i dei nordiske landa. Rapporten er også lagt ut på heimesidene til fylkesmannen: [www.fylkesmannen.no/Hordaland](http://www.fylkesmannen.no/Hordaland) klikk Opplæring kriminalomsorg.

Fylkesmannen i Hordaland er kontaktperson for Nordisk nettverk for fengselsundervisning.

### Relevante fagkonferansar som Fylkesmannen har hatt ansvar for eller vore med i planlegginga av:

- Nordisk fengselsutdanningskonferanse i Tromsø i mai med Noreg som vertskap. Målgruppe: alle aktørar som har med opplæring innanfor kriminalomsorga å gjera.
- Landskonferanse - opplæring innanfor kriminalomsorga i september. Målgruppe: skoleverket (departement, Utdanningsdirektorat, VOX, Fylkesmannen i kvart fylke, fylkeskommunen v/utdanningsetat, skolane som er ansvarlege for opplæringa), kriminalomsorga (departement, regionalt nivå, fengselsleiarar, friomsorgsleiarar og KRUS) NAV i fylka, Integrerings-og mangfaldsdirektoratet universitet, høgscolar, andre
- Seminar om nettstøtta læring - april i Bergen
- Europeisk konferanse for *Directors and Co-ordinators* med ansvar for fengselsundervisning i Malmø.

Elles viser Fylkesmannen til eigen nasjonal rapport for området.

**Oppsummering.** Det er ein omfattande aktivitet på dette området. Regjeringa har sagt at det no er etablert opplæringstilbod i dei fengsla som skal ha skole. I 2009 blir det etablert opplæringstilbod i Bodø fengsel, avd. Fauske fengsel og i Arendal fengsel, avd. Evjemoen. I 2010 blir Halden fengsel opna med eit omfattande opplæringstilbod.

I samband med regjeringa si tiltakspakke som blei lagt fram 26. januar er det sett av 20 mill kr til IKT i opplæringa i kriminalomsorga. Kriminalomsorgens sentrale forvaltning (KSF) har tatt ansvar for å drifte ein nasjonal brannmur som gjeld pålogging til sikre sider for skolane. Med denne tilleggsøyvinga kan utrullinga av den nasjonale brannmuren gå mykje raskare og det krev eit nært samarbeid mellom KSF og Fylkesmannen i Hordaland og auka aktivitet for begge partar.

Auken i oppdrag gjer at det er naudsynt å ha meir enn to stillingar på dette området.

## Resultatområde 38 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på barnehageområdet

### 38.1 Tilskuddsforvaltning

Fylkesmannen skal forvaltar tilskot etter

- [Kap. 231 post 60 Driftstilskudd til barnehager](#)
- [Kap. 231 post 60 Tilskudd til tiltak for nyankomne flyktingers barn](#)
- [Kap. 231 post 61 Investeringstilskudd](#)
- [Kap. 231 post 62 Tilskudd til tiltak for barn med nedsatt funksjonsevne i barnehage](#)
- [Kap. 231 post 63 Tilskudd til tiltak for å bedre språkforståelsen blant minoritetsspråklige barn i førskolealder](#)
- [Kap. 231 post 64 Tilskudd til midlertidige lokaler](#)
- [Kap. 231 post 65 Skjønnsmidler til barnehager](#)

Det er eiga rapportering for desse tilskota.

#### Kommentar

Utdanningsavdelinga har hatt ei mengd telefonsamtaler med ulike kommunar og barnehagar om tilskotsordninga. Dette saman med registreringsarbeid og BASIL som krev godkjenning av årsmedling til barnehagane tek mykje tid.

### 38.2 Klagesaksbehandling

#### Merknad

Det er naudynt å nytta eigen mal. Etter forvaltningslova kan ein i ei klagesak oppheva eit vedtak og senda saka attende til kommunen. Dette alternativet står ikkje i det elektroniske skjemaet.

## Barnehageloven § 14 Offentlig tilskudd til private barnehager:

Fylkesmannen i Hordaland har fatta 9 vedtak om likeverdig behandling i 2008. Eit av vedtaka gjekk ut på at klagar ikkje fikk medhald. Dei andre 8 vedtaka gjekk i hovudsak ut på at kommunen sitt vedtak vart oppheva og at saka blei sendt tilbake til kommunen for ny behandling. Saksbehandlingstida har i snitt vore på nesten fire månader. Hovudgrunnen er at dette er svært komplekse og vanskelige saker som krev at fleire tilsette hos fylkesmannen med ulik fagbakgrunn set seg inn i, og er med på behandlinga av, kvar sak (økonomar, juristar o.a.).

Fylkesmannen i Hordaland fekk inn tre saker om likeverdig behandling i 2008. Ei av sakene blei ferdigbehandla i 2008. (Resultatet av saksbehandlinga var at to vedtak ble oppheva og sendt tilbake til kommunen for ny behandling jf ovanfor). (Ei av dei sakene som ikkje vart ferdigbehandla før i januar 2009 gjeld klage frå sju barnehagar).

Fylkesmannen i Hordaland har hatt ein markant nedgang i tal innkomne, og dermed også behandla, saker om likeverdig behandling i 2008, samanlikna med 2007. Ein hovudgrunn til dette håper, og trur vi, er at fylkesmannen har dreve aktiv rettleiing på området. Vi hadde mellom anna i 2007 og 2008 egne dagsamlingar for kommunane i Hordaland der regelverk og rekneark blei grundig gjennomgått. Av dei sakene fylkesmannen har fått inn, blir dei fleste vedtak som nemnt oppheva og saka sendt tilbake til kommunen for ny behandling. Ofte skuldast ikkje dette at vi gir klagar medhald, men at fylkesmannen ved gjennomgang av saka finn andre feil kommunen har gjort.

### Barnehageloven § 10 Godkjenning:

Fylkesmannen har behandla ei klage på godkjenningsvedtak etter barnehagelova § 10. Klaga blei teke til fjølgje. Saksbehandlingstida var på ca fire og en halv måned. Her måtte fylkesmannen m.a. på synfaring i barnehagen. Saka kom inn til fylkesmannen i 2007.

## Barnehageloven § 17 Styrer:

Fylkesmannen har behandla ei klage på kommunen sitt pålegg om styrarressurs etter barnehagelova § 17. Fylkesmannen opprettheld kommunen sitt vedtak. Saksbehandlingstid: i underkant av to månader. Saka kom inn til fylkesmannen i 2008.

## Oppsummering:

Tal behandla klagesaker i 2008: 11

Gjennomsnittlig saksbehandlingstid: 3-4 månader

Tal saker som kom inn i 2008: 4

## Klagesaksbehandling barnehageloven med forskrifter

|      |  | Type klage | Medhold/delvis medhold | Avslag |
|------|--|------------|------------------------|--------|
| FMHO | Klage etter barnehageloven med forskrifter |            |                        |        |

## 38.3 Informasjon og veiledning

- Tiltak:** Konferanse. **Dato:** 27. mars. **Målgruppe:** Barnehagefagleg ansvarleg i kommunane. **Tema:** Rekruttering av menn til barnehagane, røynsler frå prosjektet barnehage +skole =sant og kommunene sine plikter i høve til regelverket om spesialpedagogisk hjelp i barnehagane. **Antall deltakere:** 37
- Tiltak:** Konferanse. **Dato:** 25. september. **Målgruppe:** Dei som arbeider med forskrift om likeverdig behandling i kommunane. **Tema:** Forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i høve til offentlige tilskudd. **Antall deltakere:** 45
- Tiltak:** Konferanse. **Dato:** 4. desember. **Målgruppe:** Barnehagefagleg ansvarlige i kommunane. **Tema:** Lov om barnehagar og dei pliktene kommunen har etter denne lova.
- Tiltak:** Svare på førespurnader pr e-post. **Frå:** Kommunane i Hordaland. **Om:** Forståelse/fortolkning av lov om barnehager. **Omfang:** Ca 8 timer i uken
- Tiltak:** Svare på førespurnader pr telefon. **Frå:** Kommunene i Hordaland. **Om:** Tolking av lov om barnehagar. **Omfang:** Ca 8 timer i veka

Kommentar:  
Det er stort behov for rettleiing. Mot slutten av 2008 vart det stor auke av spørsmål knytt til retten til barnehageplass og til rammefinansiering. Dette vil auka i 2009. Fylkesmennene treng kompetanseauke på desse områda.

## 38.4 Tilsyn

- Tilsyn med:** Austevoll kommune. **Dato:** 20. - 23. mai 2008. **Metode:** systemrevisjon. **Tilsynet omhandla følgjande emne:** Tilsynet undersøkte om kommunen gjennom rettleiing og tilsyn sikrar at barnehagane har tilstrekkeleg og forsvarleg bemanning. Tilsynet kontrollerte og om kommunen som barnehagemyndede handsamar søknader om dispensasjon frå utdanningskrav isamsvar med krav i regelverket, jf barnehagelova § 17 og 18. **Tall på avvik:** 2. **Merknader:** 1. **Avvika ble meldt lukka:** 09.06.08
- Tilsyn med:** Voss kommune **Dato:** 28. oktober - 6. november 2008. **Metode:** systemrevisjon. **Tilsynet omhandla følgjande emne:** Tilsynet undersøkte om kommunen gjennom rettleiing og tilsyn sikrar at barnehagane har tilstrekkeleg og forsvarleg bemanning. Tilsynet kontrollerte og om kommunen som barnehagemyndede handsamar søknader om dispensasjon frå utdanningskrav isamsvar med krav i regelverket, jf barnehagelova § 17 og 18 **Tal på avvik:** 2 **Merknader:** 0. **Avvika ble meldt lukka:** 11.12.08

3. Tilsyn med: Alle kommunane i Hordaland. **Dato:** pr 20. september **Metode:** Rapporteringsskjema. **Tilsynet omhandla følgjande emne:** Kommunane si sakshandsaming av og tilsyn med vedtak om midlertidig og varig dispensasjon frå utdanningskravet etter barnehagelovens §17 og §18. **Funn:** Tilsetjing og dispensasjon i same vedtak. Mange vedtak visar ikkje til kommunen si heimel for å innvilga dispensasjon. Mange vedtak visar ikkje til dei faktiske tilhøva dispensasjonen byggjer på. Styret gjør vedtak for eigen barnehage. Fleire vedtak visar ikkje til klageinstans og klageadgang. Mange kommunar innhenter ikkje naudsynt informasjon om til dømes utlysning og tall på søkjarar. **Oppfølging frå fylkesmannen:** Krav i regelverket og reglar om sakshandsaming i vedtak om midlertidig og varig dispensasjon frå utdanningskravet var tema på konferanse med kommunane 4. desember

### Tilsynsoversikt barnehageområdet

|      | Tilsynsobjekt               | Tema/Myndighetskrav  | Avvik/Funn  | Frist for lukking av avvik | Pålegg | Merknad  | Ressursbruk | Kommentar   |
|------|-----------------------------|--|---|----------------------------|--------|--|-------------|---|
| FMHO | Austevoll kommune.          | Tilsynet undersøkte om kommunen gjennom rettleiing og tilsyn sikrar at barnehaganehar tilstrekkeleg og forsvarleg bemanning. Tilsynet kontrollerte og om kommunensom barnehagemyndehandsamar søknader om dispensasjon frå utdanningskrav isamsvar med krav i regelverket, jf barnehagelova § 17 og 18. | AVVIK 1 Austevoll kommune sitt delegasjonsreglement viser ikkje til gjeldande lovverk for barnehagar. AVVIK 2 Austevoll kommune sikrar ikkje at utforminga av vedtak er i samsvar med krav i forvaltningslova og barnehagelova  | 09.06.2008                 | ■      | MERKNAD 1 Austevoll kommune bør vurdere om mangel på kvalifisert personale på sikt kan føre til at barnehagane ikkje driv i samsvar med lov og regelverk for barnehagar, herunder kva tiltak kommunen som barnehagemyndekann sette inn | 3,5 ukeverk |   |
| FMHO |                             |  |   |                            | ■      |  |             |   |
| FMHO | Voss kommune                | Tilsynet undersøkte om kommunen gjennom rettleiing og tilsyn sikrar at barnehaganehar tilstrekkeleg og forsvarleg bemanning. Tilsynet kontrollerte og om kommunensom barnehagemyndehandsamar søknader om dispensasjon frå utdanningskrav isamsvar med krav i regelverket, jf barnehagelova § 17 og 18  | AVVIK 1 Voss kommune sikrar ikkje at vedtak om dispensasjonar frå utdanningskrava er i samsvar med krav i barnehagelova og forvaltningslova. AVVIK 2 Voss kommune fører ikkje tilsyn med bemanning i barnehagane i samsvar med krav i barnehagelova.  | 11.12.2008                 | ■      |  | 2.5 ukeverk |   |
| FMHO | Alle kommunane i Hordaland. | Kommunane si sakshandsaming av og tilsyn med vedtak om midlertidig og varig dispensasjon frå utdanningskravet etter barnehagelovens §17 og §18   | Tilsetjing og dispensasjon i same vedtak. Mange vedtak visar ikkje til kommunen si heimel for å innvilga dispensasjon.Mange vedtak visar ikkje til dei faktiske tilhøva dispensasjonen byggjer på.Styret gjør vedtak for eigen barnehage. Fleire vedtak visar ikkje til klageinstans og klageadgang. Mange kommunar innhenter ikkje naudsynt informasjon om til dømes utlysning og tall på søkjarar |                            | ■      |  | 2 ukeverk   | Oppfølging frå fylkesmannen: Krav i regelverket og reglar om sakshandsaming i vedtak om midlertidig og varig dispensasjon frå utdanningskravet var tema på konferanse med kommunane 4. desember |

## Resultatområde 39 Oppgaver tilknyttet Barnehageløftet og annet utvikling

### 39.1 Utbygging

Fylkesmannen har på samling med kommunane svart på spørsmål om kommunenes plikt til å syte for at det er nok barnehageplassar. Her har fylkesmannen konkretisert innhaldet i denne plikta.

I Hordaland er det Bergen kommune som har hatt dei største utfordringane med å nå målet om full behovsdekning. Pr 15. oktober 2008 melder kommunen at dei vil klare å gje alle born som har fylt eit år innan utgangen av august 2009 og som søker ved hovedopptak barnehageplass innan utgangen av august. Fylkesmannen har dei siste to år hatt halvårlege tverretatlege møter med Bergen kommune om barnehageutbygginga. Kunnskapsdepartementet fekk direkte referat frå møtet den 15.10.08. Kommunen varsla der at dei ville oppfylle retten til barnehageplass hausten 2009.

På embete er det tverretatleg samarbeid gjennom arbeid i gruppene Barn og Unge, samt i plangruppa. Den sistnevnde gruppa er knytt til plan og bygningslova.

## 39.2 Kvalitetsutvikling

1. Fylkesmannen tildelte i alt kr 2 896 911 til kompetansetiltak i kommunane. Alle kommunane i Hordaland søkte og mottok kompetansemidlar i 2008. 90% av midlane ble delt ut etter tal på barn i barnehage, og 10% ble delt likt mellom alle kommunane. Ein føresetnad for å få tildelt kompetansemidlane, var at kvar kommune utarbeider ein kompetanseplan for sektoren. Dei lokale kompetanseplanene skal byggje på kunnskapsdepartementet sin strategiplan for kompetanseutvikling. Fylkesmannen oppfordrar kommunane/regionene til å samarbeide med dei lokale høyskulane i kompetansearbeidet. Midlane skal kome både private og kommunale barnehagar til gode, og vi føreset at minst 30% av midlane vert brukte til lokalt utviklingsarbeid der alle barnehagar i kommunen kan søkje. Desse midlane kan og nyttast til støtte til vidareutdanning i pedagogisk utviklingsarbeid. Kommunane skal rapportere til fylkesmannen innan 30. januar. Rapporten skal innehalde informasjon om kva tiltak som er sett i verk, kor mange tilsette som har tatt del i tiltaka og kva yrkesgrupper dette gjeld for. Kommunane skal og rapportere om kva barnehagar som har fått midlar til lokale utviklingsarbeid. Pr. 4. februar har fylkesmannen berre motatt rapport frå om lag halvparten av kommunane. Dei innkomne rapportene visar at alle yrkesgrupper i barnehagen har fått tilbod om kompetanseauke, men styrar og pedagogisk leiar får flest tilbod. Rapportene visar og at mange av desse kommunane har hatt tiltak som omhandlar: Språkstimulering, barns medverknad, overgang barnehage -skule og pedagogisk leiing
2. Fylkesmannen løyva og Kr 35 000,- til Nordhordland kursregion til å prøve ut interkommunale metodar for tilsyn med barnehagesektoren
3. Nasjonalt senter for Flerkulturell Opplæring (NAFO) har tatt initiativ til eit nytt prosjekt om flerkulturell kompetanse i barnehagane i Hordaland. Barnehagane som har takka ja til å være med er Laksevåg, Brøndalen og Ny Krohnborg. Fylkesmannen i Hordaland har valgt å gje ein stonad til kvar av prosjektbarnehagane på kr 35 000. Midlane skal brukast til frikjøp av tid, vikarer, kompetanseheving og rettleiing

## 39.3 Nasjonale strategiplaner og særskilte satsingsområder

Fylkesmannen har teke på seg å arrangera ein nasjonal konferanse om likestilling i barnehagar og i grunnopplæringa

Fylkesmannen mottok kr 240 000 for å auke kompetansen i fleirkulturell pedagogikk og språkstimulering for personalet i barnehagane. Desse midlane blei tildelt ulike prosjekt/utviklingsarbeid/kompetansetiltak retta mot arbeid med minoritetsspråklege barn i barnehagane. Både kommunar og barnehagar kunne søkje om slike midlar. 7 barnehagar og 5 kommunar ble tildelt midlar.

Innan 01.06.09 skal det rapporterast til fylkesmannen om bruk av midlar.

Det er gjeve tilskudd til to regionar i Hordaland med tanke på på interkommunalt samarbeid om kommunen som barnehagemynd. Vi har helde innlegg på eit internseminar i fleire regionar. Ein region har presentert sitt arbeid for dei andre kommunane i Hordaland. Dette vart godt tatt imot.

Embete har også halde kurs om tilsyn for kommunane i Telemark.

Fylkesmannen har tildelt kr 78000,- til Barnebygg. Midlane skal nyttast til likestillingsarbeid for barnehagetilsette i fleire fylke. Det er satt krav om rapport og vilje til erfaringsspreiing.

## Ressursrapportering

| Resultatområde     | FMHO                             |    | Sum |    |
|--------------------|----------------------------------|----|-----|----|
|                    | <b>1510 Fagdep. 1510 Fagdep.</b> |    |     |    |
| Resultatområde 31  | 355                              | 76 | 355 | 76 |
| 31.1 Tilsyn        | 145                              | 15 | 0   | 0  |
| 31.2 Klagesaksbeha | 75                               | 20 | 0   | 0  |

**Årsrapport 2008 Fylkesmannen i Hordaland - Innhold:**

|   |     |     |     |     |
|---|-----|-----|-----|-----|
| 31.5 Eksamen og na                              | 90  |     | 0   | 0   |
| 31.7 Tilskuddsførv                              |     |     | 0   | 0   |
| Resultatområde 32                               | 32  | 45  | 32  | 45  |
| 32.2 Kompetanseutv                              | 13  | 12  | 0   | 0   |
| 32.3 Skoleporten                                | 3   |     | 0   | 0   |
| Resultatområde 38                               | 83  |     | 83  | 0   |
| 38.1 Tilskuddsførv                              | 45  |     | 0   | 0   |
| 38.4 Tilsyn                                     | 8   |     | 0   | 0   |
| Resultatområde 39                               | 45  |     | 45  | 0   |
| Landsdekkende oppgaver – Kunnskapsdepartementet | 50  | 92  | 50  | 92  |
| Sum:  | 565 | 213 | 565 | 213 |

## Barne- og likestillingsdepartementet

### Resultatområde 42 Familierett

#### 42.1 Ekteskapsloven og lov om registrert partnerskap

- vedtak om bevilling til separasjon: 1005
- vedtak om bevilling til skilsmisse: 808
- vedtak om bevilling til inngåing av ekteskap under 18 år: 1
- vedtak om bevilling til fritak for å legitimere skifte: 16

#### 42.2 Anerkjennelsesloven

- vedtak om anerkjennelse av utanlandske skilsmisser: 84

#### 42.3 Barneloven

- vedtak om stadfesting av avtale om foreldreansvar, fast bused og samvær: 2

#### 42.5 Veiledning og informasjon

- informere og rettleie kommunar og publikum omlover på familierettens sitt område, ekteskapsloven, barneloven: skriftlege tilbakemeldingar vedkomande barnelova: 10 og telefonbesvarelser: ca 1000. Også om lag 1000 telefonar vedkomande ekteskapslova.

### Resultatområde 43 EØS-avtalens finansielle ordninger

### Resultatområde 44 Familievern

Fylkesmannen i Hordaland har ikke ført tilsyn med familievernet i 2008. Bakgrunnen for denne beslutningen er at det ikke har vært behov og det vises i den sammenheng til departementets brev av 22. januar 2008 om nye retningslinjer for tilsyn med familievernkontorene. I følge disse retningslinjene skal det føres tilsyn minimum hvert tredje år, eller for øvrig så ofte som det anses nødvendig.

Fylkesmannen vil gjennomføre systemrevisjon ved samtlige familievernkontor i løpet av 2009.

## **Resultatområde 45 Barnevern**

### **45.1 Tilsyn med barneverninstitusjoner og oppfølging av og tilsyn med den kommunale barneverntjenesten**

### **45.2 Fritak for taushetsplikt**

- vedtak om fritak for teieplikt for tilsette i barneverntenesta: 60  
(talet inneheld også fritak etter sosialtenestlova)

### **45.3 Kompetansetiltak/Informasjonsvirksomhet**

### **45.4 Biologisk opphav**

-Gje ut opplysningar om den adoptertes biologiske opphav i saker kor fylkesmannen har gitt bevilling til adopsjon: 43.

### **45.5 Eidsvoll omsorgssenter for barn - tilsyn og klagebehandling**

Gjeld FM i Oslo Akershus

### **45.6 Handlingsplan mot kjønnslemlesting**

## **Resultatområde 46 Universell utforming**

Utdanningsavdelinga har ei rolle i samband med godkjenning av lokaler til private skolar. Omsynet til tilgjengelighet ver teken med i slike saker.

Universell utforming er eit moment i uttalar til kommunale planprogram og i høyringsuttalar til kommunale og fylkeskommunale planar.

Universell utforming er godt forankra i Fylkesmannen sitt arbeid og er tverrsektorielt.

## **Resultatområde 48 Likestilling**

*Likestilling:*

Fylkesmannen arbeider for likestilling og er oppteken av at det blir gitt same sjanse til tilsetjing, kompetanseutvikling og avansement uavhengig av kjønn, sosial, etnisk og kulturell bakgrunn. Av dei 185 tilsette er

55% kvinner og 45% menn. Fylkesmannen og assisterende fylkesmann er begge menn. Fylkesmannen har fem fagavdelingar og tre stabseiningar. Administrasjonssjef og to avdelingaleiarar er kvinner.

I arbeidet for likestilling har fylkesmannen sokus på følgjande tiltak:

- Likestillingsaspektet vert alltid vurdert i samband med rekruttering.
- Sjå til at det ikkje oppstår kjønninga lønnsforskjellar.
- Sikre same sjanse for kvinner og menn til karriere og personleg utvikling i jobben.
- Det skal vere mogleg for alle å kombinere jobb/karriere og familieliv.
- Likestillingsperspektivet skal inn i alle aktivitetar i embetet.

Fylkesmannen i Hordaland har føringar for likestillingsarbeidet forankra i den lokale Personalplanen, i Lønnspolitiske retningslinjer og i Tilpasningsavtalen. Embetet har utarbeida eigen rapport om likestillingsarbeidet i 2008, jfr. Aktivitets- og redegjæringsplikten.

#### *Leiarstillingar:*

I løpet av 2007 og 2008 var det kunngjort 3 leiarstillingar ved embetet. Den prosentvise fordelinga av kvinner og menn var 33% kvinner og 67% menn.

Pr. 31.12.2008 var det 5 kvinner (31%) og 11 menn (68%) tilsett i leiarstillingar (då er seksjonssjefar/underdirektørar medrekna).

## **Ressursrapportering**

| Resultatområde     | FMHO                | Sum                 |       |
|--------------------|---------------------|---------------------|-------|
|                    | <b>1510 Fagdep.</b> | <b>1510 Fagdep.</b> |       |
| Resultatområde 42  | 160                 | 160                 | 0     |
| Resultatområde 44  | 4                   | 4                   | 0     |
| Resultatområde 45  | 180                 | 180                 | 0     |
| 45.1 Tilsyn med ba | 70                  | 0                   | 0     |
| Resultatområde 46  |                     | 0                   | 0     |
| Resultatområde 48  |                     | 0                   | 0     |
| Sum:               | 344                 | 0                   | 344 0 |

## **Justis- og politidepartementet**

### **Resultatområde 51 Siviladministrasjon**

#### **51.1 Stiftelser**

#### **51.2 Vergemålsloven**

##### **Oppgaver etter vergemålsloven**

| Embeter    | Antall saker | Antall tilsyn |
|------------|--------------|---------------|
| FMHO       | 19           | 0             |
| <b>Sum</b> | <b>19</b>    | <b>0</b>      |

#### **51.3 Forlikrådene**



## 51.4 Tilsynsråd for fengslene

## 51.5 Tomtefestelov

Ikkje saker i 2008

## 51.7 Kommunale politivedtekter

## 51.8 Hundeloven

# Resultatområde 52 Borgerrettigheter

## 52.1 Fri rettshjelp

## 52.3 Navneloven

Handsama 7 klagesaker i 2008. Av desse vart 2 saker omgjort.

# Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

## 53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer

Oppstart revisjon av FylkesROS Hordaland 2004 m.a. med vektlegging av klimatiske utfordringar og sikring av kritisk infrastuktur. Aktiv pådrivar og deltakar i fleire regionale fora og samarbeidsorgan (eksempelvis fylkesberedskapsrådet).

## 53.2 Risiko- og sårbarhetsanalyser

Oppstart revisjon av fylkesRos 2004. Tema: Akutt ureining, Epidimiar, Opprett, Storulukker/samferdsel, Atom, Drikkevatt, Kritisk infrastruktur, Klimaendring/natur, Kjemikalier/farleg gods/brann/eksplasjon, IKT, Dambrot, Energiforsyning.

Ved beredskapstilsyn i kommunane er Ros/Bis prioriterte tema. I kommuneplan/del og einskildsaker er Ros eitt av fleire punkt som spesielt vert ettersett.

ROS frå Nasjonale/regionale fagetatar m.m. vert til ein viss grad innarbeidt i FylkesROS innanfor nærare kriteriar.

## 53.3 Arealplanlegging

Beredskapseininga deltek i dei faste interne planforum på embetet. I tillegg deltek eininga også i felles planforum med m.a. fylkeskommunen.

Beredskapseininga har også delteke og vore med i fleire KU prosessar spesielt innan større samferdsleprosjekt.

Oversikt skred og flaumutsette område inngår m.a. i revisjon av fylkesROS. Beredskapseininga har og tett kontakt til m.a. NVE i konkrete dam og flaumrelaterte hendingar og ordinære plansaker.

Beredskapseiinga har i 2008 kome med innspel til fleire motsegn i plansaker spesielt kva angår lokalisering og mangelfull ROS.

I samband med tilsyn i kommunane vert det og vektlagt prosessar og rutinar i den kommunale arealforvaltning.

## **53.4 Veiledning og systematisk gjennomgang og vurdering av kommunene**

Beredskapseiinga deltek aktivt med innspel ved rullering av kommuneplanar, arealplanlegging, reguleringsplanar og bebyggelsesplanar.

Fylkesmannen har i sin informasjon og veiledning m.a. skjerpa krava til dei venta klimautfordringane.

I ulike samanhengar og ved samlingar med sakshandsamarar i kommunane deltek beredskapseiinga og yter veiledning/informasjon om m.a. auka bruk av ROS-metodikk og at det vert teke omsyn til utarbeidd aktuell ROS.

I 2008 er det ført systematisk tilsyn med beredskap og samfunnsikkerheit i 8 av 33 kommunar i Hordaland (Øygarden, Meland, Lindås, Odda, Austevoll, Kvinnherad, Voss, Fjell).

Tema ved tilsyna har vore: Målsetjing, ROS, BIS, Kriseplanar/Krisehandtering, Kompetanseheving/Oplæring/Øvingar.

## **Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser**

### **54.1 Beredskapsplaner innen samfunnsikkerhet**

Fylkesmannen får i hovedsak inn alle overordna krise/beredskapsplanverk frå kommunane når dei vert revidert/oppdatert. Det vert gjeve tilbakemelding og råd til dei fleste kommunane. Beredskapsplanverket vert og særskilt vurdert gjennomgått i samband med dei kommunale beredskapstilsyna.

Kontaktmøte med kraftforsyningens distriktssjef vedrørende aktuelle beredskapstiltak, rasjonering og objektberedskap. Kontaktmøte vedrørende oppdatering/status for skjermingsverdige objekt vert i hovedsak gjennomført med politiet, forsvaret og i noko grad objekteigarar. I plan og utbyggingssaker vert det og gjort objektvurderingar i samråd med forsvaret og politiet.

Fylkesmannen sitt kriseplanverk (SBS) delen har ikkje vore prioritert i 2008.

Samordning og regional krisehandtering har m.a. vore prioriterte tema i samband med samlingar i fylkesberedskapsrådet og det regionale atomberedskapsutvalet.

### **54.2 Kommuneøvelser**

Fylkesmannen gjennomførte i 2007 ei større pandemiøving for alle kommunane i Hordaland. I 2008 har arbeidet med evaluering og oppfølging av forbetningspunkt vore prioritert.

I 2008 (9.april) gjennomført fylkesmannen ei omfattande varslingsøving til kommunane der varslings- og rapporteringsrutinar vart testa.

Oplæring og øvingar er også tema for fylkesmannen sine beredskapstilsyn i kommunane.

Fylkesmannen har og delteke og vore aktivt med i øvingar i Bergen kommune i 2008 m.a. avdi Bergen kommune/Bergensområdet representerer omlag 3/4 av befolkninga i Hordaland.

### **54.3 Regional samordning – øvelse**

Embetet si leiargruppa var m.a. deltattig i ei kriseøving med tema Atom/reaktoruhell Haakonsvern. Leiargruppa og deler av krisestaben var også trekt inn i mindre krisehandteringar/varslingar i 2008.

I samvirkeøvinga Bjørgvin 2008 i Bergensregionen med deltaking frå Forsvaret, Bergen kommune, Havnevesen, Politi, Helse og Brann var og deler av leiargruppa/krisestaben involvert.

DSB gjennomførte i 2008 (juni) beredskapstilsyn med fylkesmannen. Her var og krisestab/krisehandtering tema i tilsynet.

### **54.4 Havneberedskap – øvelse**

Gjeld ikkje Hordaland

### **54.5 Samarbeid med Forsvaret – øvelse**

Fylkesmannen har i 2008 hatt fleire kontaktmøte/samlingar med forsvaret (og andre) bistandsmyndigheiter for m.a. å styrkja ei heilheitleg og samordna krisehandtering. Vektlegging av ei samtidig og eintydig innsyn i situasjonar for å kunna gje maksimal støtte/bistand til "kriseeigar".

Øvelse Bjørgvin 2008 i Bergensområdet avdekkja m.a. trong for auka innsikt og kontakt ved krisehandtering.

Vidareføring av Samvirkeøvingar i Bergensområdet 2005-2008 skal revurderast i 2009.

### **54.6 Regional samordning**

Fylkesmannen har m.a. gjennomført ei 2 dagers møte/samling i det utvida fylkesberedskapet.

Atomberedskapsutvalet har i 2008 hatt ei dagssamling med fagleg opplæring og ei krisehandteringsøving (reaktoruhell Haakonsvern). Bergen + 5 omegnkommunar deltok og i denne samlinga/øving.

Fylkesmannen har i 2008 handtert mobfritaks saker for kommunar og prioriterte bedrifter. Fylkesmannen har vidare prioritert vernepliktsverket sitt krav til å redusera talet verksemder med fritak som ikkje er "viktige" ved ei mobilisering.

Frivillige organisasjonar har også i 2008 m.a. delteke i fylkesberedskapsrådet. Ved beredskapstilsyn i kommunane har det også vore fokusert på at kommuneale beredskapsråd må ha ei breid samansetjing herunder at frivillige organisasjonar er respresentert.

### **54.7 Utvikling av nasjonalt ressursregister for redning og beredskap (NARRE)**

Narre pilot i Hordaland. Det vart i 2008 m.a. gjennomført evalueringsmøte (26.8.) med alle aktørar for å gje innspel til DSB/Justisdepartementet.

Det har og vore gjennomført brukaropplæring i 2008. Vidare har ei brukargruppa vidareført den regionale kontakten med brukarane i kommunar og fagorgan m.m. i Hordaland.

Nøkkelpersonell knytt til NARRE slutta hausten 2008, dette har medført personellmessige utfordringar med vidare drift og oppfølging av NARRE inn i 2009.

### **54.8 Felles digitalt nødnett**

Gjeld ikkje Hordaland

## **Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering**

### **55.1 Organisering for krisehåndtering**

Krisestaben (kjernestaben) er utpeikt og deltek ved behov i krisehantering og øvingar. Staben vert utvida med ytterlegare personell frå embetet eller ekstrene alt etter kva situasjon som skal krisehanterast. Deler av staben har i 2008 m.a. delteke i varslings/rapporteringsøvingar og atomberedskapsutvalet sine samlingar og øving.

Ved beredskapstilsyn i kommunane er kriseorganisasjon og krisehandtering tema. Kriseplanar frå kommuane som vert sendt inn til fylkesmannen vert og gjennomgått og det vert gjeve uttale/råd når ein finn det tenleg.

Det er i 2008 installert klient gradert meldingsutstyr. Utstyret er montert/installert av forsvaret og sertifisert godkjent.

Opplæring/innføring i kryptotenesta for nytt personell er starta opp i 2008. Kryptokvalifisering/klarering av 2 nye personar utstår til 2009.

### **55.2 Krisehåndtering**

Regional krisehandtering vert i hovudsak initiert via heile eller deler av fylkesberedskapsrådet og Atomberedskapsutvalet i tillegg til fylkesmannen sin kjernestab.

Krisehandtering er og tema ved beredskapstilsyn i kommuane. Varsling og rapporteringsrutinar vert og øvd særskilt. Varslings- og rapporteringsøving til alle kommune i Hordaland 9. april.

Utover dette vert det formidla ulike beredskapsvarsel /meldingar til kommunar og regionale beredskapsorgan. I 2008 vart det loggført 26 slike hendingar.

### **55.3 Evaluering**

Evaluering skjer i hovudsak etter øvingar og hendingar m.m.

29.1.2008 vart det gjennomført sluttevaluering etter pandemiøvinga 2007 med alle kommunane i Hordaland og aktuelle regionale organ.

9.4.2008 Evaluering etter varsling og rapporteringsøving med alle kommuane.

26.8.2008 vart det gjennomført evaluering av NARRE med alle brukarar samt sentrale oppdragsgjevarar DSB og Justisdepartementet.

I tillegg føl fylkesmannen ulike situasjonar som har eller kan ha ponsiale for krisehandtering i mindre eller større omfang. Evaluering/gjennomgang er i høve til vår evne til å oppfylla varsling og rapportering samt ivareta fylkesmannen si rolle som regional samordningsmyndigheit.

Evaluering/gjennomgang av større hendingar vert og teke opp i fylkesberedskapsrådet sitt faste årlege møte (7. og 8. februar).

Evaluering og lærdom av hendingar utanfor fylket vert og presentert med tanke på om tilsvarande hendingar skulle skje i Hordaland.

Ved hendingar som utløyser rapportering vert det meldt på samordningskanal til DSB i tillegg til fagrapportering.

## Ressursrapportering

Beredskapseininga har 4 tilsette (4 årsverk), men pga. turnover har fleire stillingar stått ledig periodar av året 2008. Fordeling på respektive resultatområde er basert på skjønn. Utgangspunktet er 52 veker x 4, med frådrag av 5 veker ferie x 4. I tillegg er det trekt frå 18 veker (1+3 månader) kor stillingar har vore ledig.

| Resultatområde     | FMHO         |              | Sum |
|--------------------|--------------|--------------|-----|
|                    | 1510 Fagdep. | 1510 Fagdep. |     |
| Resultatområde 51  | 34           | 34           | 0   |
| 51.2 Vergemålslove | 30           | 0            | 0   |
| Resultatområde 52  | 160          | 160          | 0   |
| 52.1 Fri rettshjel | 157          | 0            | 0   |
| Resultatområde 53  | 88           | 88           | 0   |
| Resultatområde 54  | 46           | 46           | 0   |
| Resultatområde 55  | 36           | 36           | 0   |
| Sum:               | 364          | 0            | 364 |

## Kommunal- og regionaldepartementet

### Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

#### 61.1 Kommunerettet samordning

Fylkesmannen i Hordaland har i 2008 fortsett arbeidet med å samordne statlege etatar i fylket/regionen. Det er oppretta et eige statsetatsleiarforum som vert samla med jamne mellomrom. Forumet organiserar også eit årleg seminar over to dagar med kommuneleiing der aktuelle tema vert tekne opp til diskusjon. I år var vegutrifordringar på Vestlandet, ulovleg bygging, NAV, brann- og redningsteneste, asylpolitikk og miljøforvaltning i kommunane hovudtema.

Fylkesmannen personleg leiar fylkesberedskapsrådet. Rådet samlar regionale aktørar med relevans til beredskapssituasjonen. I rådet inngår statlege organ, kommunar og andre organisasjonar/bedrifter.

Fylkesmannen sine avdelingar legg vekt på samordning etter fagområde og oppgåve, men for 2007 kan spesielt tema barn og unges oppvekstmiljø, samfunnssikkerheit og beredskap, samordna informasjonsstrategi og samordning innan plansaker nemnast. Kvar 14. dag blir det haldt internt møte med avdelingsleiarane – noko som bidrar til samordning innerter og utetter.

Embetet deltar på regionmøte i fylket saman med andre regionale statsetatar. Fylkesmannen deltar i regionstyret for Innovasjon Noreg, og deltek aktivt i fylkeskommunen sitt arbeid med regional utviklingsplan og regional næringsutvikling.

Det eksisterer eit tverrfagleg forum for plansaker internt på embetet. Forumet er med jamne mellomrom utvida til å også omfatte Fylkeskommunen .

Fylkesmannen orienterar vidare kommunen om rettigheter og plikter på dei ulike saksfelt, og gir rettleiing generell sakshandsaming og bruk av lovverk for å sikra kvaliteten på sakshandsaminga.

Gjennom tilsyn, rådgjeving, sakshandsaming, møter, samlingar og kurs søker embetet å innfri sine oppgåver med omsyn til å orientere om plikter og fridom kommunane har ved innføring av statleg politikk på alle saksfelt.

Embetet arrangerer årleg rundt 60 konferansar/seminar, i hovudsak retta mot kommunane, på ymse fagområde.

#### 61.2 Omstilling og fornying i kommunene

Vi fordelte opphavelig ordinære skjønnsmidlar til kommunane for 2008 med 124,8 mill av ei ramme på 130,3 mill. Ufordelt ramme vart satt av til prosjektstønad (kr. 2,5 mill) og generell fordeling (kr. 3 mill). Innanfor prosjektskjønn vart tre kommunar som deltok i kvalitetskommuneprogrammet gitt ekstra skjønnsmidlar. I Embetsoppdraget står at Fylkesmanen skal delta med kompetanse og midlar. Vi har deltatt med midlar og stilt vår kompetanse til rådvelde, men har så langt ikkje vorte invitert til å bidra med denne. Dette gjeld ikkje berre Hordaland.

Fylkesmannen har tidligere vore ein aktiv deltakar i KS sitt effektiviseringsnettverk. Grunna personalutskiftningar i KS har denne aktiviteten vore lågare i 2008 enn tidligare år.

Fylkesmannen har nytta øvrig pott relatert til prosjektskjønn til 11 andre prosjekt i samband med fornying og omstilling - gjerne interkommunale, sjå også 65,2

Det rapporterast på anvendiga av desse midlane, og slik leggast grunnlag for erfaringsutveksling. Elles går erfaringsutveksling og løysingar frå forskjellige kommunar ofte inn gjennom vårt ordinære rettleiingsarbeid.

Våre felles møteplassar med kommunane nyttast også til eraringsutveksling og andre ting knytt til omstilling og fornying.

### **61.3 Samordning av statlig tilsyn**

Fylkesmannen har orientert internt i embetet om Kap 10a. Likeledes er det holdt orientering for kommunene i fylket samt relevante statsetater. Det er avholdt et dialogmøte mellom Arbeidstilsynet og Etne kommune, pleie og omsorg.

Fylkesmannen har vært engasjert av Statens Forurensningstilsyn (SFT) og Direktoratet for Naturforvaltning (DN) for å undersøke hvordan kommunen forholder seg som forvalter av miljøregelverket. Oppdraget gikk ut på å utarbeide og avholde kurs i systemrevisjon som tilsynsmetode for fylkesmennene. Utarbeide kursmaterieill og bistå SFT og DN i den landsomfattende undersøkelsen.

Fylkesmannen har på oppdrag fra Barne- og Likestillingsdepartementet og The Council of the Baltic Sea states utarbeidet og avholdt et kurs i systemrevisjon som tilsynemetode for deltakere fra Estland, Litauen, Latvia og Danmark.

## **Resultatområde 62 Kommuneøkonomi**

### **62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven**

Embetet har gjennomført legalitetskontroll av budsjetta frå dei kommunane som står oppført i ROBEK. Det vart elles ikkje gjennomført lovlegkontroll på budsjettvedtak i 2008 . Fylkesmannen gjennomgår budsjetta for samlege kommuner i fylket, og rapporterar tilbake i brevs form - også til kommunar utanfor ROBEK. Kommunane sin økonomi blir også gjennomgått på andre måtar, t.d. gjennom økonomirapportar laga på førebelse og endelege KOSTRA-tal. Fylkesmannen si oversikt over den økonomiske stoda knytt til økonomibestemmelsene er difor god.

Ved inngangen til 2008 var det seks kommunar som var registrert i ROBEK, mens det ved utgangen var fire.

Fylkesmannen skal godkjenne låneopptak etter kommunelova § 60 (for kommunar o ROBEK). Vi har i løpet av året godkjent 13 enkeltsaker vedrørende låneopptak. Dette er særskilte handsamingar, dvs ikkje som ein del av lovlegkontroll av budsjett. Langsiktige leigeavtalar er rekna med.

Vidare har vi handsama 22 saker om godkjenning av kommunale garantiar. Av desse vart ein avslått. I tillegg vart ein garantisak stoppa før vedtak.

### **62.2 Økonomiforvaltning – veiledning**

Vi har sendt brev til kommunane via e-post med informasjon om statsbudsjettet og kommuneproposisjonen så snart dette vart offentleg. Samstundes blir informasjonen lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider.

Fylkesmannen sine økonomirådgevarar er i tett dialog med kommunane under heile prosessen. Vidare held fylkesmannen personleg innlegg om verknadene av statsbudsjettet for kommunane i Hordaland under KS sin haustkonferanse.

Vi har også i 2008 gått gjennom alle kommunale årsbudsjett og sendt brev med individuell tilbakemelding til alle kommunane, også dei som ikkje er i ROBEK. Denne ressurskrevjande praksis gir, saman med gjennomgang av rekneskapan, fylkesmannen god oversikt over den økonomiske tilstanden i fylket.

Embetsleiinga og økonomirådgevarane møter ofte den einskilde kommune for ein gjennomgang av status og utfordringar. Fylkesmannen personleg har delteke på i underkant av 20 slike møter i 2008.

Vi har særleg lagt vekt på å halda ein tett kontakt med kommunar som står oppført i ROBEEK eller som står i fare for å komme på denne lista. Vi har sett krav om gjennomføring av konkrete innsparingstiltak, men har overlata til kommunane sjølve å gjere framlegg om aktuelle tiltak.

I 2008 heldt vi tilbake 2,5 mill kroner som blei gitt til 14 omstillingstiltak i kommunesektoren, hovudsakleg interkommunale tiltak.

Vi har rettleia kommunane i bruk av KOSTRA, både rekneskapsføring og rapportering. Vi har i alle tilgjengelege fora, og pr. brev, oppmoda kommunane til å nytte KOSTRA. Ved publisering av foreløpige tal har vi merka at nokre kommunar har vist mangelfull rapportering. Dette har vi påpeikt og følgd særskild opp. Resultatet er at medan 11 kommunar ikkje rapporterte førebelse resultat og balansetal for 2005, og talet for 2006 var tre, var vi i 2008 (2007-tal) nede i to. Kvaliteten er også stigande. Embetet har oppretthalde presset og vonar at resultatet for 2008-tala er endå betre.

Fylkesmannen har brukt KOSTRA i sin dialog med kommunane og i anna statistikk og har i år utarbeida samanfattande rapportarom den økonomiske stoda i alle fylket sine kommunar (førebelse og endelege tal).

Rapportane gjeld perioden 2003-2007. I tillegg er det lagt ut 2007-tal for den einskilde sektor i den einskilde kommune i form av rapportgeneratorar. Både rapport og rapportgenerator er lagt ut på heimesidene våre og elles marknadsført overfor kommunane. Denne bruken av KOSTRA har, saman med gjennomgang av tal i blant anna effektiviseringsnettverka (i mindre grad i 2008), vert nyttig for kvalitetssikring av tala.

For 2009 har Fylkesmannen fordelt kr. 123,7 mill av kr. 132,4 mill. Av desse er kr. 3,-mill haldt av til prosjektskjønn, mens kr. 5,7 mill er ufordelt. Prosjektskjønn og ufordelt skjønn fordelast i løpet av året.

## Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

### 63.1 Kommunalrett

Etter brev frå Kommunal- og regionaldepartementet har FMHO tatt kontakt med samlege kommunar i Hordaland med tanke på om samansetninga av kontrollutvala var i tråd med kommunelova etter endring (jf kommunelova § 59 nr 6), dvs om dei er samansatt med minst eit medlem frå kommunestyret.

Ein av 33 kommunar var ikkje i tråd med kravet, men her var kommunen alt i gang med nytt vedtak. FMHO skreiv i brev at ein valte å avvenda lovlegkontroll. Nytt vedtak vart fatta i kommunen i tråd med lovendringa og lovlegkontroll vart ikkje føretatt.

#### Lovlighetskontroll

| Embeter    | Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i |                     |                 | Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen |                     |                 | Vedr. habilitet | Vedr. lukking av møter |
|------------|---|---------------------|-----------------|---|---------------------|-----------------|-----------------|------------------------|
|            | Antall saker  | Antall opprettholdt | Antall ulovelig | Antall saker                                | Antall opprettholdt | Antall ulovelig |                 |                        |
| FMHO       | 12  | 8                   | 4               | 0   | 0                   | 0               | 2               | 0                      |
| <b>Sum</b> | <b>12</b>   | <b>8</b>            | <b>4</b>        | <b>0</b>                                    | <b>0</b>            | <b>0</b>        |                 |                        |

### 63.2 Valg

Det vart ikkje haldt val i 2008

## Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentlighetsloven i forhold til

## kommunesektoren

Antall klager på avslag om begjæringer om innsyn, jf. offentlighetsloven § 9 tredje ledd og forvaltningsloven § 21 annet ledd

| Embeter    | Antall   |
|------------|----------|
| FMHO       | 8        |
| <b>Sum</b> | <b>8</b> |

## Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

### 65.1 Kommuneinndeling

Fylkesmannen har satt i gang utgreiing av grensejustering mellom Vaksdal og Modalen. Grendalaga i Eksingedalen og Eidslandet har, etter initiativrett, bedt om å bli overført til Modalen kommune.

Arbeidet er påbegynt og vil bli slutført fra embetets/kommunanes side i 2009.

Det er elles ingen inndelingssaker.

### 65.2 Interkommunalt samarbeid

Embetet har i 2008 blitt rådspurd i samband med interkommunalt samarbeid. Generelt er aktiviteten høg på dette området, særleg når det gjeld tekniske tenester.

I samband med prosjektskjønn har Fylkesmannen tildelt midlar til fleire kommunar for interkommunalt samarbeid. Av dei 14 prosjekta som mottok slike midlar var 10 interkommunale.

## Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

### 66.1 Byggesaker

### 66.2 Saker om ekspropriasjon

Tilsaman 10 saker om ekspropriasjon:

1 klagesak over kommunens vedtak om ekspropriasjon etter plan- bygningslov § 35

4 ekspropriasjonssaker som første instans etter oreigningslova § 2, nr. 12, 31 og 47

Vi avslo søknaden i 3 av sakene - samtykket i 1

1 av sakene er klaga til KRD og SFT

5 saker om å sette iverk ekspropriasjonstiltak før skjøn - oreigningslova § 25

Vi avslo søknaden i 1 av sakene

3 av desse sakene er klaga - 1 klage trukket



## 66.3 Klage etter eierseksjonsloven

### Klage etter eierseksjonsloven - antall

| Embeter    | Antall klager | Tatt til følge | Ikke tatt til følge | lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen   |
|------------|---------------|----------------|---------------------|--|
| FMHO       | 3             | 3              | 0                   | Følgjande heimlar vart nytta i vedtaka: 1.Eierseksjonslova § 6, andre ledd, tredje punktum 2.Eierseksjonslova §6, fjerde og femte punktum 3. Forvaltningslova § 31 - pga klage på kommunen sitt vedtak om å avvise klage på vedtak om seksjonering |
| <b>Sum</b> | <b>3</b>      | <b>3</b>       |                     |  |

## 66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

Det har ikkje vert slike saker ved embetet i 2008

### Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

| Embeter    | Antall klager | Tatt til følge | Ikke tatt til følge | lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen |
|------------|---------------|----------------|---------------------|--|
| FMHO       | 0             | 0              | 0                   |  |
| <b>Sum</b> | <b>0</b>      | <b>0</b>       |                     |  |

## Ressursrapportering

Rapportering ressurser:

64. Off.l. - det vil medgå mer ressurser kommende år pga opplæring i ny lov

66.1 Byggesaker - det vil medgå mer ressurser framover. Området er blitt styrket i siste halvdel av året, samtidig har det vært innleid ressurser. Ved en fortsatt øket bemanning i forhold til saksmengden vil framtidig ressursbruk være høyere.

| Resultatområde    | FMHO                | Sum                 |
|-------------------|---------------------|---------------------|
|                   | <b>1510 Fagdep.</b> | <b>1510 Fagdep.</b> |
| Resultatområde 61 | 52                  | 52 0                |
| Resultatområde 62 | 58                  | 58 0                |
| Resultatområde 63 | 7                   | 7 0                 |
| Resultatområde 64 | 10                  | 10 0                |
| Resultatområde 65 | 10                  | 10 0                |
| Resultatområde 66 | 443                 | 443 0               |
| 66.1 Byggesaker   | 420                 | 0 0                 |
| Sum:              | 580 0               | 580 0               |

## Arbeids- og inkluderingsdepartementet

### Resultatområde 73 Sosialtjeneste

#### 73.1 Lov om sosiale tjenester

##### Få klagar etter sosialtenestelova i 2008

Fylkesmannen i Hordaland mottok 380 klagar i fjor, og det er det lågaste sidan lova trådde i kraft i 1993. Det er ikkje unaturleg å sjå nedgangen i klagesaker hjå Fylkesmannen i samanheng med reduksjonen i sosialhjelpsmottakarar og sosialhjelpsutbetalingar i kommunane.

Dei siste seks åra har talet innkomne sosialklager utvikla seg slik i vårt fylke:

|      |     |      |
|------|-----|------|
| 2003 | 629 |      |
| 2004 | 584 | - 45 |
| 2005 | 560 | - 24 |

|      |     |      |
|------|-----|------|
| 2006 | 523 | - 37 |
| 2007 | 466 | - 57 |
| 2008 | 380 | - 86 |

Fylkesmannen behandla i alt 356 sosialklagesaker i 2008. Desse fordeler seg slik på tema:

|                       |            |      |
|-----------------------|------------|------|
| Økonomisk sosialhjelp | 250 klagar | 70 % |
| Sosiale tenester      | 89 klagar  | 25 % |
| Andre sakstypar       | 17 klagar  | 5 %  |

Dei fleste klagane vi behandla kom frå Bergen, som hadde 74 prosent av klagesakene i Hordaland i 2008. Utanom Bergen var det berre tre kommunar som hadde meir enn ti klagesaker i 2008. Desse tolv kommunane hadde ingen sosiale klagesaker hjå Fylkesmannen i 2008: Eidfjord, Etne, Fedje, Fitjar, Jondal, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Radøy, Ullensvang, Samnanger og Sveio.

Ved behandling av klagane endra Fylkesmannen 67 av dei påklaga vedtaka, noko som utgjør 19 prosent (mot 17 prosent i 2007). Av dei 67 endra vedtaka vart 21 gjort om til gunst for klagaren, medan 46 vedtak vart oppheva og sende attende til kommunen for ny behandling. Fylkesmannen endra 14 prosent av dei påklaga vedtaka som gjaldt økonomisk sosialstønad og 28 prosent av dei påklaga vedtaka som gjaldt sosiale tenester, altså dobbelt så mange.

Fylkesmannen har krav frå Helsetilsynet om å behandla 90 prosent av sosialklagesakene innan tre månader, og dette kravet haldt vi med god margin: I 2008 behandla vi 97 prosent av klagene innan tre månader, og vi behandla 88 prosent av klagene innan to månader etter at vi mottok klagen. Meir informasjon fins i sosialklagerapporten frå Fylkesmannen i Hordaland til Helsetilsynet.

## 73.2 Arbeids- og velferdsforvaltningen og sosiale tenester – formidlingstiltak og kompetanseutvikling

Fylkesmannen, KS Hordaland, NAV-fylke og Bergen kommune har i fellesskap utarbeida eit program for kompetanseutvikling for NAV-kontora og for tilsette i sosialtenesta og NAV-stat som skal bli NAV-kontor i 2008 og 2009. Programmet tek opp i seg 38 ulike kompetansetiltak som vert tilbydd målgruppa. I samband med utarbeidinga av programmet var nokon leiarar frå kommunane og NAV-kontora inviterte til å gi innspel til om tiltaka er i samsvar med det som er etterspurd ute i kontora. Tilbakemeldinga er at tiltaka treff godt, men at det er mykje som vert tilbydd. Programmet er likevel eit tilbod for kontora, og det vil vera den einskilde leiar, ut frå kontoret sine kompetansebehov, som avgjer om kontoret vil melda på deltakarar. Programmet vart sendt ut til kontora medio februar, og på dette viset fekk lokale leiarar tidleg på året ei god oversikt over kva opplæringstiltak som ville bli invitert til i løpet av året. Fleire av tiltaka er laga i samarbeid med ein eller fleire av samarbeidspartnarane, og nokon av tiltaka vert kjørt via einskilde av samarbeidspartnarane. Arbeidet med ein felles plan for kompetansetiltak frå dei nemnde samarbeidspartnarane vil bli vidareført i 2009. Frå Fylkesmannen si side er kompetansetiltak knytt til resultatområde 73.2, 73.3, 73.4, 74.1 og 88.2 teke inn i programmet.

Det er etablert fire nye nettverk i 2008 knytt til arbeidet med kvalifiseringsprogrammet.(KVP) Nettverka er sett i saman geografisk, og det er nøkkelpersonell som arbeider med KVP som deltek i nettverka. Nettverka har vore i gang eit halvt år, og det har vore to – tre samlingar i nettverka i 2008. Nettverka vil bli vidareført i 2009 og ved fullt års drift er det lagt opp til fire samlingar per år. Forutan å etablere desse nye nettverka har det vore løyvd midlar til oppretthalding av fagelge fora som vart etablert under handlingsplanen ”Kunnskap og brubygging”. Etterkvart som alle kommunar får etablert NAV-kontor reknar vi med at fagelge fora etterkvart vil bli erstatta av nye nettverk, t.d. det som no er etablert knytt til KVP.

På rusområdet har det vore gjennomført fire satsingar lagt opp som prosessgrupper på tema knytt til m.a. legemiddellassistert rehabilitering og rus og psykiske lidningar. Gruppene har møtt over tre samlingar, der det er omlag seks veker mellom kvar samling. Det har vore prosesseleiarar som har følgd og leia arbeidet i gruppene, og det har vore trekt inn eksterne innleiarar i gruppene. Seint på året er det sett i gong eit større utviklingsarbeid knytt til arbeidet med tidlig intervensjon overfor risikoutsette barn. Det vil bli etablert nettverk knytt til dette arbeidet som nyleg er sett i gong i sju kommunar / bydelar.

Likeverdig regional samarbeidsarena(NAV-forum) har vore vidareført og det har vore faste møter kvar andre månad. Møta er lagt til Statens Hus og det er Fylkesmannen som ordnar med møteinnkalling og referat etter møta. Det kan t.d. nemnast at felles kompetanseprogram har vore ei sak som har vore handsama i NAV-forum. Faste saker i NAV-forum er gjensidig informasjonsutveksling, status på etablerings løp i Hordaland, og status på KVP.

Det har vore invitert til leiarsamlingar for å gi status på arbeidet med NAV-reforma og særskilt KVP. I KS sitt møte om kommuneproposisjonen i mai for ordførarar og rådmenn var det sett av tid til å informere om KVP i Hordaland. Representant. frå Rådmannsutvalget i KS, og for ordførarane er også oppnemnd som deltakarar i NAV-forum.

Alle NAV-kontor har fått tilbod om kompetansetiltak knytt til sosialtenestelova. Det har vore gitt omfattande

opplæring, rettleiing og nettverkssamlingar knytt til arbeidet med nytt kap 5a. Vidare har det vore invitert til kompetansetiltak knytt til KIS, bustad sosialt arbeid, økonomisk rådgjeving og knytt til rusområdet. Tiltaka er kome på plass i eit breidt samarbeid med KS, Bergen kommune, og NAV-Hordaland, jf. arbeidet med felles kompetanseprogram.

I samband med rapporteringa frå NAV-kontora knytt til KVP(tertialrapporteringa) vert det gitt tilbakemeldingar på NAV-kontora sine kompetansebehov. Forutan å halde oversikt over kompetansebehov på dette viset, har fylkesmannen sine kompetanseretleiarar som har vore operative ute i NAV-kontora i til saman 200 dagar og som har tett kontakt med NAV-kontora god oversikt over kva som vert etterspurd på kompetansesida.

### 73.3 Kvalifiseringsprogrammet

Fylkesmannen har frikjøpt fem kommunalt tilsette kompetanseretleiarar i ein stillingsbrøk på tilsaman 1,65%. I tillegg har fylkesmannen sin koordinator arbeida 100% på dette området.

Fylkesmannen og kompetanseretleiarane har i fellesskap løyst oppgåvene knytt til implementeringa av KVP, og arbeidet er gjort i samarbeide med NAV-fylke.

I samband med gjennomføringa av arbeidet knytt til kvalifiseringsprogrammet(KVP) har Fylkesmannen utarbeida ein handlingsplan som viser aktiviteten. Av handlingsplanen går følgjande fram om målsetnaden for arbeidet i 2008.

1. Gi alle tilsette i NAV-kontora kunnskap om kvalifiseringsprogrammet.
  2. Gi fagleg rettleiing og oppfølging til tilsette i NAV kontora som skal arbeide løpande med kvalifiseringsprogrammet, slik at disse kan utvikle ferdigheiter og kompetanse til i samarbeid med brukar å få på plass individuelle og tilpassa kvalifiseringsprogram.
- Frå hausten av er det planlagd månadleg rettleiing i etablerte NAV kontor, enten som nettverks samlingar eller individuelt for det enkelte kontor
3. Arbeidsmetoden AI = Appreciative inquiry, er ein filosofi om kva som kjenneteiknar det gode liv i organisasjonar, team og prosjekt. Metoden ligg til grunn for arbeidet med kvalifiseringsprogrammet i Hordaland
  4. Vi skal væreause i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet og det skal leggjast til rette for å spreie glød – glede – og begeistring til tilsette og brukarar i NAV kontora.
  5. Det er et mål at 584 personar i Hordaland deltar i kvalifiseringsprogrammet innan årsskiftet.

Kompetanseretleiarane har vore sers operative ute i NAV-kontora og har til saman vore 200 dagar ute i NAV-kontora. Samtlege NAV-kontor har fått ei grundig innføring i sosialtenestelova sitt nye kap. 5a. Fylkesmannen og NAV-fylke har her inngått eit samarbeid, slik at det er dei kommunale kompetanseretleiarane som gjennomfører modul 2 i samband med etableringa av NAV-kontor. Forutan gjennomføringa av modul 2 opplæringa har kompetanseretleiarane vore ut og gitt rettleiing i dei einskilde kontor, og siste halvår har det vore gjennomført to nettverkssamlingar for alle etablerte NAV-kontor. Det er laga fire nettverk ut frå geografiske tilhøve. Nettverka blir vidareført i 2009 og etter kvart som nye NAV-kontor blir etablert vert ei invitert inn i nettverka. Det er tenkt fire nettverkssamlingar i kvar region per år.

Kvalifiseringsprogrammet er elles gjort kjend for alle kommunar gjennom oppstartssamling 10. des. i 2007, samt gjennom sosial- og NAV-leiar samling i okt. 2008. Året igjennom lagar Fylkesmannen ulike nettoppslag knytt til KVP, og gir informasjon om føringar og status på arbeidet også på denne måten. Forutan modulopplæringa, rettleiing og nettverkssamlingar har fylkesmannen i løpet av året invitert til tre store dagsseminar knytt til arbeidet med KVP. Det har møtt om lag 100 deltakarar på samtlege av desse samlingane, dvs. KIS samling i mai, samling om individuell plan i september, samt erfarings dag for arbeidet med KVP i Hordaland i oktober. I oktober har det også vore leiarsamling for sosial og NAV-leiarar, der ein dag var avsett til arbeidet med KVP.

Dei fem kommunale rettleiarane samt Fylkesmannen sin tilsett på KVP området har delteke på prosessrettleiaropplæring i direktoratet sin regi. Prosessleiaropplæringa har vore sers nyttig, og arbeidsmetoden vert trekt med inn i arbeidet i dei lokale nettverka som no er etablert. I november fekk 40 tilsette som arbeidar med KVP i Bergen kommune opplæring i anerkjennande prosessrettleiing, og i februar 2009 får resten av kommunane ei tilsvarande opplæring.

### 73.4 Gjeldsrådgivning

Økonomisk rådgjeving var også i 2008 eit satsingsområde frå Sosial- og helsedirektoratet, og etter overføring av ansvaret, Arbeids- og velferdsdirektoratet si side. Fylkesmannen i Hordaland er eit av tre embete som fekk tilført stillingsressursar for å stø dei andre fylkesmannsembeta med kompetansehevande tiltak og generell rettleiing. Fylkesmannen i Hordaland har regionsansvar for Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest-Agder og Aust Agder.

Som regionsansvarleg var Fylkesmannen med å utarbeide og setje i verk oppfølgingsplan for økonomisk rådgjeving i kommunane. Fylkesmannen deltok i fleire møter i Operativ arbeidsgruppe for økonomisk rådgjeving (OAØ) og ei eiga kompetansegruppe i regi av Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Det vart arrangert oppfølgingskurs i Hordaland første halvår. I haustsemesteret vart det arrangert dagskurs for nyttilsette i Bergen kommune der også tilsette i NAV/sosialtenester utanfor Bergen kommune vart invitert til å delta. Det var planlagt å halde eit vidaregåande kurs for økonomiske rådgjevarar i fylket i haustsemesteret, men kurset ble av praktiske årsaker flytta til februar 2009. Det er etablert eit samarbeidsforum for økonomiske rådgjevarar i fylket. Samarbeidsforumet hadde 5 samlingar i meldingsåret. I tillegg vart det i løpet av 2008 etablert eit lokalt samarbeidsforum for økonomirådgjevarar i Hardangerregionen. Dette samarbeidsforumet hadde to samlingar i løpet av meldingsåret.

Regionansvarleg var førelesar på fire grunnkurs og eit vidaregåande kurs utanfor Hordaland. I tillegg stø regionansvarleg fylkesmannsembeta i Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Møre og Romsdal, Buskerud og Oslo som forelesar på oppfølgingskurs til det vidaregåande kurset. Fylkesmannen var medarrangør på den nasjonale konferansen "Penger til besvær", som i 2008 vart lagt til Stavanger. Kursverksemd og andre kompetansefremmande tiltak er halde i samsvar med dei rammer som er utarbeidd i OAØ og etter dei behov som er meldt inn i frå fylkesmennene i regionen og kommunane i Hordaland.

Det vart nytt i overkant av ei stilling på ressursområdet. Det vil ikkje vere unaturlig å auke ressursbruken ved fortsett opptrapping av arbeidet med økonomisk rådgjeving i 2009.

## **73.5 Kartlegging av funksjons- og arbeidsevne**

## **Resultatområde 74 Levekår**

### **74.1 Handlingsplan mot fattigdom**

Fagdokumentet "Muligheter og mot" blei presentert på ei KIS-samling i mai månad. Det var om lag 100 deltakarar på samlinga og alle som deltok fekk sitt eige eksemplar av arbeidsboka som direktoratet har utarbeida. 23 kommunar deltok på konferansen og Bergen var representert frå sju av bydelane. I etterkant av konferansen blei presentasjonane som blei lagt frem og link til arbeidsboka lagt på Fylkesmannen sin nettsid.

Fylkesmannen har gjennom året gjennomført tre planleggingsmøte med Husbanken knytt til det bustadsosiale arbeidet. Fylkesmannen har vektlagt å få til ei samordning om felles handlingar og aktivitetar saman med Husbanken. Vi har samarbeida om å etablere bustadsosialkonferanse i juni, der det deltok om lag 100 personar representert frå 15 kommunar, og derimellom frå samtlege åtte bydelar i Bergen. Vidare har vi samarbeida kring å avklare vidare strategisk arbeid i det bustadsosiale arbeidet. Vi har funne å vidareføre dei strategiske måla frå førre programperiode, men med noko mindre fokus på det første målet (reduksjon av utkastingar). På seminar med kommunane har vi halde fokus på ungdom som blir skrivne ut frå barnevern institusjonar. Dette er personar i sårbare situasjonar der det er viktig å sikre bustad for den einskilde.

Til saman 20 av dei 33 kommunane i Hordaland har no laga seg bustadpolitiske handlingsplanar. Fylkesmannen i Hordaland tildelte 5 240 000 kr til sju bustadsosiale prosjekt i fire kommunar. Tilskota er slik fordelt på kommunar:

| Kommune    | Tilskot<br>2008 |
|------------|-----------------|
| Bergen     | 2 570 000 kr    |
| Os         | 930 000 kr      |
| Askøy      | 930 000 kr      |
| Kvinnherad | 810 000 kr      |
| I alt      | 5 240 000 kr    |

Bergen har fått tilskot til fire bustadsosiale prosjekt, medan dei tre andre kommunane har eitt prosjekt kvar.

Også i 2008 var det ein føresetnad at løyvingane vart nytta til løn for prosjektmedarbeidarar i kommunane. Føremålet med innsatsen/prosjekta er å hjelpa personar som ikkje på eiga hand meistrar så godt å bu i eige husvære. Dei fleste som får nytte av tiltaket er personar med rusproblem, ofte i kombinasjon med psykisk lidning.

Fylkesmannen løyvde 3,8 million kr til bustadsosiale prosjekt i Hordaland i 2007, slik at løyvingane til dette føremålet auka monaleg i vårt fylke i 2008.

Dei fire kommunane som mottok tilskot i 2008 skal senda egne rapportar om m.a.

- årsverk som er etablert i kommunane som resultat av tilskotsordninga
- kor mange personar som får oppfølging i bustad
- kor mange av dei som får oppfølging som har rett til individuell plan, som har fått utarbeidd slik plan, og kor mange som har vedtak på dei tenestene kommunen gjev

Kommunane sin rapportfrist er seinare enn fylkesmannen sin. Vi kjem attende i ei eiga sak til det som kjem fram i kommunane si rapportering.

## Resultatområde 78 Innvandring og integrering

### 78.1 Statsborgersaker

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførde to seremoniar for nye norske statsborgarar i 2008. Begge vart haldt i Håkonshallen i Bergen.

På den første seremonien i juni 2008 var prosentvis påmelding/deltaking 23,24 %. For seremonien om hausten var talet 27,5 %. Gjennomsnittet er 25.37 (oppgitt på førre side) er gjennomsnitt av dei to seremoniane, men ikkje gjennomsnitt for talet på påmeldte for begge seremoniane.

Slik sett er Hordaland over gjennomsnittet for landet, til tross for at vi er "store" med dei konsekvensar det har for avstand mellom målgruppa og embetet.

Svak deltaking nasjonalt på seremoniane i 2007 blei forsøkt løyst i 2008 ved å heve kravet i embetsoppdraget til 40%. Fylkesmannen i Hordaland har som det går fram ikkje klart dette. Endra krav i embetsoppdraget for 2009, samt bestilt forskningsrapport, er velkommen.

#### Statsborgerseremonier

| Embeter    | Antall seremonier | Prosent nye statsborgere som har deltatt |
|------------|-------------------|--|
| FMHO       | 2                 | 25,37                                    |
| <b>Sum</b> | <b>2</b>          |  |

### 78.2 Bosetting av flyktninger

Fylkesmannen har der det har vært behov informert kommunane om Husbankens ordningar for boligar til nye flyktningar, og ved utgongen av 2007 var desse, og andre verkemiddel i regi Husbanken, ein del av programmet på den årlege konferansen med samtlege ordførerar og rådmenn i fylket. Slik fikk kommunane naudsam informasjon i forkant av året 2008.

Ved tilsvarande konferanse i 2008 blei det haldt innlegg frå direktørane frå hhv UDI og IMDI om flyktningar, busetting og integrering.

### **78.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere(introduksjonsloven)**

Det vart handsama ein klage, og denne fekk ikkje medhald. Saka gjaldt opplæring etter sekundær busetjing. Klagar fekk opplæring, men opplæringa vart broten etter eiga ønske.

### **78.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere**

Det er eiga rapportering på tilskota og det er gjort.

Riksrevisjonen har hatt tilsyn med IMDI om Tilskudd til opplæring i Norsk med samfunnskunnskap. I den samahengen var Riksrevisjonen mellom anna på vitjing til Fylkesmannen i Hordaland. Denne ordninga har eit eige resultattilskot. Under tilsynet tok Utdanningsavdelinga opp om det skal leggjast opp til eige vurdering av resultat ut over kravet frå IMDI. Riksrevisjonen tok også opp spørsmål om kva status dette tilskotet hadde i høve til reglane i økonomireglementet ( øyremerka / ramme) I tillegg til eigne vurderingar vart det vist til retningliner frå Kommunaldepartementet i H 11-07

Arbeidet med dette tilskotet har auka frå i fjor

## **Resultatområde 79 konsultasjonsprosedyrer mellom statlige myndigheter og sametinget**

### **Ressursrapportering**

Tilskot til Norsk med samfunnskunnskap blir handsama på Utdanningsavdelinga. Her er det to personar som vert finansiert på eige kapittel

Riksrevisjonen har hatt tilsyn med IMDI om Tilskudd til opplæring i Norsk med samfunnskunnskap. I den samahengen var Riksrevisjonen mellom anna på vitjing til Fylkesmannen i Hordaland. Denne ordninga har eit eige resultattilskot. Under tilsynet tok Utdanningsavdelinga opp om det skal leggjast opp til eige vurdering av resultat ut over kravet frå IMDI. Riksrevisjonen tok også opp spørsmål om kva status dette tilskotet hadde i høve til reglane i økonomireglementet ( øyremerka / ramme) I tillegg til eigne vurderingar vart det vist til retningliner frå Kommunaldepartementet i H 11-07

Rapportering ressurs område 73 - sosialtjeneste:

Ved at det i oppdragsbeskriveslen er vist til samtlige kilder for alle kapitler i sosialtjenesteloven er det uklart om her også skal rapporteres for ressurs under loven kap 4 a. Det har vi ikke gjort her, men under res.område 86, da dette feltet er spesielt omtalt der. Forholdet bør oppklares for framtiden.

| Resultatområde    | FMHO                | Sum                 |     |    |
|-------------------|---------------------|---------------------|-----|----|
|                   | <b>1510 Fagdep.</b> | <b>1510 Fagdep.</b> |     |    |
| Resultatområde 73 | 225                 | 225                 | 0   |    |
| Resultatområde 74 | 8                   | 8                   | 0   |    |
| Resultatområde 78 | 5                   | 23                  | 5   | 23 |
| Resultatområde 79 | 0                   | 0                   | 0   | 0  |
| Sum:              | 238                 | 23                  | 238 | 23 |

## **Helse- og omsorgsdepartementet**

## Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering

### 75.1 Habilitering og rehabilitering

Helseavdelinga har kartlagt status i kommunane og rapportert denne til Helsedirektoratet innan fastsett frist.

### 75.2 Barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier

Fylkesmannen har bistått Helsedirektoratet i gjennomføring av opplæringsprogrammet TaKT. I vårt fylke ble opplæringsprogrammet avsluttet i januar 2008. Dette andre og siste opplæringsprogrammet i Hordaland hadde i alt deltak 46 deltagere fra kommunene i fylket.

### 75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders- og sykehjem

#### Pasienter under femti år på sykehjem

Fylkesmannen i Hordaland har bistått Helsedirektoratet med å kartlegge personer under femti år som bodde fast i aldershjem og i sykehjem per 31.12.2007.

Helsedirektoratet har fått oppgitt fra Statistisk Sentralbyrå at i følge IPLOS-registeret hadde fire kommuner i Hordaland personer under femti år som bodde fast i aldershjem, og fire kommuner i Hordaland personer under femti år som bodde fast i sykehjem per 31.12.2007.

De fire kommunene Lindås, Osterøy, Samnanger og Øygarden skulle i følge IPLOS-registeret ha personer under femti år som bodde fast i aldershjem som er hjemlet i sosialtjenesteloven. Imidlertid har ingen av disse kommunene aldershjem som er hjemlet i sosialtjenesteloven, og Fylkesmannen har fått bekreftet fra de fire kommunene at de rimeligvis heller ikke har beboere under femti år i aldershjem. Fylkesmannen vil tro at årsak til feilregistreringen ligger i innkjøringsproblemer for det nye IPLOS-registeret.

Videre har Helsedirektoratet fått oppgitt fra Statistisk Sentralbyrå at kommunene Bergen, Fitjar, Kvinnherad og Ulv hadde personer under 50 år som per 31.12.2007 bodde fast i sykehjem. Fylkesmannen i Hordaland har vært i kontak med disse kommunene for å få kartlagt de spørsmål Helsedirektoratet stilte i sitt brev av 12.06.2008, og vi har fått følgende svar:

**Bergen** hadde 17 beboere under femti år på sykehjem, hvorav sju hadde tidsavgrenset opphold, og var utskrevet da Bergen besvarte vår henvendelse i juni 2008. Av de resterende hadde åtte fast plass på ungdomspaviljongen ved Midtbygda sykehjem, og de to siste hadde særlig tilrettelagt opphold i sykehjemsavdeling. Direktoratet har fått tilsendt Bergen kommunes redegjørelse.

**Fitjar** kommune opplyste at den ene unge sykehjemsbeboeren de hadde ved årsskiftet 2007/2008, flyttet inn i egen bolig i første halvår 2008, og Fitjar har således ingen unge sykehjemsbeboere lenger.

**Kvinnherad** kommune hadde to unge beboere og **Ulvik** kommune hadde en. De to kommunene har redegjort for disse beboernes situasjon, og har gitt de opplysninger som Helsedirektoratet etterspør. Opplysningene er sendt til direktoratet. Utskriving var ikke aktuelt for disse tre.

## Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling

### 76.1 Samarbeid mellom 1. og 2. linjetjenesten

**Helse Bergen HF** har inngått samarbeidsavtaler innan somatikk og psykiatri med alle kommunane i opptaksområdet. Den overordna samhandlingsavtalen mellom partane er til revisjon. Ei partssamansett gruppe har utarbeidd framlegget som er sendt kommunane med tilråding om å slutte seg til denne. Helseføretaket har praksiskonsulentordning og fleire andre samarbeidsprosjekt med kommunane, mellom anna ei forsterka sjukeheimsavdeling ved Storetveit sykehjem, Bergen kommune. Det er og fleire avtalefesta samarbeidsrutinar mellom føretaket og kommunane.

**Helse Fonna HF** har inngått samarbeidsavtaler innan somatikk med alle kommunane i opptaksområdet. Det er starta eit tilsvarande arbeid i psykisk helsevern.

Dette omfatter hittil Haugesund sjukehus og kommunane Haugesund og Karmøy. Informasjon om samhandling og oversikt over skriftlege avtaler, t.d. inn- og utskriving av pasientar, avviksbehandling og hospitering, ligg på nettsidene til helseføretaket. Helse Fonna har i fleire år hatt praksiskonsulentordning og har slike konsulentar ved tre av sjukehusa. Klinikkk for psykisk helsevern, har vore med i utviklinga av verktøyet "BrukerPlan" og bruker dette i samarbeid med kommunar i opptaksområdet for å få oversikt over rusavhengige og barn av rusavhengige. Informasjon blir brukt til å utvikle tenestetilboda. Klinikken har og sett i verk "Barn- og familieprogrammet" som dreier seg om oppfølging av barn av psykisk sjuke og/eller rusavhengige. Klinikkdirektøren presenterte dette programmet på møte 5. november 2008 for helsepersonell i Hordaland.

## **76.2 Individuell plan**

Helseavdelinga har vidareført tidlegare års arbeid overfor kommunane. Ordningar for å sikre at det blir gjeve informasjon om retten til plan, at det blir utarbeidd planar og ikkje minst at planane blir følgde, har vore tema i møte med kommunar, ved tilsyn og i behandling av enkeltsaker. Ordningane er framleis ikkje gode nok. Det tek langt tid for planar blir utarbeidd og dei blir i varierende grad følgde og evaluerte. Rekruttering og opplæring av koordinatorar er ei kontinuerleg utfordring. Haldningar til individuell plan hos personellet og manglande avklaring av ansvar for koordinering og oppfølging mellom involverte deltenester, har innverknad på bruken av individuelle planar.

## **76.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten**

Helseavdelinga har gjeve informasjon om kvalitetsarbeid, IS 1162 og IS 1502 i fleire møte, kurs, og foredrag/undervisning for leiarar og helsepersonell, og ved undervisning for studentar ved Høgskolen i Bergen. Arbeidet med den nasjonale strategien er integrert i arbeidet med andre handlingsplanar og oppgåver i helseavdelinga. Det er difor ikkje arrangert eigne kurs om nasjonal strategi eller praksisfeltets tilrådingar. I løpet av året har avdelinga halde 29 foredrag der IS 1162, IS 1502 og eller IS 1183 er omtalt. Det er også informert om nettstadane, helsebiblioteket og "ogbedreskaldetbli", på nettsida til helseavdelinga. Helsebiblioteket blei dessutan presentert på det årlege møtet for helsepersonell 4. og 5. november. Det var om lag 230 deltakarar kvar dag. Alle som ønskte det, blei viste korleis det er mogeleg å søkje informasjon i Helsebiblioteket og dei kunne ta med IS 1162, IS 1502 og IS 1183.

Fylkesmannen har gjeve tilskot til NKS Olaviken Alderspsykiatriske Sjukehus som gjev opplæring og har etablert og driv fleire nettverk om demensomsorg for kommunane i fylket. Alle kommunane er med i eit eller fleire nettverk som sjukehuset har starta.

Hausten 2008 tok helseavdelinga kontakt med Bergen kommune om oppretting av eit nettverk/forbetningsprosjekt. Dette er under etablering og kjem venteleg i gang våren 2009. Det har og vore arbeid for å etablere eit eige forum for sjukeheimslegar. Vi ventar og at dette kjem i gang våren 2009.

Helseavdelinga har sidan 2004 informert om rettleiaren for implementering av internkontroll i eigne møte og i møte om ulike faglege tema, og han blir alltid nytta ved tilsyn og i oppfølging av tilsyn

## **76.5 Felles digitalt nødnett**

Det er tidlegare informert om planane for innføring av felles digitalt naudnett i møte for kommunane. Det blei ikkje gjennomført andre konkrete tiltak på dette området i dette fylket i 2008.

## **Resultatområde 77 Andre oppdrag**

### **77.1 Helsemessig og sosial beredskap**

Helseavdelinga har saman med beredskapseiinga oversikt over kommunane og helseføretaka sine planar for beredskap medrekna smittevernplanar. Vi har oppdaterte oversikt over kommuneoverlege og smittevernlegar. I 2008 har vi arrangert fleire møte om beredskap for og med kommunane. Krisekommunikasjon og informasjonsberedskap var etterspurd av kommunane og difor eit vektlagt tema i 2008. Vi gjennomførte to kurs, kvart over tre dagar i oktober. Ei beredskapssamling hadde følgjande tema: Atomberedskap herunder plan for distribusjon av jod, oppstart av revisjon av ROS-analyse for fylket, opplæring om NARRE, og beredskap var tema på samling for kommunelegar i mai. Det har vore to møte i fylkesberedskapsrådet og eit i atomberedskapsrådet.



Arbeidet med revisjon av fylkes-ROS er starta. Arbeidet er organisert som prosjekt. Helseavdelinga deltek i styringsgruppa og i fleire av arbeidsgruppene, mellom anna om smittevern og epidemiar. Lokal redningssentral har vore innkalla ein gong i 2008 i samband med tilsyn frå Hovudredningssentralen.

Helseavdelinga og fylkeslegen har vore nytta i ulike samanhengar i arbeidet etter Vest Tank ulukka. Vi har vore aktive i førebuing og i gjennomføring av helseundersøkinga som no pågår i regi av Haukeland Universitetssjukehus og vi er i styringsgruppa for denne.

Det blei og gjennomført ei beredskapsøving: Øving Hordaland 2008. Sjølv om denne ikkje hadde helse som hovudtema var vi involverte både i førebuinga og gjennomføringa.

## 77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var 11 dagar

### Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

| Embeter    | Antall saker | Gjennomsnittelig saksbehandlingstid |
|------------|--------------|-------------------------------------|
| FMHO       | 7            | 11                                  |
| <b>Sum</b> | <b>7</b>     |                                     |

## 77.3 Særfradrag

Det er i alt behandla 107 saker. Av desse er det 84 saker om særfradrag. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 39 dagar. I tillegg til har vi behandla 23 klagesaker. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var 27 dagar.

### Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

| Embeter    | Antall saker | Gjennomsnittelig saksbehandlingstid |
|------------|--------------|-------------------------------------|
| FMHO       | 107          | 36                                  |
| <b>Sum</b> | <b>107</b>   |                                     |

## 77.4 Førerkortsaker

Dei 1291 sakene som det blei treft vedtak i, fordelte seg slik:

|                                      |     |
|--------------------------------------|-----|
| Dispensasjonssaker -                 | 604 |
| Tilråding om inndraging -            | 507 |
| Råd/rettleiing -                     | 68  |
| Melding om bruk av optisk korreksjon | 43  |
| Retur av saker/andre -               | 69  |

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dispensasjonssaker der motteken søknad var tilstrekkeleg opplyst, var 16,4 dagar. I saker det var nødvendig å innhente tilleggsopplysningar var gjennomsnittleg saksbehandlingstid 29, 6 dagar.

### Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

| Embeter    | Antall saker | Gjennomsnittelig saksbehandlingstid |
|------------|--------------|-------------------------------------|
| FMHO       | 1291         |                                     |
| <b>Sum</b> | <b>1291</b>  |                                     |

## 77.5 Pasientjournaler

### Pasientjournaler. Antall saker.

| Embeter    | Antall   |
|------------|----------|
| FMHO       | 1        |
| <b>Sum</b> | <b>1</b> |

## 77.6 Rett til trygderefusjon

## 77.7 Helse- og sosialmelding

## 77.8 Rettssikkerhet ved ytelse av helsehjelp med hjemmel i Pasientrettighetsloven kap. 4A

# Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

## 83.1 Folkehelsearbeid generelt

1. Kartlegging av bruken av kommunehelseprofilar i kommuneplanlegginga i Hordaland.

Statistikkverktøyet er gjort kjent på kurs og konferansar, i brev og på fylkesmannen sin nettstad. Verktøyet blir omtalt i alle uttalar til planprogram og demonstrert i møte med kommunar som er inne i planprosessar.

Kartlegginga blei gjennomført ved e-post til planansvarleg og kommunelege 1. Vi bad om eitt svar frå kvar kommune.

Svarprosent: 51% (17 av 33 kommunar)

Tal på kommunar som nyttar statistikkverktøyet kommunehelseprofilar i planlegginga: 7 kommunar\*

\*Alle desse kommunane nyttar i tillegg statistikk frå andre kjelder

Kommunar som berre nyttar andre statistikkjelder - 2

Kommunar som ikkje nyttar helsestatistikk i kommuneplanlegginga - 8

To kommunar skriv at dei vil ta statistikkverktøyet i bruk

Andre statistikk-kjelder som kommunane oppgir at dei brukar: SSB, MSIS, Agresso, KOSTRA, IPLOS, eigeninitierte kartleggingar m.m.

Vurdering: Kommunane som har svart og som opplyser at dei nyttar kommunehelseprofilar, representerer langt over halvparten av innbyggjartalet i fylket (Askøy, Bergen, Kvam, Odda, Stord, Vaksdal, Voss). Svært små kommunar, som Hordaland har fleire av, vil truleg oppleve å ha mindre nytte av verktøyet.

Vurdering av folkehelse- og tilgjengeperspektivet i planprogram og planar som er på høyring

Folkehelse- og tilgjengeperspektivet er vurdert i 10 planprogram og i to arealplanar som Fylkesmannen har gitt høyringsfråsegn til. Totalt hadde fylkesmannen 25 planprogram/ kommuneplanar til vurdering i 2008

Folkehelse- og tilgjengeperspektivet er dessutan med i alle uttalar til reguleringsplanar, i alt hadde Fylkesmannen 597 reguleringsplanar til behandling i 2008.

Folkehelse- og tilgjengeperspektivet blir tatt med i alle planar der dette er relevant. Tema som oftast blir tatt opp og påpeikte er sosiale helseskilnader, tilgjenge for alle, og tilrettelegging av areal til barn.

### Folkehelsearbeid

| Embeter    | Antall saker | Gjennomsnittelig saksbehandlingstid |
|------------|--------------|-------------------------------------|
| FMHO       |              |                                     |
| <b>Sum</b> | <b>0</b>     |                                     |

## 83.2 Miljørettet helsevern

9 klagesaker vart handsama. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var om lag 11 veker. Lang sakshandsamingstid skuldast trong for å hente inn tilleggsinformasjon og synfaringer i fleire av sakene.

### **83.3 Ernæring, fysisk aktivitet og tobakk**

I overgangen desember 2008 januar 2009 gjennomførte Fylkesmannen ei elektronisk kartlegging i grunnskulen i Hordaland. 164 av 320 skular svara, og her er resultatet:

#### **1. Fysisk aktivitet**

Hovudmål 1 i Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005 – 2009 er å ”øke andelen barn og ungdom som er moderat fysisk aktive i minst 60 minutter hver dag”. 52 av 164 skular svarar at elevane får 60 minutt fysisk aktivitet om dagen på skulen, 85 svarar nei til dette og 25 veit ikkje.

#### **2. Frukt og grønt**

Gratis frukt og grønt for alle elevar er eit viktig verkemiddel for betre folkehelse og sosial utjamning. Norske barn er blant dei som et minst frukt og grønt i Europa. Regjeringa innførte difor gratis skulefrukt for alle skular med ungdomssteg hausten 2007. Tiltaket vart mellom anna gjort for å minske forskjellane i kosthald som følge av abonnementsordninga som hadde eksistert sidan byrjinga på nittitalet. Staten løyvde midlane og skuleeigarane fekk ansvaret for den praktiske gjennomføringa av tiltaket.

Ved utgangen av 2008 kunne 134 av 164 grunnskular i Hordaland tilby elevane dagleg frukt og grønnsaker. 28 skular seier at dei ikkje har slik ordning, og to veit ikkje.

Alle dei 62 skulane med ungdomssteg som svara, hadde dagleg frukt og grønt-tilbod. 25 av 103 reine barneskular hadde og dagleg tilbod om frukt, truleg abonnement.

#### **3. Tobakk**

55 % av ungdomsskuleklassane i Hordaland deltek i FRI-programmet skuleåret 2008-2009. Dette er likt med landsgjennomsnittet. (Desse tala har vi fått frå Helsedirektoratet.)

Av dei skulane som svara på vårt kartlegging, hadde over 60 % ein eller fleire FRI- klassar. Det var litt færre åttandeklassar enn niande- og tiandeklassar med på programmet.

Vi viser elles til rapport frå Partnerskap for folkehelse i Hordaland.

### **83.4 Forebygging av osteoporose og osteoporotiske brudd**

### **83.5 Forebygging av uønsket svangerskap og abort**

Etter avtale med Helsedirektoratet vart det kompetansehevande kurset i Hordaland utsett til 2009. Årsaka var at direktoratet hadde litt lite pengar. Vi reknar med å få midlar til å gjennomføre seminaret i 2009.

### **83.6 Smittevern**

Helseavdelinga har ikkje arrangert smittevernkonferanse i 2008. Kontoret følgjer med på og har oversikt over kommunane sitt arbeid med smittevernplanar. 30 kommunar har oppdaterte planar, to har planen under revisjon og ein kommune har for gamal smittevernplan men har godkjent pandemiplan og tuberkulosekontrollprogram. Oppdatert oversikt med kontaktinformasjon til smittevernlegane ligg lett tilgjengeleg på Fylkesmannen sin nettstad. Smittevern vil vere tema i fleire møte i 2009.

Svært få i helsetenesta melder frå til Fylkesmannen i Hordaland om allmennfarleg smittsam sjukdom (jf. MSIS-forskriften). Det er ikkje behandla saker på dette feltet i 2008.

## **Resultatområde 84 Primærhelsetjeneste**

## 84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Helseavdelinga har hatt eit særskilt møte for kommunelegar over to dagar. Tema på møtet var samarbeid mellom kommunane og helseføretaka, skulehelseteneste og helsestasjonar for ungdom, utfordringar i helsefremjande og førebyggjande arbeid, legevaktsmedisin, kommunelegefunksjonen og kommunal planlegging.

Eit anna møte, berre for eit utval legar, er det årlege seminaret for turnusrettleiarar. I tillegg til rettleiingsfunksjonen, er tema oppgåver i kommunehelsetenesta som er særleg relevante for turnuslegar. Haustmøtet går over to dagar og tek opp ulike samfunnsmedisinske tema som gjeld både kommune- og spesialisthelsetenester. Rus og psykiatri var sentrale tema på møtet i 2008.

I tillegg har helseavdelinga arrangert fleire møte for kommunane der kommunelegar var ei av målgruppene. Det gjeld til dømes samlingar om beredskap, fleire møte om Opptappingsplanen for psykisk helse, folkehelsekonferanse, ernæring til eldre og tre møte med kommunar om dokumentasjon/journalføring. I samband med opplæring om nytt kapittel 4A i Lov om pasientrettigheter arrangerte vi 10 heildags seminar i fylket. Kommunelegar deltok på fleire av desse.

Det har ikkje vore eigne møte med lokale samarbeidsutval. Vi har stilt oss til disposisjon og meldt ønskje om å ha innlegg i slike møte, men oppmodinga blei ikkje etterkomen i 2008.

Helseavdelinga har tett kontakt og følgjer med kommunane på fleire måtar. Vi fører tilsyn, gjennomgår statistikk, oppsummerer kunnskap og utfører risikovurderingar minst to gonger i året. Kartleggingar blir gjennomført når vi meiner det er nødvendig. I 2008 oppsummerte vi kartlegging av skulehelseteneste i ungdomsskular og vidaregåande skular, og godkjenning av og tilsyn med miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Det er få ledige legestillingar i kommunane. Vi har aldri fått søknader om dispensasjon, men det er også få søknader om å opprette nye stillingar. Det er framleis sett av for lite tid til offentlege legeoppgåver og kommunane nyttar i for liten grad kommuneoverlegane som faglege rådgjvarar. Kommunane nyttar seg ikkje fullt ut av dei timane til offentlig legearbeid som ligg i fastlegeavtalane. Undersøkingane våre har vist at det er lite tid til å utføre dei oppgåvene som er venta både i skulehelsetenesta og på helsestasjonar.

Vi har oversikt over legetid på sjukeheimar. Det er svært stor variasjon i korleis legetenesta i sjukeheimane fungerer, tid som er avsett og kva oppgåver legane deltek i. Oppdraget om å vedta lokal norm, har ført til meir legetid i sjukeheimane. Vår vurdering er at legane framleis er for lite inne i mange oppgåver som lege skal utføre og eller medverke i. Det dreier seg om direkte pasientretta arbeid, tilgjenge, undervisning/opplæring, utvikling av praksis og skriftleg dokumentasjon, til dømes infeksjonskontrollprogram og systematisk oppfølging av den faglege verksemda i sjukeheimane.

Ernæring hos eldre er eit anna område vi har hatt fokus på. Dette er eit område der kompetansen ikkje er god nok. Vi samarbeider med Løvåsen undervisningssykehjem om vidare oppfølging i 2009.

Det har vore eige møte om røykeavvenning og dette har dessutan vore tema i folkehelsekonferansar. Retningslinene skal vere kjende.

## 84.2 Turnustjeneste

## 84.3 Lov om helsetjenesten i kommunene, klager og godkjenninger

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var 56 dagar.

Lov om helsetjenesten i kommunene med tilhørende forskrifter. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

| Embeter    | Antall saker | Gjennomsnittlig saksbehandlingstid |
|------------|--------------|------------------------------------|
| FMHO       | 14           | 56                                 |
| <b>Sum</b> | <b>14</b>    |                                    |

## 84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Bergen kommune har ansvaret for fengselshelsetenesta i Bergen fengsel. Kommunen har avtale med Helse Bergen.

Fylkesmannen har ofte og jamleg kontakt med helsetenesta i fengselet og innsette som tek kontakt. Dette dreier seg om ulike forhold som for eksempel pasientrettar, forskrivning av legemiddel, behandlingstilbod, og samarbeid med kommunar og fastleger om utskriving.

Helseavdelinga har spesielt diskutert med fengselshelsetenesta problem som følgjer av at fastlegar til dei innsette ikkje får godtgjort medgått tid til å planlegge utskrivinga av dei innsette. Dette har vi tatt opp i eige brev til HOD i haust. Vi har ikkje fått svar på vårt brev enno.

#### **84.5 Helsetjenestetilbud til asylsøkere og flyktningar**

Helseavdelinga/Helsetilsynet i Hordaland tilsynet har tidlegare år gitt informasjon og delteke i møte for å gjere rettleiaren kjend og brukt. Behov for rett og tilstrekkeleg kompetanse i helsetenesta til asylsøklarar og flyktningar er understreka. Det er ikkje gjennomført særskilte tiltak på dette området i 2008.

#### **84.6 Helse- og sosialtjenester i et flerkulturelt samfunn**

Dette er rapportert mellom anna under 84.10 kjønnslemlesting. Der tok vi mellom anna opp spørsmål om kultursensitivitet i tenestene og foreldrerettleiing til innvandrarfamiljar.

#### **84.7 Helsetjenestetilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjonar**

32 av 33 kommunar deltek i ordninga med overgrepsmottak.

Den faglege kompetansen ved mottaka er god.

Vi arrangerte konferanse om rettleiaren 12. og 13. februar i samarbeid med Helsedirektoratet med rundt 100 deltakarar frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Alle kommunane som høyrer til Helse Bergen sitt område har avtale med Valdektsmottaket ved Bergen legevakt. 9 av 10 Helse Fonna-kommunar har avtale med Valdektsmottaket ved Haugesund sjukehus. Jondal kommune har ikkje avtale.

Personar som er blitt utsette for vald og overgrep og som høyrer heime i Bergen, får tilbod om psykososial oppfølging ved Livskrisehjelpen ved Bergen legevakt. Personar frå andre kommunar får akutthjelp ved valdektsmottaket og blir tilviste til psykososial oppfølging i heimkommunen. Fylkesmannen vil, i samarbeid med Kompetansesenter for legevaktsmedisin, sjå på behovet for kompetanseheving når det gjeld psykososial oppfølging i 2009.

I tillegg har vi halde innlegg på to konferansar for helse og sosialpersonell om temaet.

#### **84.8 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten**

Helseavdelinga har ikkje kartlagt kva kommunar som har teke imot tilbodet om gratis vitamin D-dropar til spedbarn med innvandrarbakgrunn. Vi har tidlegare år gjennomført fleire møte om retningslinjer for helsestasjons- og skolehelsetenesta. Gjennom kartlegging av helsetenester til ungdom i kommunane i Hordaland i 2008 har vi sett at særleg tre område er viktige å følgje opp med tanke på etterleving av faglege retningslinjer. Det er skulehelseteneste i vidaregåande skule, deltaking frå helsetenesta i helsefremjande arbeid i skulane og kompetanse i skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom. I Bergen er det avtalt samarbeid om kvalitetsnettverk der m.a. skulehelsetenesta skal vere tema.

#### **84.9 Svangerskapsomsorgen**

Det er tidlegare år gjort tiltak for at retningslinjer for svangerskapsomsorg skal vere kjende og implementerte. Vi har ikkje informasjon om anna. Fylkesmannen kjenner ikkje til avvik i jordmordekninga. Vi kjenner til at presset på jordmortenesta i Bergen i periodar er stort, men at bydelane avlastar kvarandre i slike situasjonar. Vi kjenner vidare til at kommunar i nedslagsområdet til Voss sjukehus har gjort avtale med sjukehuset om å kjøpe jordmortimar til svangerskapsomsorga. Etter Fylkesmannen si vurdering vil mindre kommunar på denne måten får eit meir stabilt

jordmortilbod.

## 84.10 Kjønnsløstelse

Fylkesmannen tok kontakt med BUFeat, det regionale ressursenteret om vald, traumatisk stress og sjølvmoedsførebygging og Bergen kommune straks vi hadde fått oppdraget i sommar. Saman arrangerte vi to dagars samling om helseskadelege tradisjonar (kjønnsløsting og tvangsekteskap) for helse- og sosialpersonell og tilsette i skule og barnehage 20. og 21. november i Bergen med om lag 90 deltakarar. Her presenterte vi først og fremst handlingsplanar og rettleiarar, men også tilbodet om helsehjelp til omskorne på Kvineklinikken i Bergen vart grundig presentert.

Vi fekk ikkje inn søknader om tiltak i helsestasjon og skulehelseteneste. Vi søkte difor Helsedirektoratet om å få omdisponere midlar til tiltak direkte retta mot dei miljøa kjønnsløsting er tradisjon.

## 84.11 Tannhelse

Fylkestannlegen deltok i planlegging og gjennomføring av konferansen om nye retningslinjer for mat og måltid i barnehagen 12. november. Tannhelse var og tema på konferansen som hadde omlag 100 deltakarar. Fylkestannlegen er sentral i partnerskap for folkehelse som i 2008 mellom anna medverka til at elevane i dei vidaregåande skulane til Hordaland fylkeskommune no har tilgang til kaldt drikkevatn frå vassautomatar.

Alle kommunar er kontakta og oppmoda om å gjennomgå rutinar for tann- og munnstell i heimesjukepleia og sjukeheimane. Dette blir følgd opp vidare i 2009.

## Resultatområde 85 Spesialhelsetjenesten

### 85.1 Abortloven

### 85.2 Sterilisering

### 85.3 Lov om transplantasjon

Det har ikkje vore slike saker i Hordaland i 2008.

### 85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler

I 2008 er det gjeve 359 spesielle og 32 generelle løyve til å rekvirere sentralstimulerande legemiddel. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var ei veke. (5 dagar).

Tillatelser til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

| Embeter    | Antall saker | Gjennomsnittlig saksbehandlingstid |
|------------|--------------|------------------------------------|
| FMHO       | 391          | 5                                  |
| <b>Sum</b> | <b>391</b>   |                                    |

### 85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Det var ingen slike saker i 2008.

**Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

| Embeter    | Antall saker | Gjennomsnittlig saksbehandlingstid |
|------------|--------------|------------------------------------|
| FMHO       | 0            |                                    |
| <b>Sum</b> | <b>0</b>     |                                    |

**85.6 Godkjenning av private sykehus, privat medisinsk laboratorie- og røntgenvirksomhet\***

**85.7 Funksjonsprogram for nye offentlige sykehusbygg**

**Resultatområde 86 Omsorgstjenester**

**86.1 Omsorgsplan 2015**

Arbeidet er organisert som prosjekt med deltakarar frå helse, justis- og forvaltningsavdelinga og kommunal samordningsavdeling. Utdanningsavdelinga er med i rådgjevande gruppe for Kompetanseløftet 2015. Ass. fylkesmann, avdelingsdirektør for justis- og forvaltningsavdelinga og fylkeslegen er styringsgruppe. Det er lagt til rette for og blir samarbeidd med utdanningsinstitusjonar, fagmiljø og KS. Det er kontakt med kommunane i fleire årlege møte og vi bruker nettsida vår til informasjon.

Vi har registrert at fleire kommunar ikkje ønskjer fleire nettverk. Vi søker å informere og samarbeide i forum som alt er oppretta.

På grunn av ei langtidssjukmelding brukte helseavdelinga 22 vekeverk mindre enn planlagt til mellom anna oppgåver innanfor Omsorgsplan 2015 i 2008.

**86.2 Demensplan 2015**

Arbeid på dette området frå tidlegare år blei vidareført i 2008. For 2008 har vi ikkje fått oppdrag som gjeld årleg rapportering på satsingsområda i Demensplan 2015. Forventinga frå statlege styresmakter om at kommunane må revidere planane for helse- og omsorgstenestene og bu seg på framtidige utfordningar, er formidla gjennom heile året. NKS Olaviken har i 10 år no fått tilskot til å bidra med opplæring og drive nettverk for kommunane. Vi held tett kontakt og har hatt møte med Olaviken om dette. Vi har gjennomført tilsyn med sosial- og helsetenester til personar, undersøkt om kommunane har ordningar for å fange opp, setje i verk utgreiing av demens og følgje opp personar med demens i heimetenestene og sjukeheimane. Dette arbeidet må halde fram.

Vi har innhenta informasjon om tilbud i kommunane og påpeikt behov for meir differensiere bu- og aktivitetstilbod til personar med demens. Det er behov for å utvikle fleire tilbod og utvide kapasiteten. Alle bydelane i Bergen (8) og 18 av kommunane har dagtilbod ein eller fleire gonger per veke. Under halvparten av desse tiltaka er særskilt tilrettelagte for demente. Enkelte kommunar svara at dei ved behov kan tilby dagplass ved sjukeheimen.

I samarbeid med Løvåsen undervisningssjukeheimen er det gjennomført fire kurs om ernæring til eldre og med særleg merksemd på kommunikasjon og ernæring til demente.

Ved ti tilsyn med heimetenester og med sjukeheimar har vi undersøkt om verksemdene har tilfredsstillande ordningar for å fange opp personar med mistanke om demens og sørgjer for at pasientane får nødvendig utgreiing og behandling. Samarbeidet mellom heimesjukepleia og fastlegane er ikkje godt nok. Vi har og avdekt at utgreiingsverktøy som Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse har tilrådd, ikkje var kjent og teke i bruk og at helsepersonell i tenestene ikkje hadde fått nødvendig opplæring om demens.

**86.3 Kompetanseløftet 2015**

I 2008 er det delt ut vel 13 millionar til å stimulere og støtte kommunane i arbeidet med opplæring og kompetanseutvikling i helse- og omsorgstenestene. Prioriteringane er gjort i samsvar med tilrådingane frå Sosial- og helsedirektoratet. Det er gjeve tilskot til 29 kommunar. Fagskoleutdanning i psykisk helsearbeid med 15 studieplassar ved Fusa vidaregåande skole starta med sju elevar hausten 2008. Årsak til lågt elevtal er oppgitt å vere svikt i informasjon om utdanninga og for dårleg samarbeid om tilrettelegging og iverksetting av utdanninga.

Fagskoletilbod i eldreomsorg ved Fitjar vidaregåande skole starta med 10 elevar hausten 2008. For dårleg tilrettelegging frå arbeidsgjevar blir oppgitt som ei viktig årsak til at så få byrja. Utdanninga har 20 studieplassar. Det er og kome fram at helsearbeidarfaget framleis er ukjent for mange.

Det er oppretta og halde møte med ei eiga rådgjevande gruppe for arbeid med Kompetanseløftet 2015. Eit planlagt møte for kommunane med informasjon om målsettingar og tiltak, blei av praktiske grunnar utsett til februar 2009.

Talet på årsverk i brukarretta tenester auka frå 11714 i 2006 til 12298 i 2007. Frå 2006 til 2007 var det ein mindre nedgang i andelen årsverk utført av personell utan fagutdanning i brukarretta pleie- og omsorgstenester. På rapporteringstidspunktet har vi ikkje opplysningar om utvikling i 2008.

Fylkesmannen har lagt til grunn at kommunane i Hordaland bør kunne stå for 10% av måltala i Kompetanseløftet. Samanfating av resultatrapportar frå kommunane og planar for gjennomføring av Kompetanseløftet er innsendt tidlegare. To av kommunane rapporterte ikkje resultat for 2007 og planar framover. Innrapporterte plantal er usikre. Somme kommunar tek atterhald i høve til tala dei opplyser om og andre opplyser ikkje om plantal fram i tid. Vi har stilt spørsmål om kommunane har undervurdert behovet for fagleg kompetanse. Fleire har rekrutteringsproblem. I høve til oppgåver innan habilitering og rehabilitering er det låge plantal for vernepleiarar, ergoterapeutar og fysioterapeutar.

## **86.4 Investeringsstilskudd til sykehjem og omsorgsboliger**

Ramma for Omsorgsplan 2015 er 12 000 nye plassar på landsbasis innan 2015. Hordaland har fått tildelt midlar til 1180 av desse. Vi har innhenta opplysningar frå kommunane om planlagde og vedtekne byggjeprojekt fram til 2015. Svara viser at dei har planar om å byggje ut eller utbetre om lag 1800 plassar med heildøgns omsorg. Planane omfattar i overkant av 850 nye omsorgsbustader, 350 nye sjukeheimplassar og utbetring av om lag 550 sjukeheimplassar. Det er hittil gjort politiske vedtak for vel 1000 av desse.

Innan ramma for 2008 har vi gjeve tilråding til Husbanken om tilskot til 60 sjukeheimplassar og 48 omsorgsbustader. Til saman er dette 11 prosjekt i ni av kommunane i fylket. Vi tilrådde å gje avslag på fire søknader. Av samordningsomsyn flytta Husbanken eit av prosjekta, med 10 omsorgsbustader, over til 2009. Dette har ikkje anna enn bokføringsmessige konsekvensar. Når kommunane har planar om å byggje fleire einingar enn kvoten fylket har fått tildelt, er det flerle som vil få avslag dersom ramma ikkje blir endra. Nokre prosjekt i fylket er komne langt i planlegginga.

## **86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten**

Kommunane har fått informasjon og rettleiing på førespurnad. Gjennom effektiviseringsnettverk i regi av KS har det i fleire åre vore merksemd på bruk av kvalitetsindikatorar. Tilsyn med tenestene har avdekt at det framleis er nødvendig å ha fokus på innhald i tenestene, tiltak for å vurdere resultat av tenester som er gjevne og systematisk forbetningsarbeid. Vi har registrert at det er lita interesse for å opprette fleire nettverk og vil i staden ta kontakt og tilby bistand til kommunar som anten ber om rettleiing eller som etter vår vurdering vil ha nytte av eit slikt tilbod.

Alle kommunane har informasjonsmateriell om tenestene. Det er også informasjon tilgjengeleg på nettsidene til kommunane, men det ei anna sak om opplysningsmateriellet er tilfredsstillande tilrettelagt for ulike brukargrupper. I klagesaker har vi informasjon om at brukarar ikkje har fått informasjon og tenester dei skulle hatt (tidlegare). Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering, som skal vere synleg og lett tilgjengeleg, er for lite synleg og dermed heller ikkje tilgjengeleg nok for brukarane. Dette er påpeika overfor kommunane og blir følgd opp vidare frå vår side. Tilsyn har vist at samhandlinga mellom kommunale deltenester ikkje er tilfredsstillande

## **86.6 Legetjenester i sykehjem. Undervisningssykehjem**

Oppdraget frå Helsedirektoratet blei utført innan tidsfristen. Då mangla det heilt opplysningar frå tre kommunar. I 18 kommunar var det politisk eller administrativ avgjerd om legetid ved sjukeheimane. Fleire av dei andre kommunane opplyste at planar for pleie- og omsorgstenestene eller plan for legetenestene i kommunane skulle til politisk behandling i løpet av 2008 og at vedtak om lokal norm for legetenester i sjukeheimane blei gjort i den samanheng. Desse kommunane er bedt om å sende sakutgreiing og vedtak til Fylkesmannen.



Innrapporteringa viste at kommunane ville auke legetenestene med 10 %, om lag fire årsverk. Fylkesmannen meiner at det er behov for meir legetid i sjukeheimane, at fleire kommunar har sett norma for lågt og vil følge opp vidare. I 2009 innhentar vi opplysningar frå dei kommunane som ikkje hadde vedteke lokal norm innan mars 2008 og ventar at talet på nye legeårsverk i sjukeheimane blir noko høgare enn det som blei innrapportert i 2008.

Helseavdelinga deltek i styringsråd for Løvåsen undervisningssykehjem og samarbeidde i 2008 om å betre kompetanse om ernæring til eldre i pleie- og omsorgstenestene. Vi følgde også opp eit prosjekt om tann- og munnstell.

Vi deltok i behandling av søknader om tilskot til lindrande behandling og omsorg ved livets slutt.

## **86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og sosialtjenesten**

Vi har gjennomført to kurs i saksbehandling for tilsette i kommunane. I alt har ein eller fleire tilsette frå 30 av dei 33 kommunane i fylket delteke på desse kursa.

Det er og gjeve rettleiing i samband med behandling av klager og oppfølging etter tilsyn. Det er etter vår vurdering eit konstant behov for rettleiing og opplæring. Om vi legg til grunn behandling av klagesaker etter sosialtenestelova, tyder det på eit større behov for opplæring av kommunale saksbehandlarar som behandlar omsorgssaker enn av dei som behandlar søknader om økonomisk stønad. I 2008 endra Fylkesmannen i Hordaland 14% av dei påklaga vedtaka som galdt økonomisk sosialstønad og 28% av dei påklaga vedtaka som galdt sosiale tenester.

Helsedirektoratet har ikkje bedt om bistand i høve til å skaffe oversikt over status for kommunane si praktisering av regelverket for berekning av eigenandel for heimetenester.

## **86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming**

Fylkesmannen i Hordaland har i 2008 gjeve fortløpande rettleiing til kommunar og enkeltpersonar, men har ikkje gjennomført kurs for kommunane i høve sosialtenestelova kapittel 4A. Sakane etter kapittel 4A har vorte handsama innan 3 månader. For nærare detaljar vert det vist til særskilt rapportering til Statens Helsetilsyn

## **86.10 IPLOS – individbasert pleie- og omsorgsstatistikk**

Vi har innhenta opplysningar frå kommunane om opplæring av personell og bruk av IPLOS. Artikkel med oppsummering av funn blei lagt ut på nettsida vår der vi i løpet av året også har vidareformidla informasjon om IPLOS frå Helsedirektoratet. IPLOS er tema i kurs om saksbehandling, jf. rapportering på resultatkrav 86.7 og registrering er etterspurt i samband med klagesaker som helseavdelinga har fått til behandling. Vi har oversikt over kontaktpersonar i kommunane. Kurs som Helsedirektoratet skulle hatt, blei utsett til 2009. Det medførte at våre planar om møte med kommuneleiing om bruk av IPLOS i lokalt forbetnings- og planarbeid blei utsett. Det er behov for meir opplæring i bruken av verktøyet, både registreringspraksis, vurdering av behov for hjelp og i bruk av data i samband med lokalt utviklings- og planarbeid.

Når det gjeld tryggleik i samband med IPLOS og om kommunane oppfyller meldeplikta til Datatilsynet, har vi spurt Helsedirektoratet om å lage ei eins landsomfattande kartlegging. Direktoratet informerte ultimo oktober 2008 om at det har vore kontakt med Datatilsynet og at vi ville få melding innan utgangen av året. Slik melding er førebels ikkje motteken.

## **Resultatområde 87 Psykisk helse**

### **87.1 Tvungen undersøkelse**

## **87.2 Behandling uten eget samtykke**

## **87.3 Privat forpleining i det psykiske helsevernet**

## **87.4 Godkjenning av institusjoner som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsevern**

## **87.5 Vedtak om overføring**

## **87.6 Forpleining, kontroll og tilsyn med pasienter i det psykiske helsevern**

## **87.7 Opptrappingsplan for psykisk helse**

Midlar frå opptrappingsplanen har gitt mange nye årsverk i kommunehelsetenesta. Ved utgangen av 2007 var det i Hordaland i alt 277 årsverk med bistand i bustad, burettleiing og heimebaserte tenester, omkring 64 årsverk knytte til ulike former for aktivitetstilbod, 28 årsverk i kommunalt tilrettelagde arbeidsplassar eller sysselsetjingstiltak og 53,5 årsverk innan tilrettelagde behandlingstilbod, fagleg rettleiing og leiing. Samla utgjorde dette 422 årsverk. I tillegg kom om lag 12 årsverk til støttekontaktar for vaksne, 131 nye årsverk til arbeidet med barn og unge. I 2008 fekk 75 personar tilskot til å ta tverrfagleg vidareutdanning i psykisk helsearbeid og i psykososialt arbeid for barn og unge. Kompetansen i det psykiske helsearbeidet i kommunane er betre.

Kommunane har utvida den førebyggjande verksemda. Ved utgangen av 2007 finansierte opptrappingsmidlar 69,4 årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta i fylket. I tillegg kom 62,2 årsverk til anna førebyggjande og psykososialt arbeid for barn og unge. Ei kartlegging i 2007 av skulehelsetenester i ungdomsskolane og vidaregåande skole viser likevel at personellgruppene i desse tenestene i stor grad er dei same som før opptrappingsplanen. Det er heller ikkje alle kommunar som har lege i skulehelsetenesta. Ansvarsforhold mellom skolelege og fastlege ikkje alltid avklart og når det i tillegg er manglar ved samarbeidsrutinane mellom skulehelsetenesta og fastlege, kan det medføre at barn med psykiske problem ikkje får den oppfølginga dei treng i tide.

Når det gjeld demografiske forhold har spesielt Bergen og kommunane rundt byen auka i folketal, medan andre har fått redusert befolkning med ei betydeleg eldreforskyving. Kommunar som Askøy og Sotra har ein ung befolkningsprofil med ein stor andel barn og unge. Ei rekkje kommunar har fått eit stadig større innslag av menneske med ein annan etnisk og kulturell bakgrunn enn den typisk norske. Det inneber at befolkninga i fleire kommunar er blitt meir heterogen i løpet av planperioden enn tidlegare. Dette viser igjen i tenestetilbodet og i dei utfordringane kvar enkelt kommune står overfor i arbeidet med psykisk helse framover. Sjølv om planperioden er avslutta skal arbeidet med å forbetre tenestetilbodet, betre samhandlinga mellom brukar og tenesteapparat og dei ulike tenestenivåa halde fram. Det har vore oppstartsproblem i samband med NAV-reforma og det tverretatte samarbeidet. Vi har ikkje opplysningar om i kva grad dette kan ha innverka på tiltak for personar med psykiske lidingar. Vi har kontakt med brukarorganisasjonar i fylket og har sidan 2004 hatt eigne årlege møte med dei, og dei har vore med i fleire tverrfaglege møte og konferansar.

### **Nokre hovudtrekk i planperioden:**

- Mange langtidspasientar har flytta frå sjukehus eller sjukeheim i psykisk helsevern til heimkommunane
- 
- I alt er det bygd om lag 350 nye bustader for målgruppa i Hordaland. Alle bustadane er ikkje ferdige og tekne i bruk. Det er og behov for fleire.
- 
- Det er oppretta ein god del nye arbeidsplassar, ikkje minst i form av særleg tilrettelagt arbeid og varig verna arbeid. Det er utvist stor kreativitet og innsats på dette området

- Nesten alle kommunane har gjort ein innsats for å skaffe ulike former for dagtilbod, samt satsa på kulturtiltak for målgruppene.
- 
- Brukarmedverknad har vore eit viktig satsingsområde. Det er mellom anna etablert fleire nye lokallag av pasient- og interesseorganisasjonar. Mange kommunar har lagt ned mykje arbeid i å betre samhandlinga med brukarane.
- 
- Samarbeidsavtaler og –rutinar mellom kommunale tenester og spesialisthelsetenester er utarbeidde. Dette fungerer likevel ikkje godt nok.

### **Fastlegane si deltaking i arbeidet med barn og unge**

Det har vist seg at ein del fastlegar ikkje tek nok del i arbeidet for barn og unge i ansvarsgrupper, ved utarbeiding av individuell plan og ved tilvisningar. Legane har ei nøkkelrolle slik staten har tenkt seg det, men ofte fungerer ikkje dette etter intensjonen. Årsakene er fleire, mellom anna for lita interesse og reell kompetanse når det gjeld psykiske symptom og lidningar hos barn og unge. Andre gonger kan det vere for stor arbeidsmengde i praksisen, eller aktiv nedprioritering i forhold til andre oppgåver legen er meir oppteken av. Fylkesmannen, Regionsenter for barns psykiske helse og representantar for fastlegane vil i 2009 sjå på tiltak som kan bidra til å betre fastlegane sin kompetanse på psykisk sjukdom hos barn og unge.

### **Barn av psykisk sjuke**

Det er langt igjen til det vert fokusert nok på situasjonen til barn av foreldre med psykisk sjukdom. Dette er ei gruppe som på mange måtar har blitt oversett av hjelpeapparatet. Vi ser no at det er endringar på gang og at det fleire stader blir arbeidd med tiltak for barna. Framover blir det viktig å spreie informasjon om gruppene til dei vaksenpsykiatriske institusjonane og fastlegane, slik at den sjuke vaksne kan få greie på kva for tiltak som finst for barna. Fylkesmannen hadde samarbeidsmøte med bydelane i Bergen og seks kommunar hausten 2008, der det var særleg fokus på barn av psykisk sjuke. Det blei og arrangert eit samarbeidsmøte med brukarorganisasjonane

### **Psykiske lidningar og rus**

Talet på menneske med dobbeltdiagnosar aukar. Her ligg det store utfordringar for kommunane, både internt og i samarbeidet med ulike instansar i spesialisthelsetenesta. Psykiatrien og rusinstitusjonane er ikkje godt nok samkøyrde og ein del pasientar ”fell mellom to stolar”. Tiltak for å betre fagleg kompetanse, og betre kvalitet og kapasitet på tenestene er nødvendig. Det gjeld både dei kommunale tenestene og spesialisthelsetenestene.

## **87.8 Dispensasjon fra forskrift om faglig ansvarlig for vedtak i det psykiske helsevernet**

## **87.9 Godkjenning av psykiatriske poliklinikker**

## **87.10 Gjennomføring av tvungent psykisk helsevern for personer som ikke har bosted i riket**

## **Resultatområde 88 Rusområdet**

### **88.1 Alkoholoven**

### **88.2 Rusmiddelarbeid**

kompetanseutvikling for NAV-kontora og for tilsette i sosialtenesta og NAV-stat som skal bli NAV-kontor i 2008 og 2009. Programmet tek opp i seg 38 ulike kompetansetiltak som vert tilbydd målgruppa fylkesmannen har bidratt til at kunnskaps- og kompetansetiltakene på fagområdet er forankret i kommunenes planar ved at dokumentet om dei 38 ulike kompetansetiltaka blei sendt ut til dei lokale kontora ultimo februar. Fem av tiltaka i programmet er spesifikt knytt til rusoppdraget, og dei er utvikla og gjennomført i saman med Stiftelsen Bergensklinikkane, Kompetansesenteret for rus, samt med Bergen kommune.

Tilsette både i stat og kommune har vore invitert til desse tiltaka. Dei fire tiltaka har vore på hovudtema:

Legemiddelassistert rehabilitering, relasjonskompetanse, og rus og psykiske lidingar. Til saman 200 personar har delteke på desse tiltaka. To av tiltaka har vore over tre dagar, og to har vore over fire dagar.

Knytt til hovudtema nemnd ovanfor har følgjande tema vore oppe på dei ulike fagsamlingane:

Relasjonskompetanse, analyser m.m.. knytt til personar med rusproblem og med psykiske lidingar, teoretiske tilnærmingar og bruk i praksis, kva er endring, samtalen og kommunikasjon, rusmiddelbruk i Noreg, behandlingssprinsipp, kliniske erfaringar med behandlingsmodellar, nytteverdi av utredningsperspektiv, kartlegging av rusmiddelbruken, AD/HD og rus, Tverrfaglig samarbeid, utvikling av personligheitspatologi, personlighet forstyringar/ diagnoser, Ruslidingar og avhengigheit med fokus på avhengigheitens dynamikk. Ungdom med ruslidingar, kva karakteriserer denne gruppa og viktige behandlingssmessige konsekvensar. Kva er god rehabilitering innan legemiddelassistert rehabilitering(LAR)? Kven definerer innhaldet? Ulike problemstillingar. Fastlegen si rolle i LAR-behandling. Somatisk helse, angst og depresjonar, og Bruk av benzodiazepiner i og utenfor LAR.

Det har vore 4-6 veker mellom kvar samling, slik at det har vore rom for lokale prosessar knytt til opplæringsdagane.

Hausten 2007 vart det sett i gong eit samarbeide med fylkesmannen og kompetansesenteret for rus der vi inviterte kommunane til å delta i eit arbeid for å få utarbeida rusmiddelpolitiske handlingsplanar. Det var laga til eit opplegg med fleire dags samlingar, der siste samlinga var i februar 2008. Til saman 9 kommunar følgde dette tiltaket.

Seint på året er det sett i gong eit større utviklingsarbeid knytt til arbeidet med tidlig intervensjon overfor risikoutsette barn. Det vil bli etablert nettverk knytt til dette arbeidet som nyleg er sett i gong i sju kommunar / bydelar. Arbeidet vil fortsetje heile 2009.

Bergen kommune er i tillegg løyvd tilskot til å sette i gong eit kompetanseutviklingsprogram knytt til arbeidet med barn som veks opp med foreldre som misbruker rusmidlar. Det vil bli invitert til fire fagdagar på tema: rusmiddelforståing, lovgrunnlag, den viktige samtalen og tverrfaglig samarbeid.

I september blei det gjennomført fagsamling på tema Individuell Plan med om lag 100 deltakarar hovudsakleg får NAV-kontor og sosialtenesta. Forutan innleiing frå Helsedirektoratet deltok repr. for Ringsaker kommune som viste korleis kommunen har teke arbeidet med individuell plan i bruk knytt til rusklientar.

Ultimo desember vart det gjennomført ein erfarings delings dag frå rusprosjekt som er sett i gong i Hordaland. I tillegg til at prosjekt vart haldt fram orienterte fylkesmannen og kompetansesenteret for rus om sine oppdrag på rusområdet. Det er godt over tjue prosjekt i gong i Hordaland fordelt på dei fire tilskuddsordningane: LAV (lavterskel helse) LAR(legemiddelassistert rehabilitering), KO(koordinerande tillitsperson) og STYRK(styring av de kommunale tenestene). Det er viktig å få spreie erfaringar frå prosjekta, vidare er det viktig at prosjekta kan møtast for å lære av kvarandre. Dette vil det bli arbeida meir med i 2009. I Hordaland er det tre kommunar; Lindås, Stord og Bergen som har fått løyvd tilskot til ordninga med KO.

Utan å ha gjort noko systematisk kartlegging er det eit inntrykk at de fleste kommunane og NAV-kontora har brukarmedverknad på individnivå. På systemnivå kjenner vi til at Bergen kommune har etablert brukarpanel, men manglar kjennskap til korleis dette ser ut på systemnivå for fylket som heilskap. Fylkesmannen manglar oversikt over kor mange brukarar det er som har individuell plan i den einskilde kommune. Kartlegging knytt til kvalifiseringsprogrammet fortel at 1/ 3 av NAV-kontora er kome i gang med individuell plan, og at det er mange av de mindre kontora som er kome kortast i dette arbeidet.

## **Tilskotsforvaltning**

Fylkesmannen betalte i 2008 ut om lag 17,7 millionar kroner til elleve kommunar i Hordaland, som støtte til kommunane si satsing på betre tenester for personar med rusproblem. Dette er midlar som Fylkesmannen fekk overført frå Helsedirektoratet til vidarefordeling til kommunalt rusarbeid i fylket. I tillegg har Helsedirektoratet sjølv ytt om lag 1,4 millionar til to forskjellige prosjekt i vårt fylke.

Vi betalte ut midlane over statsbudsjettet kapittel 0761 post 63. Løyvingane er delt slik på kommune:

|              |                      |
|--------------|----------------------|
| Bergen       | 9 517 894 kr         |
| Stord        | 1 930 000 kr         |
| Os           | 1 460 000 kr         |
| Meland       | 1 139 400 kr         |
| Odda         | 906 000 kr           |
| Askøy        | 746 958 kr           |
| Lindås       | 735 090 kr           |
| Bømlo        | 470 000 kr           |
| Vaksdal      | 470 000 kr           |
| Kvinnherad   | 239 365 kr           |
| Kvam         | 104 910 kr           |
| <b>I alt</b> | <b>17 719 617 kr</b> |

Løyvingane er fordelt slik på tiltak:

| Tiltak   | Løyving              |
|--|----------------------|
| Oppfølgingstenester til personar i legemiddellassistert rehabilitering (Lar)       | 6 375 904 kr         |
| Styrking av heilskaplege oppfølgingstenester til rusmiddelmissbrukarar (Styrk)     | 5 201 013 kr         |
| Lågterskel helsetiltak for rusmiddelmissbrukarar, herunder tannhelsetenester (Lav) | 5 112 700 kr         |
| Forsøk med bruk av tillitspersonar og samordning av psykososialt arbeid (Ktp)      | 1 030 000 kr         |
| <b>Tilskot til kommunale oppfølgingstenester til rusmiddelmissbrukarar i alt</b>   | <b>17 719 617 kr</b> |

I tillegg har som nemnd Helsedirektoratet gitt to løyvingar direkte: Ei på 440 000 kr til eit **styrk**-tiltak i Fjell kommune, og ei på 1 000 000 kr til forsøk med bruk av koordinerande tillitspersonar i Bergen.

## Ressursrapportering

| Resultatområde     | FMHO         |              | Sum |     |
|--------------------|--------------|--------------|-----|-----|
|                    | 1510 Fagdep. | 1510 Fagdep. |     |     |
| Resultatområde 75  | 4            | 0            | 4   | 0   |
| Resultatområde 76  | 23           | 0            | 23  | 0   |
| Resultatområde 77  | 54           | 0            | 54  | 0   |
| 77.4 Førerkortsake | 102          | 0            | 0   | 0   |
| Resultatområde 83  | 50           | 0            | 50  | 0   |
| Resultatområde 84  | 66           | 0            | 66  | 0   |
| Resultatområde 85  | 50           | 0            | 50  | 0   |
| Resultatområde 86  | 41           | 269          | 41  | 269 |
| Resultatområde 87  | 67           | 88           | 67  | 88  |
| Resultatområde 88  | 10           | 68           | 10  | 68  |
| Sum:               | 365          | 425          | 365 | 425 |

## Statens Helsetilsyn

### Resultatområde 81 Tilsyn og klagesaksbehandling etter sosialtjenesteloven

Det vert vist til underpunkt.

#### 81.1 Planlagte tilsyn

rapportert på skjema

#### 81.2 Områdeovervåking

#### 81.3 Klager etter sosialtjenesteloven

## 81.4 Spesielle oppgaver etter sosialtjenesteloven kap. 4A

### 81.5 Andre oppdrag

### 81.6 Hendelsesbasert tilsyn

I 2008 er det etablert egen rutine for håndtering av hendelsesbasert tilsyn. Hendelsesbasert tilsyn er gjennomført i en sak som er registrert avsluttet 17.12.08.

## Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling etter helsetjenestelovgivningen

### 82.1 Hendelsesbasert tilsyn

#### Færre pasientrettsklager

Då pasientrettslova tok til å virke i 2001 var det svært lite klager som gjaldt manglande oppfylling av pasientrettar. Fram mot 2005-2006 tok dette seg opp. Utviklinga etter dette har gått i retning av færre klager. I 2008 fekk vi 66 pasientrettsklager. I 2006 fekk vi 90 klager på pasientrettar. Dette utgjer ein nedgong på om lag 25 %. I 2008 fekk pasientane heilt eller delvis medhald i 10 saker.

Av klagene i 2008 gjeld 32 rett til naudsynt helsehjelp og 18 rett til å få dekt utgifter til sjuketransport. På begge felta er det nedgong i talet på klagesaker. Talet på klager som gjeld manglande tildeling av plass i sjukeheim er til dømes halvert frå 2006. Framleis er det svært få klagar som gjeld manglande individuell plan, retten til samtykke og retten til å få informasjon.

#### Tvangsbehandling

Talet på klager på vedtak om tvungen behandling med legemiddel i psykisk helsevern har blitt gradvis færre dei siste fire åra. I 2005 behandla vi 116 klager og 95 i 2008. To prosent av dei som klaga, fekk medhald frå Fylkesmannen.

#### Tilsynssaker

Helsetilsynet i Hordaland oppretta i 2008 om lag 200 nye tilsynssaker. Vi vurderte totalt 236 saker. Dette er ein liten auke frå tidlegare år. Det blei konstatert brot mot lov og eller forskrift i 32 tilsynssaker. Desse fordeler seg med omtrent 1/3 i spesialisthelsetenesta og 2/3 i kommunehelsetenesta. Ei sak gjaldt tannhelsetenesta. Totalt oversendte vi 22 nye saker til Statens helsetilsyn for vidare oppfølging. Fleirtalet av desse sakene gjeld legeværksemnd.

Statens helsetilsyn trefte i 2008 vedtak om administrativ reaksjon i 11 saker som var oversendt frå Helsetilsynet i Hordaland. Tre saker enda utan reaksjon. To legar, to sjukepleiarar og ein hjelpepleiar mista autorisasjonen. Åtvaring blei gitt til fire legar og ein sosionom. Ein lege mista retten til å rekvirere A- og B-preparat.

I tilsynssaker blir organisering og styring i verksemdene vurdert. Svikt i styringa er påpeikt i fleire tilsynssaker i 2008. Det blir og vurdert om det er grunnlag for mistanke om misbruk av trygdas midlar. Vi hadde ingen slike saker i 2008. Det blir vurdert og vi har sendt over saker der vi meiner det er grunnlag for å melde for brot på straffelova.

I 2008 gjennomførte vi tilsyn med fem verksemdar i Helse Fonna og Helse Bergen der vi undersøkte rekruttering, opplæring og oppfølging av vikarar. Det er også gitt rettleiing og informasjon om arbeidsgjevars ansvar for å sjå til at helsepersonellet har autorisasjon og er skikka til arbeidet. Dette omfattar også informasjon om politiattest for helsepersonell som skal arbeide i tenester der dette er påkravd.

Vi har merksemd på og vurderer om arbeidsgjevar har/ har hatt forsvarlege rammer i høve til arbeidstakarar med

rusproblematikk. Dataverktøyet VeRA er teke i bruk.

## 82.2 Planlagte tilsyn

Helsetilsynet i Hordaland har gjennomført tilsyn med verksemdar og rapportert til Statens helsetilsyn i samsvar med krav i Embetsoppdraget. I 2008 gjennomførte vi 26 tilsyn, 16 med kommunale tenester og 10 med spesialisthelsetenester.

Val av tema og verksemdar er basert på vurderingar av sannsyn for svikt i tenestene og konsekvensar for tenestemottakarane.

Den årlege tilsynsplanen for tilsyn med kommunane er samordna med Justis- og forvaltningsavdelinga, Fylkesmannen i Hordaland.

## 82.3 Områdeovervåking

## 82.4 Klager etter helsetjenestelovgivningen

## 82.5 Andre oppdrag

## Ressursrapportering

| Resultatområde              | FMHO                | Sum                 |
|-----------------------------|---------------------|---------------------|
|                             | <b>1510 Fagdep.</b> | <b>1510 Fagdep.</b> |
| Resultatområde 81           |                     | 0 0                 |
| Resultatområde 81.1 og 81.2 | 75                  | 0 0                 |
| Resultatområde 82           |                     | 0 0                 |
| Resultatområde 82.2 og 82.3 | 539                 | 0 0                 |
| Sum:                        | 0 0                 | 0 0                 |

## Samferdselsdepartementet

### Resultatområde 91 Avkjørselssaker etter vegloven

### Resultatområde 92 Konesjon til anlegg og drift av taubaner

## Ressursrapportering

| Resultatområde          | FMHO                | Sum                 |
|-------------------------|---------------------|---------------------|
|                         | <b>1510 Fagdep.</b> | <b>1510 Fagdep.</b> |
| Resultatområde 91 og 92 | 6                   | 6 0                 |
| Sum:                    | 6 0                 | 6 0                 |

## Utenriksdepartementet

## Resultatområde 93 Apostiller

Fylkesmannen i Hordaland behandla 4 300 apostillar i 2008.

## Resultatområde 94 Forberedelse av saker om honorære konsuler

### Ressursrapportering

| Resultatområde          | FMHO                | Sum                 |
|-------------------------|---------------------|---------------------|
|                         | <b>1510 Fagdep.</b> | <b>1510 Fagdep.</b> |
| Resultatområde 93 og 94 | 15                  | 15 0                |
| Sum:                    | 15 0                | 15 0                |

## Kultur- og kirke departementet

### Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

Fylkesmannen har handsama alle mottekne søknader om statstilskott for trdomssamfunn i 2008.

Det er utbetalt støtte for 9.877 medlemmar i trdomssamfunn med til saman kr. 3.308.795,-.

Vi har oppheva registrering av eit trdomssamfunn etter søknad og registrert 5 nye trdomssamfunn.

Vi har ikkje utført tilsyn hos registrerte trdomssamfunn i Hordaland i 2008.

Vi har rapportert direkte til Kultur- og kyrkjedepartementet i ein eigen årsrapport.

### Resultatområde 96 Gravferdsloven

Fylkesmannen fatta i 2008 67 vedtak etter gravferdslova § 20 andre ledd. Det vart innvilga 52 løyve til oskespreiing. Det er gitt ein del orientering og rettleiing til publikum over telefon.

### Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred

Vi handsama 4 saker i 2008

1 blei innvilga, 3 avslått. Eit avslag blei klaga til departementet som stadfesta vedtaket.

### Ressursrapportering

| Resultatområde          | FMHO                | Sum                 |
|-------------------------|---------------------|---------------------|
|                         | <b>1510 Fagdep.</b> | <b>1510 Fagdep.</b> |
| Resultatområde 95       | 12                  | 12 0                |
| Resultatområde 96 og 97 | 6                   | 6 0                 |
| Sum:                    | 18 0                | 18 0                |

## Fornyings- og administrasjonsdepartementet

### Resultatområde 98 Administrative oppdrag



## 98.1 Rekruttere og beholde medarbeidere

### Innvandrarbakgrunn:

Embetet har som mål å auke talet på tilsette med innvandrarbakgrunn. Pr. 1.1.2008 var det tre personar tilsett og pr. 1.1.2009 var det fire personar tilsett med innvandrarbakgrunn,

I samband med utlysing av ledige stillingar vert alltid personar med minoritetsbakgrunn oppmoda til å søkje. Det viser seg likevel at det er få personar med innvandrarbakgrunn som søker stilling hos oss. Dei som søker vert alltid særskilt vurdert med tanke på intervju. I 2008 har vi hatt ein person med innvandrarbakgrunn innkalla til intervju.

### Oppfølging IA:

Fylkesmannen i Hordaland har eit stabilt lågt sjukefråvær. Sjukefråværsprosenten i 2008 var på 4,3%. Det er eit mål for embetet å fortsette å halde sjukefråværet lågt. Vi arbeider aktivt for å forebygge sjukefråvær og har eit særlig fokus på tiltak som kan hindre/reducere belastningslidingar.

Embetet har i fleire år hatt personar med redusert arbeidsevne tilsett. Fylkesmannen har som mål å oppretthalde denne innsatsen, og har i løpet av 2008 rekruttert og gitt personar med nedsett funksjonsevne arbeidstrening. Det er og eit mål å forebygge at eigne tilsette fell ut av arbeidslivet/ blir uføretrygda. Årleg vert det brukt mange ressursar til ulike tilretteleggingstiltak for å forebygge dette.

Fylkesmannen er oppteken av å legge forholda til rette for at vi skal behalde seniormedarbeidarane våre lengst mogleg. Seniorane representerer ein kompetanse og kontinuitet som vert verdsett, og det er få som vel å gå av før fylte 67 år. Pr. 1.12.2008 var det 32 tilsette over 60 år (17% av dei tilsette). Embetet har 3 tilsette over 67 år. I tillegg har vi fire personar på pensjonistvilkår. Embetet vart i 2007 velgt ut av FAD til å delta i seniorforsøket med redusert arbeidstid for tilsette over 62 år. (8 av våre tilsette deltek i forsøket, fordelt på 5 kvinner og 3 menn.)

Fylkesmannen har i 2008 vore i fleire møte med Arbeidslivsenteret i Hordaland for å diskutere tiltak som kan bidra til å auke statlege verksemder si resultatoppnåing på delmål 2 og 3.

### Tilsatte med innvandrerbakgrunn

| Embete     | Antall 2008 | % 2008   | Antall 2009 | % 2009   |
|------------|-------------|----------|-------------|----------|
| FMHO       | 3           | 1,7      | 4           | 2,3      |
| <b>Sum</b> | <b>3</b>    | <b>0</b> | <b>4</b>    | <b>0</b> |

## 98.2 Kompetanseutvikling

Fylkesmannen i Hordaland har leia Regionalt nettverk Vestlandet. Det har vore avvikla tre konferansar om samarbeid og medbestemmelse i arbeidslivet der leiarar og tillitsvalgte i statlege verksemder i Hordaland og Sogn og Fjordane er invitert til å delta. Formålet har vore å skape tillit og gode samarbeidsrelasjonar mellom partane lokalt, skape felles forståing av avtaleverket, erfaringsutveksling og auke kunnskapen hjå dei sentrale partar om forutsetningane for godt lokalt samarbeid. Utgiftene til konferansane har vore finansiert av HTA 5.6-midlar. I tillegg har einskildpersonar fått individuell kompetanseheving på fagnivå.

### Fordeling menn/kvinner i lederstillinger

| Embete | Kunngjorte lederstillinger | % tilsatte kvinner | % tilsatte menn | % kvinnelige ledere | % mannlige ledere |
|--------|----------------------------|--------------------|-----------------|---------------------|-------------------|
| FMHO   | 3                          | 33                 | 67              | 5                   | 11                |

### Fordeling av kompetansemidler

| Embete | % kompetanse kvinner | % kompetanse menn | % under 50 år | % over 50 år |
|--------|----------------------|-------------------|---------------|--------------|
| FMHO   | 60                   | 40                | 7             | 94           |

## 98.3 Medvirkning

Fylkesmannen er oppteken av å sikre medbestemmelse og medverknad for dei tilsette og organisasjonane deira. Kontakten mellom leiinga og organisasjonane er god og prega av tillit.

Embetet har utarbeida strategiar for å sikre medbestemmelse og medverknad for dei tilsette og organisasjonane deira, retta både mot avdelingsnivå og på embetsnivå.

På embetsnivå handsamast saker som omfattar heile embetet og som er avdelingsoverskridande. Leiinga og organisasjonane avtalar årleg i fellesskap antall faste møter og evt. satsingsområde for komande år. Aktuelle saker i 2008 har vore budsjettsaker, lønns- og rekrutteringsproblematikk og løpande orientering om forvaltningsreforma. Organisasjonane vert informert om ledige stillingar/stillingsannonser via e-post/evt. møter, og har reell medverknad både på stillingsinnhald/kompetansekrav og lønnsalternativ.

På avdelingsnivå vert dei tilsette og organisasjonane informerte om saker som vedkjem eiga avdeling. Når det gjeld forvaltningsreforma har berørte avdelingar i særleg grad blitt løpande orienterte.

I store viktige saker som berører heile embetet vert det arrangert informasjonsmøte/ allmøte for alle tilsette.

I 2008 har embetet aktivt delteke og vore medarrangør for 3 store konferansar retta mot arbeidsgjevarrepresentantar og tillitsvalde i statlege verksemder der tema har vore Hovedavtalen, Hovedtariffavtalen, medbestemmelse og medverknad.

## **98.5 Føringer på IKT-området**

### ***Sikkerheit:***

Det er utarbeida ein ROS for IKT-systema. Denne vart oppdatert seinast hausten 2007. Det er ikkje gjort større endringar i konfigurasjon sidan då. Det vart rapportert status for informasjonssikkerheitsarbeidet til FAD sommaren 2008. Arbeid med ny sikkerheitspolicy for Fylkesmannen er i gang som eit felles prosjekt for embeta, og den blir implementert i 2009.

### ***Lisensiering:***

Alle program som er installert av IKT på maskiner eigd av embetet er lisensierte. Tilkoplingslisensat for eksterne etatar tilkopla vårt nettverk blir kjøpt inn tidleg i 2009 (NILF, 4H og Hageselskapet).

### ***Kart og geodata:***

Fylkesmannen i Hordaland har i 2008 vore ein aktiv pådrivar for bruk av GIS og etablering av gode geodata i fylket. Fylkesmannen leiar arbeidet med Norge Digitalt gjennom fylkesgeodatautvalet, i eit tett samarbeid med Statens Kartverk i Bergen.

I 2008 har det vore eit særleg fokus på å oppretthalde framdrifta i prosjektet "Plan- og Temadata i Hordaland" som starta opp i 2007. Prosjekta har i fyrste omgang retta fokus mot plandata i kommunane, det vil sei kommune- og kommunedelplanar. For tematiske geodata har prosjektet jobba med å etablere ei god oversikt over temadatasett som er mykje nytta som faktagrunnlag i planprosessane. Statens Kartverk har prosjektleiinga for prosjektet som skal gå fram til 2011, finansiert av skjønnsmidlar frå fylkesmannen og regionale utviklingsmidlar frå fylkeskommunen.

Innanfor Geovekst-samarbeidet i Hordaland har vi no oppnådd god dekning av basis geodata og ortofoto. FKB data er etablert med full dekning i Hordaland og alle kommunane er no dekkja av ortofoto og omløpsfotograferinga

Når det gjeld bruk av geodata innanfor Fylkesmannen har embetet fått etablert ein intern innsynsløysing som vil gje ein meir effektiv sakshandsaming med eit meir pålitelig grunnlag for vedtak enn for i arealbaserte saker

## **98.6 FRI (Fylkesmennes regionale informasjonsnett)**

### **98.7 Trippelnett**

### **98.8 Sentral drift av Fri rettshjelp-ordningen**

### **98.9 Drift av ePhorte helpdesk og ePhorte testsenter for fylkesmannsembetene**

## Resultatområde 99 Partistøtteordningen

Det blir lagt ut data på fylkesmannen.no innan 1. mai 2009 av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

### Ressursrapportering

| Resultatområde    | FMHO                | Sum                 |     |
|-------------------|---------------------|---------------------|-----|
|                   | <b>1510 Fagdep.</b> | <b>1510 Fagdep.</b> |     |
| Resultatområde 99 | 2                   | 2                   | 0   |
| Sum:              | 2                   | 0                   | 2 0 |